

FOLK i Ryfylke 1994



Tema: Kvinner i Ryfylke



FOLK 1994 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuséet

Redaktør: Roy Høibo

Utgitt av Ryfylkemuséet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylke

Redaktør: Roy Høibo

Redaksjonsråd: Erik Fossåskaret, Halvdan Magnus Hansen, Njål Tjeltveit, Jorunn Strand Vestbø, Tone Årtun

Utgivar: Ryfylkemuséet

4230 Sand

Telefon 52 79 73 77

Telefax 51 79 78 89

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementprisen for 1994 er kr. 100,- og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuséet og eventuelt lokalt museumslag på heimstaden.
Postgirokonto 0808 5662911
Bankgirokonto 3202.07.01527

Sats, repro, trykk og innbinding:
Allservice a.s., Stavanger

ISBN 82-90271-12-3

Framsida:

Ein av dei viktigaste arbeidsplassane for kvinner i Ryfylke i 1970- og -80-åra var Ulla-Førre-anlegga, der mange fekk arbeid på messer og brakkeriggjar.

Bildet er frå brakkeleiren i Saurdal oppfor Kvilldal i Suldal og det er Reidun Akselsen, Borghild Henden og Karin Kårby som poserer.
Foto: Jostein Granli, Statkraft.





Innhald

- 5 Redaksjonelt
- 8 Skreddarliv
Av Jon Moe
- 14 Misjonskvinner i Ryfylke
Av Berit Helgøy Kloster
- 22 Gustava og Gabriel K. Kielland
Av Gunnar A. Skadberg
- 43 Svulmende av liv og kraft
Erik Fossåskaret
- 46 Rygjabø husmorskule
Av Tor Sveinsborg
- 51 Tenestejenter
Av Njål Tjeltveit
- 57 Brurestas i Ryfylke
Av Målfrid Grimstvedt
- 60 Jenter på anlegg
Av Roy Høibo
- 77 Kvinner i Ryfylke
Av Svanhild O. Nessa
- 81 Kvinnenettverk og vekst-grupper
Av Tone Årtun
- 88 Liv i vekst
Av Anne-Grete Bjørlo
- 91 Mellom heidningeland og ferieland
Av Erik Fossåskaret
- 99 Folk i Ryfylke 10 år
Av Roy Høibo
- 105 Årsmelding 1993
- 122 Rekneskap 1993


Bildet på dette opslaget:

Moderne kvinner i Vanvik som sjøl tar plass i førarhuset.

Sissel Vikeså (t.v.) og Karen Vedvik Fattnes.

Foto: Aud Marit Hauge, Suldalsposten.

Vi kunne skrive breidt og djupt om bondekvinna. Denne skikkel-sen som hadde minst tre jobbar, og som var først oppe og sist i seng. Som Ruth Fatland som her slår av ein prat med Johanna og Vidar Frette frå Stavanger ved smalaleet på Fatland ein sommardag i 1957. Foto: Olav Fatland.



Redaksjonelt

Redaksjonsrådet starta arbeidet med dette nummeret i begeistring over alt det gilde som var verdt å skrive om kvinnene i Ryfylke. Inspirasjonen var mellom anna henta frå Ryfylkerådet sitt seminar om kvinner, kalla «Kvinner i Ryfylke – kva no», der det hadde kome fram eit behov for å trekke fram kunnskap om kvinner både i eit historisk perspektiv og i eit samtidsperspektiv.

Vi kjenner ikkje vår eiga kvinnehistorie, var det sagt, og det er behov for å gi bidrag til ein kvinneidentitet. Vi må få fram stoff om kvinnekår og kvinneliv og prøve å setta noen særmerkte kvinnekvalifilar opp på sokkel. Og det skulle vera nok å ta av.

Vi kunne skrive breidt og djupt om bondekvinna. Denne skikkelsen som hadde minst tre jobbar, og som var først oppe og sist i seng. Ho hadde ansvaret for hus og heim, serverte fem måltid om dagen, laga klær og sengetøy og hadde omsorgen både for sine eigne ungar og dei gamle og sjuke på garden. I onnene var ho med ute og raka høy, skar havre og bygg og bland-korn, plukka jordeple og henta lauv attåt at det var ekstra med folk i kosten i onnene. Ho hadde fjosstellet morgon, middag og kveld like til det kom mjølkemaskin i fjoset og mannen overtok stellet, og ho fødde ungar i eit tid da det skule døljast at ein var med barn, da ein skulle ligge 14 dagar etter fødselen og ungane ikkje måtte ut før dei var døypte.

Og vi kunne skrive om medsyster hennar lenger ute

i fjordane, som ikkje berre hadde ansvaret for fjoset og ungane og dei gamle, men som var stand-in for sjølvaste bonden da han skifta ham og blei fiskar i dei gode sildeåra. Rett nok kom han som regel heim og tok del i onnene, men mange har meint at det var kvinnene som var dei rette administrasjonssjefane på fiskarbondebruka. Dei måtte ta ansvaret og ta på seg større oppgåver heime da fisket blei så lønsamt at folk frå både fjord- og fjellbygdene strøymde til øy- og kystsamfunna for å ta del i eventyret.

Vi kunne skrive om ho som flytta inn i moderne arbeidarbustad på industristad, som fekk badekar og automatisk oppvarming av vatnet, som fekk vaskekjellar og tørkeloft og fritid, men som måtte leva i røyken frå fabrikken og gå på tå når mannen skulle sova ut etter nattskift. Det var eit økonomisk framsteg, men og ein kamp mot fabrikkskiten, lungebrannen og klasseskiljet.

Og vi kunne skrive om dei som tok saka i eigne hender da mannfolka mista initiativ og pågangsmot etter strandstadbrannar og verdskrig, og starta folkebad og spebarnskontroll, fekk i gang husmorvikarordning og barnehage og sette heile det moderne omsorgsapparatet i sving på frivillig grunnlag lenge før mannfolka i formannskap og kommunestyre kom på at dette kunne vera offentleg oppgåver.

Det var så mange vi kunne skrive om. Om utvandrararkvinner og misjonskvinner, om pionerar i politisk arbeid, om etablerarkvinner og kvinner i home parties,

om presteenker og aleinemødre. Men det har ikkje vore så greitt å få til det breie anslaget i arbeidet med kulturhistorisk stoff om kvinner i Ryfylke.

For det første er det eit generelt problem at det ikkje er så mange skrivande folk i Ryfylke, og for det andre at det er enda færre som har stoff om kvinner liggande klart til utskrift. Det har ikkje vore så lett å finne fram til slike som kunne vera med på å kaste lys over Ryfylke-kvinnene i fortid og nåtid, og det kan vera ein høveleg konklusjon å trekke at Ryfylke-kvinnene kunne fortent noe betre enn ein artikkel-dugnad når temaet først blei sett på dagsorden.

Frå redaksjonsrådet går det derfor ei sterk og alvorleg oppmoding vidare til dei som måtte ha noe med det om å realisere ideen om ei regional kvinnehistorie for Ryfylke. Skriven av fagfolk for betaling. Ei regional kulturhistore ville vore svært interessant i seg sjølv for å sjå samanhengar og forstå prosessar som granskingar i den enkelte kommunen ikkje alltid får fram. Og ei slik historie skriven ut frå eit kvinneperspektiv ville kunne kaste lys over sider ved livet i Ryfylke som ikkje har kome så sterkt fram før. Kan Ryfylke samle seg om ei soge om sauken, som ein nå har gjort, ville ein vel også kunne samle seg om ei soge om kvinnen? Dette burde vera ei oppgåve som Ryfylkemuseet, Ryfylkerådet og kommunane burde kunne løyse, og som kunne bli eit viktig bidrag til auka forståing for den rolla kvinnene har hatt i utviklinga av bygdene og av den ressursen kvinnekulturen kan vera i strevet med å møte dei utfordringane bygdene nå står føre.

Til så lenge kan vi glede oss over dei bidraga som det har lukkast å samle i denne utgåva av FOLK i Ryfylke. Det er bidrag som spenner frå vår eiga tid og mest eit par hundre år attover i tida. Det er om enkeltmenneske og kvinnegrupper, og det er om

dei få som fekk eit kjent namn og dei som blei namnlause.

Jon Moe trekker fram ei beskjeden gruppe av kvinner som likevel tidleg fekk ei sjølvstendig rolle i arbeidslivet. Han skriv om jenter som levnærte seg som skreddarar, og han gjer det på ein måte som legg littærere kvalitetar til skriftet vårt. Jon Moe fekk Vinjeprisen for godt nynorsk forfattarskap i 1992, og vi er svært glade for å ha han mellom bidragsytarane våre.

Berit Helgøy Kloster tar oss med ut i den store verda og inn i dei små stovene, og viser oss kva misjonen er. Ho kjenner miljøet frå innsida, og kan på den måten gi eit viktig bidrag til kunnskap om og forståing av misjonsarbeidet og den betydningen det har hatt i Ryfylke. Misjonsforeningane var fristader for kvinnene, og ein stad der dei kunne eige visjonen om at dei var med i eit arbeid for menneske i andre verdsdelar. Og i samsvar med trua gjorde dei eit arbeid som rakk inn i æva. Spora frå kvinnesamveret, sjølv om målet og formene har endra seg. Mellom dei skikkelsane ho skriv om er Gustava Kielland, som starta den første misjonskvinneforeninga på landsbygda i Norge i 1844. Om ho har Gunnar A. Skadberg skrive ein stor artikkel.

Ein annan, særprega kvinneskikkelse frå Ryfylke, var Elisabeth Edland frå Mosterøy, som Erik Fossåskaret skriv om. Da ho døydde i 1901, berre 32 år gammal, var det landesorg og store omtalar i avisene.

Tor Sveinsborg har skrive ein artikkel om Rygjabø husmorskule på Finnøy som hadde ei lang og rik historie før han blei vidaregåande skule i 1976. Det var ein skule som ikkje var populær berre fordi han lærte unge kvinner å bli gode husmødre, men også fordi han fekk mye å seia for konerekutteringa på Finnøy.

Ein flittig bidragsytar både til artikkelsamlingar og bøker frå Ryfylke er Njål Tjeltveit. Denne gongen har

han skrive om tenestejentene, og om ein epoke som tok slutt da også kvinnene fekk utveg til utdanning og sjølvstendige yrkesval.

Med utgangspunkt i eit brurebilde frå 1907 skriv Målfrid Grimstvedt om kvenna som var «dronning for ein dag», brura som kledder seg i sin finaste stas – anten eigen stas eller lånt, og særleg om bruken av krune, som framleis er aktuell.

Redaktøren sjølv, Roy Høibo, har funne fram intervjuemateriale frå den store vasskraftutbygginga i 1970- og 80-åra, Ulla-Førre-anlegga, og har prøvd å skildre korleis jentene på anlegga hadde det som ein minoritet i eit dominante mannsamfunn.

Etter desse, historisk orienterte artiklane, kjem ei gruppe artiklar om kvinner i Ryfylke i dag, og korleis dei tenkjer og organiserer seg.

Først skriv Svanhild O. Nessa, som har arbeidd mye med etableringsspørsmål, om kven dei er og kva holdningar dei har til deltaking i utforminga av nærmiljøet.

Anne-Grete Bjørlo og Tone Årtun har gripe fatt i arbeidet med kvinnegrupper i Sauda, og gjer greie for korleis ei slik nettverksgruppe fungerer. Her får vi innsyn i nye måtar å vera saman på, og som har opna for ny innsikt både i eige liv og i dei utvegane kvinnene har til framstå som ein ressurs for andre.

Til slutt kjem Erik Fossåskaret med noen observasjonar og refleksjonar om samversformer mellom kvinner, om korleis desse har endra seg og likevel har felles trekk.

Er det så råd å finne fram til noen fellesnemnar for desse artiklane om kvinneliv i Ryfylke? Noe som kunne kallast for ein kvinnekultur på Ryfylke-grunn? Noe som skilte seg frå mannskuluren og ga von om ei lysande framtid både for kvinnene og oss andre?

Det skal godt gjerast, og underleg er det heller ikkje. Artiklane spenner over eit langt tidsrom, dei

referer til høgst ulike stader i Ryfylke-geografien og dei handlar om kvinner i ulike sosiale lag. Dei verdiene og dei interessene desse kvinnene ber med seg er til dels svært ulike.

Men dei har alle hatt ansvar for det som tidlegare kvindeforskning har kalla for reproduksjonen, for fornying og vedlikehald av arbeidskrafta. I litt mjukare språkform: For å setta barn til verda, oppfostre dei, stelle til mat og ordnæ klær, ta seg av dei sjuke og svake og vera limet som helt heim og familie saman og ga tryggleik og tilhørighet for den enkelte.

Ein kan sjå linjer i ein prosess der omsorgen gradvis blei flytta frå det individuelle perspektivet til det kollektive, frå det private til det offentlege, og der kvinnene var drivkrafta i denne prosessen. I så måte må det vera rett å sjå kvinnene som ein vesentleg, for ikkje å seia avgjerande faktor i bygginga av velferdssamfunnet. Og kanskje vi skal sjå dei nye kvinnennettverka som ei fornya interesse for alternative verdiar etter at mannssamfunnet gjorde forsøk på å slå revers i 1980-åra?

Men også innanfor det altoverskyggande aktivitetsområdet nyskaping og etablering av nye arbeidsplassar ser vi at kvinnene har gjort seg gjeldande, ikkje berre dei siste åra, men også tidlegare. Kvinnene har tatt initiativ til å skape ny aktivitet på område som tidlegare ikkje var definert som aktuelle arbeidsområde, men som i dag utgjer dei største arbeidsplassane i kommunane våre. Ein skal ikkje sjå bort i frå at kvinnene også kan ha bidrag å gi til den framtidige utviklinga i bygdene, sjølv om det apparatet som skal drive med næringsutvikling stort sett blir drive av menn.

Og i dette perspektivet kan det vera nyttig å få fram den rolla kvinnene har spela. Det vil gi større sjølvtryggleik hos kvinnene sjølve, og det vil kanskje gi forståing for dei bidraga kvinnene kan gi til vår felles framtid.

Skreddarliv

AV JON MOE

Symaskinen – konstruert av mange oppfinnarar i fleire land og betra frå 1750-åra og alt til denne dag. Kring 1850 kom amerikanaren I. Singer med ei løysing som førde til masseproduksjon. Frå den tid av vart symaskinen meir og meir kjend over heile verda. Dei første symaskinane nyttar berre ein tråd og sydde lekkjesting; sidan kom skyttel med over- og undertråd og låsesting. Ein moderne symaskin har oscillerande eller roterande gripar i staden for skyttel, og nokre kan sy opp til 5500 sting i minuttet.

(Norsk Allkunnebok).

Ut på sommaren trong ein ikkje gå heilt inn til bruua ved Nyastøljuvet; ein kunne vassa over elva lenger heime. Slåttefolket gjekk innpå torvene og høya då mannen kom og drog av seg sko og sokkar. Han steig lystig uti og kom dansande imot dei. Men der trødde han på ein glatt stein og datt. Han vart liggjande og sutla under børa ei stund før han kom seg på føtene att og sjangla over mot slåttefolket. Kva skulle han forklare seg med?

– Den fordervelege skreddaren! sa han. – Den fordervelege skreddaren har snurpt ihop buksa så ein får ikkje gå!

To slags skreddarar – eller tre. Den eine er god, den andre er heilt god, og den tredje får skulda når ein dett i ei elv.

Skreddaren, sa ein. Syaren, brukte ein gjerne å kalla henne. Ordet sydame var eit framandord. Men sydama var skreddar til tusen.

Her var meir jenter enn jord. Det var som ei sa:

– Me kunne ‘kje adle få Nils.

Nils var samlenamnet for alle gardgutar. Den som ikkje fekk ein av det slaget, laut ta til takke med fiskaren attom neset og husmannen under li. Men det var ikkje alltid nok av det slaget heller. Giftarmål let seg ikkje ordna, ikkje for alle. Ein lagnad som gammal jente hang trugande over mange.

Tenestejente-tilværet var det einaste, anten heime eller hjå andre. Om somrane kunne dei vera budeier eller rakstejenter, om vintrane sat dei ved vev og rokk og heldt i den evige ulltråden. Lintråden i synåla skulle vera eit betre feste, dåvisst om nåla sat i ein symaskin.

Fram mot slutten av 1800-talet blei symaskinen meir og meir vanleg. I femti år frametter skulle det bli vanleg å sjå trågjengne symaskin-agentar ferdast gard- og hus-imellom i Ryfylke-bygdene og lokka tenestejenter og heimeverande døtre til kjøpa symaskin, gjerne på avbetaling. Det var ein sikker marknad. Men

berre dei færraste kjøpte maskin for å bli næringsdrivande sydamer. Dei ville berre bli sjølvhjelpte og kunna laga seg eitkvart med hempe og meinung i.

Anna kom over heia frå Jøsenfjorden med symaskin i meisens og sydde hjå Ingrid syster si på Tjøstheim i Suldal. Anna var ei som kunne det, ho var namngjeten for saumen og for den sjeldne kunsten å bruka saksa med begge hendene. Anna tok mål og risssa, drog kritstrek over det tjukke i vadmalstoffet og klipte det til. Det gjekk som ein leik når ho arbeidde. Og når ho klipte snart med høgre og snart med venstre handa, vart ho ikkje trøytt heller.

Ungjenta Kari stod og såg moster Anna klippa utan å skamplippa, såg henne sy så det rauk. Ho ville òg bli skreddar! Men maskinen kosta over femti kroner, og så mykje pengar var det ikkje lett å skrapa ihop.

Det skulle laga seg; det bar til på denne måten:

Mora var i åno etter ei vassferd. Det var om vinteren og høge fenner kring hølen. Der fekk ho sjå ein oter symja rundt og rundt; han dukka og kom oppi att, snart her og snart der.

Den rådsnare Ingrid treiv eine treskoen av foten og slo oteren i hovudet så han vart liggjande i svime mellom vassbøttene. Ho tok han i nakken og skunda seg oppatt til husa. Der stod Erik ved hoggestabben, og han tok ei vedskie og svævdde symaskin-agenten. Ja, for det var dét oteren på sett og vis var. Erik belgflådde det fine dyret, tok pelsen med til Stavanger og selde han. Det var nære på nok til å kjøpa den symaskinen som Kari så gjerne vill ha.

Kari kom i lære hjå skreddar Lars Nærheim på Sand i århundreskiftet og var utlærd på eitt år. Deretter sydde ho fjorten månader hjå læremesteren og endå eit år hjå ein annan skreddar på Sand. Ho kunne ikkje klippa med begge hendene, dét kunne berre Anna Østerhus, men ho sydde trutt og høyrd at folk var nøgde:



Ingrid Jonasdotter Østerhus (1851–1933), frå Jøsenfjorden, gift med Erik Oddson Tjøstheim i Suldal. Det var ho som skaffa dottera Kari symaskin då ho var i åno etter ei vassferd.
(Foto: Gunnar Wareberg).

– I trøya ‘nas Kari kjenner eg meg aldri opphengd, sa ein.

Så byrja skreddarlivet for alvor med vandring frå stad til stad.

Symaskinen og meisnen vog femten kilo, så ho kjende at ho hadde noko med seg der ho kom.

Alle stover var hennar systove. Ho arbeidde billeg og greitt, åt og sov og levde ihop med folket og vart kjend med alle frå mange sider. For husmora og andre var det hugnad å ha henne, for ho kunne snakka like lett om ho dreiv og sydde. Men vinters dag kunne det vera kvæve i den eine stova der alt og alle heldt til. Ikkje alle hadde kjøkken med komfyr. Potetgryter med to nevar salt i koka over på stoveomnen, ved sida av ei steikjepanne med flesk eller ei gryte røykt sild. Borti kråa låg den og gamle og ofte den sjuke. Rundt omnen hang barneklede og andre klesplagg til tørk. Arbeidsljoset var oftast berre ei fjorten linjers parafinlampe.

Det var ikkje berre nytt vyrke ein fekk sy av. Mykje var oppsprett og vendt og klipt og tråkla saman til passing på andre kroppar. Den som styrde med taska meinte stundom at syløna burde vera mindre når tøyet var gammalt og omsydd.

Fleire stader hadde husmora skaffa seg symaskin, men større ting laut skreddaren ta seg av. Det var elles vanleg at denne maskinen var i ustand. Ungane hadde stundom vore borti sveiven, men ofte var det berre smurning som vanta. Mang ein gong var Kari reparatør og hausta mykje ros for dét.

Kva hadde ho i dagløn? Det var ikkje mykje, men det var fast. For ein heil dress – med vest – var syløna lenge 10 kroner, auka til 12 og så seint som i 1939 til heile 15 kroner. Forsaker, tråd og knappar kom i tillegg.

Kari hadde meir enn nok å gjera. Det kom bod etter



Anna Jonasdotter Østerhus (1862 - 1937), var flink skreddar og kjend for å kunna klippa like godt med venstre som med høgre handa. Anna vart gift med Knut Førre. Dei emigrerte til USA men kom heimatt etter nokre år og kjøpte garden Øvrehus i Fister.



Kari Bråtveit, f. Tjøstheim (1881–1965), fekk symaskin av mor si på den tida dette biletet vart teke. Ho fekk prøva skreddarlivet i over 40 år.

henne frå heile krinsen mellom Førre i Jøsenfjorden og Øystad i Kvilldal. Eingong ho sydde i Førre – det var visst i 1910 – vart ho ferdig til jul, men det la seg meinsis på fjorden. Då var der ein Jone som let om at ingen i Førre hadde nokon gong kome i skòrfeste. Han tok det tunge, brunmåla skrinet med symaskinen i meisin, og med «lubbar» utanpå skorne la dei i veg på den farlege joklaskaren. Det bar oppigjennom Stølsdalen eit stykke og så til heis. Dei kava og dansa på skaren der dei gjekk utover Kvivassheia. I trygg avstand frå dei bratte fjellsidene mot fjorden tok dei seg fram gjennom Verkvelven og under Reinsrumpa, lubba og rann Bjørndalen til endes, gjekk isen på Kaldavatnet og for om Jonstølen til Fundingsland. Det var ei og ei halv mil frå Førre til Fundingsland, og endå eit godt stykke ned til Følekammane og deretter eit fall på 200 meter ned til isfri fjord. Kari fekk fører over til beste-

foreldra på Østerhus. Dagen etter var sjølve julafstan. Då gjekk ho milene heim over heia til Suldal, og maskinen hadde ho på ryggen.

Kari var vandrande sydame i 12–15 år. Då ho vart gift med Tjerand Bråtveit på Stråpa i 1912, dreiv ho vidare som syar heime på garden, og mange var dei som meir enn 30 år fann vegen over Lågen og bort under lia der Kari sydde dressar og hadde godt tak i den sterke, «den evige tråden».

Det kom eingong ein mann med ein tung tøystuv og sa han skulle ha tri dressar på ein gong.

– Det er ikkje råd, veit eg?

Å, det hekk såleis ihop at dei var tri brør, så det var tanken å få ein dress til kvar.

Kari drog litt på dette og meinte det var betre dei kom ein om gongen og tok mål.

Nei, det skulle ikkje vera nødvendig. Dei var jamstore, dei var like høge og like granne alle tri.

Her var to syrar med namnet Kari; den andre var ei dotter til Ambjørg og Lars Hjorteland. Karen var døyopenamnet, men ho vart kalla Kari alle dagar. Ho sydde i sju år, gjekk frå stad til stad, ho òg. Så reiste ho til Amerika og tok symaskinen med seg. Ho kunne ikkje vera den forutan, sa ho. Symaskin hadde ho skaffa seg om lag på same tid som oteren styrde lagnaden for Kari på Tjøstheim. Kari var òg i sylære hjå «Nærem’en» på Sand; ho var med i ungdomslaget der i 1896. Enno var ho berre 21 år. Det var framtak i henne. Ho meinte det var trygt å ha eit yrke og ein symaskins sveiv på hand.

Dei tri syarane, både Anna Østerhus, Kari Tjøstheim og Karen (Kari) Hjorteland vart gifte i tur og orden. Den var ikkje vanhjelpt som fekk ein syar til kone.

Kari Hjorteland var òg halden for å vera ein flink skreddar. Det var kome spurnad ein dag ut i april om



Kari Larsdotter Hjorteland, (1875–1951). Ho var ei av dei som gjekk i lære hjå Lars Nærheim på Sand. 1903 reiste ho til Amerika og tok symaskinen med seg. Maskinen hadde vore der før, det var ein «Singer». –


ho ville koma til ein av gardane på Kvæstad. Ja vel! Så bar det over heia enno ein gong.

Ho gjekk på ski og var komen på høgda. Det var ikkje vinter og ikkje vår, det var midt imellom. Her ifrå såg ho at isen var mørk på Mosvatnet, men berre i heimre enden. Ho ville ta seg ned gjennom lia til Vassvikane og følgja land på nordsida. Tunge askeski med vidjebindingar var ikkje greie å styre gjennom fjellbjørk-beltet mot Leirdal. Best det var, låg ho der med det tunge maskin-skrinet. Men ho kava seg på beina og kom endeleg ned på ei skogfri hylle med utsyn til Froastølen. Dei små husa såg ut til å vera mest nedsnøa. Men der var minne som ikkje kunne snøa ned. Der var Taletta, som òg skulle verta syar. Berrfött og i raudt liv sat ho eingong i austre bua og skreiv «Poesie» med nykvest blyant:

Minde til Kari

*Naar en gang i fjerne tider
med vemodig lyst
åndens blik tilbage glider
mod vor barndoms kyst,
da vil mindet om hvert møde
med en barndoms ven
smile som en morgenrøde
over livet hen.*

*Mildt, som aftenklokken ringer
i den tause kveld,
gjenlyd gjennem sjælen klinger,
selv av hvert farvel.
Mødets fryd, som savnets smerte
smelter stille hen,
og blir visshed i vort hjerte:
Snart vi ses igjen.*



Symaskinen som Kari Bråteit fekk av mor si var i bruk over 50 år. Det vart sydd mange dressar på den. Enno er maskinen godt brukande. Sveiven er blitt fornya etter alle omdreiningane. Det er ein Singer-maskin med lågt produksjonsnummer: «P 65 644».

Sjølv hadde ho skrive på første bladet: «Skriv eit Minde i Boki mi, so vil eg minnast Deg all mi Tid!» Det stod mykje i den boka. Lars Nerheim, skreddaren på Sand som hadde lært henne meir enn å tre nåla, han skrev 4. mars 1896:

«Vel født er dog en trøst,
men bedre vel opdragten.
Vel gift er livets lyst.
Vel død er hovedsagen.»

Ho var komen ut på isen, snart halvveges mot andre sida, som ho ville følgja så langt ho kunne. Ho retta på meisbøra – og merka at ho hadde mist sink-sylin-

deren med sjablongane. Utan sjablongane og rissetabellane var ho bra i vande. Ho laut tilbake og leita til ho fann den flekkete tuten under ei låg bjørk i lia. Ja ja, det var berre å kava seg nedatt og leggja ut på isen.

Han blotna vel i solsteiken? Nei, isen var den same, ikkje ein brest innanom holmane eller nokon stad her. Kari gjekk i eigne tankar til ho med eitt såg ope vatn berre nokre stavlengder unna. Ho brå-vende og visste kva ho måtte gjera: Ho fekk gå tilbake mot Vassvikane og finna ei bru mellom isen og land. Snart såg ho ei.

Ho gjekk beint på. Og beint igjennom.

Kari stod i blått isvatn til livet, med føtene på stein-grunn.

Skiene låg att uti snø-grauten, men ho hadde staven, den eine, lange staven. Og viktigare: Meisen med symaskinen i det fine Singer-skrinet hadde ho enno på ryggen.

Utan noko som bar foten i den rotne snøen vassa ho strendene og kom seg over åno, bort over haugane og inn på sledebrauta. Nede i dalskuggen merka ho at stakken var stiv som ein holk, men det var den å takka at det gjekk så godt som det gjorde då ho fór gjennom isen. Dét kunne ho seia:

– Eg flaut på stakken.

Jon Moe er fødd i Suldal 1921. Han var redaksjonssekretær i Stavanger Aftenblad i over 30 år og aktiv skribent ennå lenger. Jon Moe har skrive fleire bøker. På Ryfylkemuseet har han gitt ut «Geiterams», ei samling tidsbilete forma som noveller og småstykke. I 1992 blei han tildelt Vinje-prisen for forfatterskapen sin. Som pensjonist har han busett seg på Viketeigen i heimbygda.

Misjonskvinner i Ryfylke

AV BERIT HELGØY KLOSTER

Ein finn vel knapt noko distrikt her i landet med tilsvarende innbyggjartal, som har spela ei så aktiv rolle i ytremisjonearbeidet som Ryfylke. Nå i 90-åra har dei jubilert, Det norske Misjonsselskap (NMS) har feira 150 års jubileum, Den Norske Santalmisjonen (SM) 125 års jubileum og Norsk Lutherisk Misjonssamband (NLM) har runda 100. I alle desse organisasjonane har ryfylkingane hatt sin sterke medverknad. I ein sterkt personleg artikkel skildrar Berit Helgøy Kloster her misjonsarbeidet med særleg vekt på innsatsen til kvinnene.

Til Ryfylke reknar eg Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand, Forsand, Finnøy og Rennesøy, og tilsamman utgjer det 27 500 innbyggjarar.

Allereie ved stiftinga av NMS i 1842 var Ryfylke sterkt representert. Av stiftarane kom 5 frå Strand, 5 frå Hjelmeland, elles var Sauda, Suldal, Jelsa, Finnøy, Sjernarøy og Rennesøy med. 16 av dei 42 delegatane var frå Ryfylke.

Sauda og Sand har stått sterkt i NMS sin samanheng. Særleg i fyrstninga. I 1880 reiste Nils Bråteit frå Suldal til Sør-Afrika, og Ingeborg Fatnes Aas frå Sand og mannen Reinert Aas frå Sauda drog til Madagaskar. Nils Hylen følgde etter til Madagaskar i 1893. Etternamna vitnar om at dei kom ikkje frå dei mest sentral stroka.

Kvifor desse drog? Vi skulle spurt dei sjølve, men det som skjedde i og med stiftinga var ei forplikting for langt meir enn utsendingen.

Ryfylke hadde tradisjon på å bryta opp.Utvan-

dringa til USA, som faktisk pågjekk samstundes med oppstartinga av NMS, hadde gitt dei visjonar, samt mot. Utvandrarane heldt saman i USA, dei som reiste ut for misjonen hadde ei sende-gruppe heime som var forplikta på å gi underhald og stå bak i bønn.

Også i Ryfylke finn vi røter etter haugianismen, ikkje minst dette med å ta Guds ord på alvor og leva det ut i praksis. Misjonsblada hadde funne vegen til fjordabåtane. Det var ein forløpar for Misjonstidene, utgitt av Biskop Bugge i Trondheim i 1821 og Misjonsbladet til Brødrene-forstandar Holem frå 1927. Sidan representantane frå Sauda hadde med seg over 5 spesiedalar til stiftinga, ein oppsiktsvekkjande sum, er det mykje som tyder på at misjonsinformasjonen og kanskje også misjonsforeiningane var der før den offisielle stiftinga i 1842. «Misjonstidene» frå 1847 vart også lest i Ryfylke.

Kvar drog NMS sine ryfylkemisjonærar? Heile 17 arbeidde på Madagaskar. At Ombo som har lidd situa-

sjonen å vera delt mellom ulike kommunar, har fått namnet «Madagaskar» på grunn av dei ulike «stamnene» tyder også på at dei heime meinte å ha ei forståing av forholda ute. Elles har misjonærane våre vore på alle felt. Totalt har NMS fått 2,8% av misjonærane frå Ryfylke.

Medan NMS har tyngda inst i Ryfylke, har NLM han på midtbeltet. Særleg utmerkjer Finnøy seg. Av dei 75 Misjonssambands-misionærane, kjem 22 frå Finnøy, Strand har 15, Rennesøy 9, Suldal 9, Forsand 7, Hjelmeland 6, og 3 frå Sauda. Det er ca 1100 misjonærar i NLM si 100-årige historie, heile 6,8% kjem frå Ryfylke.

Kinaforbundet, NML, stod i fyrstninga i 1900 bak fleire store vekkingar i Ryfylke. Vi ser ein tydeleg samanheng mellom misjons-iveren og vekkinga på Finnøy i 1906, kor heile bygda gjekk på møte. Sven Foldøy stod sentralt i mange av desse vekkingane.

Ryfylkingar har arbeidt på alle NLM sine felt. Ein som hadde vore på vitjing i Etiopia, kom heim og snakka om «Rogalands lutherske Misjonssamband». Eit misjonærpar frå Oslo-kanten arbeidde saman med ryfylkingar i Andesfjella. Dei skulle ha seg ein tilsvarende ved-omn som ryfylkingane hadde og dei hadde snakk så varmt om denne «ogen». Med stor iver gjekk austlendingane inn i butikken og bestilte ein «ogen» i full visse om at dette var det rette spanske ordet for omn.

Santalmisjonen (SM) har ikkje stått særleg sterkt i Ryfylke før i seinare tid. Underteikna var faktisk fyrste misjonären frå distriktet som reiste ut i 1971.

På desse vel 20 åra har det kome heile 11 misjonærar frå Ryfylke, Suldal har sendt ut 7 stk., Hjelmeland 2, ei frå Rennesøy, og ei frå Strand. Ca 4% av den totale misjonærstabben i SM er ryfylkingar.

Dei ikkje-lutherske misjonane står heller svakt i

området. Strand har 2-3 ute for Pinsevennene, Metodistane hadde ei frå Forsand. Den totale misjonærstabben frå Ryfylke er ca 130 av 2580, som tilsvrar 5%

Av dei nolevande misjonærane har ca 110 Ryfylke bakgrunn, så vi treng så langt frå snakka om det som var, men heller om det som er. Samanliknar vi med innbyggjartallet er det fire misjonærar for kvart tusen, åtte gonger landsgjennomsnittet.

Ikkje mindre imponerande er givargleda og foreningsinnsatsen. Vi kan trygt gå ut frå at utsendingane har fått sitt økonomiske underhald heimanfrå. I Finnøy får NLM åleine ca. 300 kr pr husstandsmedlem. I Finnøy kommune har t.d. NLM i dag 41 foreiningar og lag. Der er vel knapt den sjel som ikkje på ein eller annan måte er involvert. Basaren er jo ein del av helga-tilbodet. Og i alle fall før fjernsynet fekk folk i god-stolen gjekk folk mann av garde slike kveldar.

Og misjonen engasjerer også i dag langt ut i andre foreiningar. Bondelaget på Finnøy har prosjekt i Kamerun, husmorlaget på Mosterøy eit anna prosjekt, og skulens u-landsinformasjon både på Rennesøy og i Årdal går til sjukehuset i Hydom, der kommunane sjølv har sine utsendingar.

Ryfylkingar! Reis dykk og mottak Herrens velsigning, eg har inntrykk av at til nå har de mottatt velsigning sitjande og med senka hovud.

KVINNEFOREININGANE

I Ryfylke har nok misjonen langt på veg vore heile familien sitt engasjement. Men kvinnene har på mange område vore dei berande, då særleg i foreningssamanhang.

Drøftinga om kvar den fyrste misjonsforeininga oppstod er endå ikkje avslutta. Gustava Kielland har vorte rekna som mor til rørsla, og med kvinneforeininga i Lyngdal 1844 som utgangspunkt. Men det

høyrer med at ho kom frå Finnøy der ho og mannen hadde sett kva ressurs grasrotfolket representerte. Men i Oslo kan ein finna skriv frå 1839 om ein misjonsforeining til syskenparet Hans Christian og Ane Knudsen.

Men då Johannes J. Søvde møtte på skipingsmøtet for NMS i Stavanger i 1842 hadde han med seg 5 spd og 105 shilling til misjonen. At ei så stor gavé kom frå fattige Sauda, ja, det vart lagt merke til og seier noko om den sterke interessa som alt då var for misjonen, og den har truleg bygd seg opp over år.

Vi går ut frå at kvinneforeiningane starta før NMS vart stifta. I 1840 reknar vi med at det var foreining både i Suldal, Sand, Sauda, Jelsa, Hjelmeland, Finnøy, Strand og Lysefjord.

Kvinneforeiningane sitt mål då var å skaffa utstyr til misjonærane, ja, også til hushjelpene til misjonærane. Vi har lister over det dei laga og sendte ut. Her av kjem nok bakgrunnen for å «strikka strømper til Afrika».

Foreiningane var i fyrstninga både for kvinner og menn, men etter kvart som husflid og klæsproduksjonen overtok, vart det reine kvinneforeiningar. I Sauda vart kvinneforeinga for NMS starta i 1853.

I denne same tidsperioden kom det også NMS-foreiningar i dei andre Ryfylke bygdene.

Sidan, når det med utstyrslaginga forsvant, var målet å skaffa pengar. Då kom basaren inn, når den første vart halden veit vi ikkje, men Malin Gjesfjell snakkar om basaren på Ingvaldstad i Årdal i 1902. Nå var målet å laga noko som kunne skaffa pengar, og då kunne også barna produsera noko. Basaren var som oftast tilknytt bedehusa. Framleis står basarane sentralt på bygdene, medan det er ei form som taper terreng i byane. Pengeinnsamlinga «offeret» høyrer også med til dei faste postane på foreningskvelden.

KVIFOR KOM FOREININGANE?

Stiftinga av foreiningar pågjekk samstundes med mange viktige nasjonale strøymingar på dette tidspunktet. Vi har bondereisinga, innføringa av parlamentarismen og oppbygginga av Noreg som nasjonal stat. Kven har påverka kven?

Personleg trur eg nok at det er dei lokale dugnads- og samarbeidsstrukturane som vel har prega norsk bygdekultur i alle år som er grunnmodellen. Kvinnene på bygdene hadde tradisjon for å gå saman når viktig arbeid skulle utførast, då kunne dei samstundes ha eit sosialt fellesskap. Dette vart praktisert både ved lefse- og flatbrødbaking så vel som i slaktetida.

Bondekvinnene har truleg alltid hatt sjølvstilling og fått respekt for det arbeidet dei utførte, om ikkje anna så frå sitt eige nærmiljø.

Ei utfordrande forkynning, der enkeltpersonane vart utfordra, enten ho kom frå Hans Nielsen Hauge eller Svend Foldøy har vore avgjerande for forståinga av at ein kunne bruka heile seg sjølv i innsatsen for å utbreia Guds Rike.

Hadde straumane frå Europa vore drivkrafta bak misjonsforeiningane, skulle ein tru at byane ville vore fyrst ute, og så kom bygdene etter.

Gjennom kvinneforeiningane vokser det fram som noko av ein sosial revolusjon. 50 år etter at NMS vart stifta, hadde organisasjonen 3000 foreiningar her i landet, i tillegg kom foreiningane til dei andre misjonsorganisasjonane.

Har vi noko folkerørsle som kan måla seg med dette? Kva verdi har ikkje dette hatt for kommunikasjonen og sjølvbiletet, ja, ikkje minst for det å vera visjonsbærarar i isolerte bygder? I fjordbotnane, enten det var Sauda eller Frafjord, kunne dei eiga visjonen om at dei var med i eit arbeid for menneske i andre verdsdelar, menneske dei aldri hadde sett. Og

i samsvar med trua gjorde eit arbeid som rakk inn i eva.

Kvinneforeiningane vokste nok fram fordi den ytre ramma var tilpassa det miljøet kunne tilby. Samlingane var i heimane, og maten skulle ikkje vera overdådig, slik alle kunne stelle til. Ja, nokre hadde forskrifter om menyen slik at matpresset ikkje skulle overta. Men samstundes var foreininga høgtid. Dei fleste konene i Ryfylke hadde ein foreningskjole og eit foreningsforkle i skapet.

MÅL OG ARBEIDSMÅTAR I FOREININGANE

Foreiningane hadde som funksjon å byggja kvarandre opp åndeleg, få informasjon om misjons-arbeidet ute, gi økonomisk underhald til utsendingane og ikkje å gløyma det sosial fellesskapet. Misjonsforeiningane var truleg det fyrste samfunnstiltaket på grasrotplanet kor ein foreina det åndelege og det verdslege, eller rettare sagt der ein fekk leva ut det ein trudde på i kvardagen.

Nå må det jo seiast at sladder var også å høyra i foreiningssamanhang, og denne kritikken har vore retta mot dei, dei var jo ikkje perfekte! Jakta på det feilfrie mennesket og dei reine samfunna, har bunde mykje positiv energi hjå sunne heilstøypte kristne, ikkje minst i Ryfylke.

På mange måtar stod foreiningane, særleg kvinneforeiningane fram som eit prov på kva det heile mennesket, som er ærleg mot seg sjølv, kan gjera. Utan foreiningar, ingen ytre-misjon.

Emil Birkeli skriv: «Det begynte flere steder bare med den ene, som tross sin ensomhet tok en dag i måneden, gjerne den første mandagen, feiet og pyntet huset, kledd seg selv i helgedagsklær og satte seg for å holde kvinneforening med sang, bønn og arbeid. Les om Synnve Opsal i Vikedal eller om Gurine Helgøy på Helgøy i Fister...».

Gurine fekk snart andre med i NMS-foreininga si, og heldt på til ho døydde tidleg på 1950-talet. Ho var nok eit førebilete for mange kvinner i nabolaget. Då Kinamisjonen, NLM, fekk foreining var det også ei kvinne, Eli Øvrebø, som var skiparen, og Bertine Helgøy starta opp med « Misjonsfest» i heimen, som nå har vore i over 70 år.

I eit arkivoppakt fortel Mallin Gjesfjell til Kirsten Gundersen om den fyrste barneforeininga på Fjellgardane i Årdal. Desse sprang ut frå ein møteserie der i 1901. Utfordringa var Kina.

Helga Eggebø vart utfordra til å ta leiar-ansvaret frå Jens Byrkja, som lova å halda ull dersom ho ville ha foreininga. Foreininga var for jenter og vart lagt til annakvar laurdag. Bibellesing og bønn høyrd med, og så sydde og strikka dei med motiv å hjelpe Kinesarane. Ja, Kina- utfordringa hadde fått sin eigen song.

Den fyrste basaren var på Ingvalstad, og alle frå bygda møtte opp og mykje pengar fekk dei inn.

Mallin Gjesfjell reiste ut til Kina som misjonær i 1916, og fekk ei lang teneste der ute. Då ho kom heim starta ho gutelag på Hjelmeland, og då ho ikkje makta meir utfordra ho Magnhild Meltveit Kleppa, stortingsrepresentant, til å ta over. Til ho var langt oppi 80 åra heldt Mallin brevkontakt utover, ho skreiv både på kinesisk, engelsk og norsk.

«Tomannsforeininga» eller rettare sagt dei to kvinnene si foreining var det Sikke Gjøse som starta i 1900 i Forsandbygda for NMS, seinare kom dottera Astrid med og dei to dreiv fram til i 1960. Kvart år hadde dei basar, med fulle snorer av gevinstar som dei sjølve hadde laga.

FOREININGA OG MILJØSKAPING

Sjølv huggar eg stemninga når mor og bestemor hadde foreininga. Vi ungane skulle halda ein viss avstand,

venta på å få av den godmaten som var att når» kånene» hadde ete, ja, og som oftast hadde dei og ungane med slik at vi også hadde vår feststund.

Det vart ein spanande leik å sjå kven som våga å bryta inn i foreiningstradisjonen, og så skryta av det. Mor hadde lova guten pannekaker om det vart noko att. Han kikka i nøkleholet og mislika at mora sende fatet gong på gong og mest nøgde maten på kånene. «Nå må de vera gilde å eta.» Pannekakene var gode og det minka på fatet, då siste kaka forsvann etter endå ei oppfordring frå husmora kom det ein høglydt kommentar frå han som kikka i nøkleholet: «Ed, ed, ed opp fatet og!»

Ein annan gutunge hadde sin faste stol. Og på denne foreningsdagen skulle han gjennomføra si makt med å sitja i den stolen same kva mora sa, og same kven som kom. Han sat som fastlimt i stolen så lenge foreininga varte, og hausta stor ære hjå dei andre ungane.

For oss jenter var det eit teikn på at vi var vaksne når vi fekk invitasjonen om å vera med i foreininga og sy våre første korssting.

Men den store visjonen om kva mødrene dreiv på med, og kor viktig det var, uttala dei seg ikkje om. Det ville nok vera sjølv-ros, så den slutninga fekk vi trekka sjølv når innsikta var der.

ANDRE GÅVETRADISJONAR

Frå den muntlege tradisjonen kjenner vi til at dei også hadde misjonslam i Ryfylke, sjølv huggar eg at bestemor, Bertine Helgøy, hadde eit slikt lam der inntekta skulle gå til misjonen. Elles hadde dei fiskegarn som «høyrdé misjonen til», og på Finnøy hadde dei ein åker som skulle drivast på dugnad til inntekt for misjonen. Ja, det er same tanken ein finn når garden Barkeland på Jelsa i fyrste omgang vart gitt til NMS,

med den føresetnad at overskotet av drifta skulle gå til misjonen. Seinare gikk garden attende til slekta, medan inventaret blei gitt som testamentarisk gāve til fylkeskommunen som let disposisjonsretten til gāva ligge til Ryfylkemuseet.

Om ikkje alltid pengesummane som kom ut av dette var oppsiktsvekkjande, må vi med stor respekt sjå attende på ein gjennomsyra livsstil, der tanken var at Herren skulle ha noko av alt dei åtte. Tiend-tanken var sentral, men dei tala lite om det, det kom helst fram i etter-mæle. Den venstre handa skulle ikkje vita kva den høgre gav, (jamf. Mat. 6,3), men om ho ikkje visste summen av gāva måtte ho tola ekstra slit avdi det var slik ei stor givargleda inni «Fjordane».

MISJONSFOREININGANE I DAG

Misjonsaktiviteten i Ryfylke i dag, er framleis imponerande, særleg med tanke på dei mange andre tilboda det er, og den heller labre omtalen dette arbeidet får, særleg samanlikna med idretten.

Dei ulike misjonsorganisasjonane i Noreg i dag samlar årleg inn vel 200 millionar kr, hovudtyngda av dette kjem frå kvinneforeiningane. Kvinnene står og som oftast i brodden for barneforeiningar og songkor, der målet er å fremja misjonen si sak.

Ein ting er pengane, men alt det rutinemessige strevet og tidsbruken som vert lagt ned for å føra denne tradisjonen vidare, er kort sagt imponerande. Det er ikkje få bollar som er baka til misjonen si ære. Nye idear vart stadig tatt i bruk, leirane vert tilpassa barna. Flittige kvinner stiller opp før jul og hjelper barna å lage julegåver.

Gerd Marie Berge frå Forsand, som har vore misjoner i Afrika, har løyst problemet for dei små som gjerne vil vera med, men som ikkje vågar å sova vekke heimanfrå: «Hima-leir» er løysinga, der forskule-

barna får misjon-visjonen om dagen og går trygt heim om kvelden.

Julemesser er ein heller ny tradisjon, her er det sal av husflid som dominerer. Mange av yrkeskvinnene har ikkje tid til handarbeid, difor set dei ekstra pris på å få kjøpa det.

Tek vi f. eks. NLM, har dei berre i Strand kommune 23 kvinneforeiningar, og med barnelag og songkor, er det heile 64 lag. Berre i Ryfylke har denne organisasjonen 202 foreiningar og lag, i tillegg kjem dei andre misjonsorganisasjonane.

HØVDINGKVINNER I RYFYLKE

Ei av dei mest markante kvinnene i midtre Ryfylke var Helga Vormeland (f. Byrkje 1812). Som ung var ho i Stavanger og kom i kontakt med Hauge-rørsla. Ho vende heim att med eit brennande ynskje om å få til eit vennelag også der, noko ho fekk til. Ho reiste også rundt og hadde møter og såg til vennene både i Jelsa, Sand, Sauda, Suldal og Røldal. Det ser ut for at ho var den første lekpredikanten som held samling i Suldal.

I Sauda fekk ho så spira for evangeliet og misjonen hjå Brita Ringhagen som vart ei leiande misjonskvinne i bygda.

Heimen til Helga og Jone var ei åndeleg høgborg, og ut herfrå spreidde Haugerørsla seg utover heile prestegjeldet. Helga skipa Vormedalens kvinneforeining for NMS. Ho var ei særmerkt, åndssterk og gáverik kvinne, med ei eiga evne til «å radla med folk om Guds rike». Ho var ein flink songar, særleg Brorsons salmane låg henne på hjarta.

Helga og mannen var nokre av drivkraftene bak reisinga av bedehuset på Hjelmeland i 1840, som var det fyrste i landet. Huset vart i fyrste omgang tenkt å vera ei kyrkje-stove, der langvegsfarande kunne kle

seg, få mat og kvila seg til kyrkje tida. Men allereie to år etter går det fram av loven at bedehuset vart samlingsstaden for Guds ord dei søndagane det ikkje var preik.

I seg sjølv er bedehusa teiknet på at lekmannsrørsla har fått fotfeste og folket sjølv avgjer kven og kvar og når samlingane om Guds Ord skal finna stad, tidlegare var det dei geistlege som styrde det åleine.

Helga var ei vis og vidsynt kvinne. Skal vi sjå på kva ho og andre høvding-kvinner stod for, må vi sjå kva og kven som kom opp etter dei.

Helga var også til inspirasjon for systera Mallin Kleppa. Ho og mannen inviterte fyrste talaren for Kinamisjonen til å ha møter på Hjelmeland, og i kjølvatnet av dette vart det danna misjonsforeining også for denne organisasjonen.

Då striden rasa ved århundreskiftet for og imot Sven Foldøen, vart Helga brukt som rådgivar. Sjølv om ho aldri fekk mata han, var ho ein trufast forbedar for han.

Helga var nok også eit førebilete for Helga Eggebø i Årdal då ho starta barnearbeidet der.

I Kvildal hadde Guri Bakka ei leiarrolle. Ho hadde vorte helbreda for kreft i 1931, og drog heim og tala om dette. Ho var ei bønnekvinne og heimen hennar representerte ei åndskraft som mange fekk merkj.

Og så har me Gustava Kielland. Sjølv om ho kom som prestekone til Finnøy, er det rett å gå ut frå at ikkje berre ho prega finnøybuen men også dei prega henne.

Ragnhild Danielsdotter Hærem født 1805 i Sauda, flytta til Stavanger. Mannen var tømmermann og ho husflidsarbeidar. Berre 36 år gammal sat ho att som enke med 7 born. Ho var ei dyktig handelskvinne, alle lika å handla med henne. Når ho kunne, arbeidde ho mellom barn og fattigfolk i «Brødremenigheten», ho

hadde eit eige pågangsmot og evne til å få folk med i arbeidet. Ei særskilt evne til å tala med folk om Gud, særleg overfor dei sjuke. Allereie då mannen levde dreiv dei nærmast åpent hus, nærmast som gjestgivarar over for Sauda-buen og slekta, og hadde ein stor kristeleg innverknad på dei. Ho og mannen var med å skipa Stavanger Misjonsforeining, Stavanger Bibelforening og Stavanger Mådeholdsfoening. Ho var fødd leiar, både i heimen og i det åndelege livet i Stavanger. Ho var mor til Peter Hærem, prest og omtala i bøkene til Jonas Lie.

DEI KVINNELEGE MISJONÆRANE

Misjonær-kallet kom som ei naturleg frukt av misjonsforeiningane. Truleg kan så godt som alle trekka trådane attende til misjonsforeiningane.

Ingeborg Fatnes Aas frå Sand var den første kvinnelege misjonären som reiste ut i 1880. Frå foreininga til Ingeborg Oaland Berge og Karen Rettedal, som vart starta på Forsand i 1915, reiste Gerd Marie Berge ut for NLM, i dag er ho heime att og driv sjølv foreininga.

Sigrid Århus frå Suldal, første kvinnelege rektor i Rogaland, sat i Landsstyret til Santalmisjonen. Då spørsmålet kom opp om lærar til den norske skulen i Katmandu, Nepal, tok Sigrid utfordringa med seg heim, og Torbjørg Skretting reiste. Sidan følgde veninna Anna Jorunn Garvik til Bangladesh, og då det var snakk om vikar for ein lærar som hadde vorte sjuk, sökte Sigrid sjølv permisjon og reiste til Katmandu for eit halvt år.

Frå byrjinga og til i dag har ca 80 Ryfylke- kvinner reist ut til alle misjons-landa. (NMS har 31, NLM 43, SM 6 og truleg 5 frå andre organisasjonar.)

Nesten halvparten reiste ut før dei hadde gifta seg, og levde som einslege resten av livet. All tid og krefter har vore vigd til arbeidet der ute.

Eg hadde gleda av i 1983 å ha eit kortare opphald i Tanzania. Og då eg stod ved sjukehuset i Haydom, 8 timars køyring frå nærmeste by, og såg utover vidda, spurde eg Valfrid Haugvaldstad korleis ho makta denne einsemda: « Jo, når eg står her og ser ut over vidda så innbiller eg meg at det er Ryfylkefjorden heime eg ser ut over.»

På denne turen kom eg i kontakt med ein aust-tysk kirurg, som arbeidde ved Lutherske Verdens forbund sitt sjukehus i Moshi. Han uttalte seg straks om dei arbeidsmetodane Torborg Sedberg (frå Årdal) hadde lukkast i å innføra i samarbeid med dei nasjonale ved Haydom. «Ho er den dyktigaste sjukepleiareni har i landet». Sidan har Anna Sukka og Valfrid Haugvaldstad og Else Marie Voll vidareført tradisjonen.

Like fullt som foreiningane har følgt familiær, er det spesielle misjonær-familiær. I ei særstilling i landet, vil eg tru, står Hovda familien frå Fogn. Her er det 6 misjonærar med same etternamn fordelt på to generasjonar, 4 av dei er kvinner. «Hovda-jentene» var eit begrep i misjonsomtalen heime som det stod stor respekt av.

Gabriel Kielland hadde ikke vært lenge i Lyngdal før han startet med misjonsmøter også der – og han organiserte en forening i 1839. Allerede 2. juledag 1837 startet han en «Forening mod Brændevindsdrik». Det var forøvrig ingen tilfeldighet at de to første elevene som begynte på den nyopprettede Misjonsskolen i Stavanger i 1843, kom fra Lyngdal. «Det synes næsten som om Deltagelsen for Hedningemissionen satte mere Liv i Dalen i det hele taget», skriver Gustava.

Da Norges første afrikamisjonær, Hans Christian

Knudsen, hadde fullført sin misjonærutdannelse i Barmen i Tyskland, vendte han hjem til Christiania igjen der faren i mellomtiden hadde slått seg til. Knudsens store idé ved tilbakekomsten, var å stifte en rekke nye misjonsforeninger i Norge som kunne samle inn penger til hans utsendelse. Først startet han en misjonsforening for menn i hovedstaden mens søsteren, Ane Kathrine, fikk i gang den første «Dame Misjonsforening» der i 1840. Siden drog Knudsen langs

kysten mot Stavanger og fikk startet misjonsforeninger i de fleste byene og tettstedene. I Lyngdal tok han inn hos familien Kielland for en ukes tid. Her møtte han stor forståelse for sitt forsett, ja, Kielland hadde i flere år arbeidet for opprettelsen av et norsk misjonselskap – noe han nå fikk anledning til å drøfte med Knudsen.

Knudsen diskuterte denne saken også med misjonsforeningen i Stavanger. Siden drog han til Ryfylke for



*Lyngbø skole slik den tar seg ut i dag. Skolen ble opprinnelig satt opp i 1837, mens Gabriel Kielland var prest på Finnøy.
Foto: Gunnar A. Skadberg.*

å drøfte saken med misjonsvenner der. I mars 1840 oppholdt han seg på Skutegjerd der han hadde tatt inn hos Kiellands etterfølger, Boye Joachim Flood – som også hadde deltatt ved Niels Johan Holms møter i Christiania i sin studietid – og var en ivrig misjonsvenn. På Finnøy ventet Knudsen i stor spenning på kallelse til misjonærtjeneste fra Stavanger Missionsforening, men forgives. Foreningens medlemmer våget fremdeles ikke å etablere landets første misjonselskap i Stavanger. Knudsen drog skuffet videre til sin hjemby, Bergen, men møtte også der bare lunkent interesse for sin sak både blant byens prester og hauianere.

På hjemvei til Christiania var H.C. Knudsen nok en gang innom prestegården i Lyngdal der han fikk trøst og oppmuntring hos det «ælskelige prestepar». Via hovedstaden drog Knudsen deretter tilbake til Tyskland for å forberede utreise til Sørvest-Afrika for Det Rhinske Misjonsselskap. Året var 1841.

GUSTAVA STARTER DEN FØRSTE MISJONS-KVINNEFORENING PÅ LANDSBYGDEN

En skulle gjerne tro at det er disse møtene med H.C. Knudsen i 1840 som inspirerte Gustava til å organisere den første norske kvinnemisjonsforeningen på landsbygda – særlig siden hun i sin erindringsbok antyder at dette må ha skjedd i 1840. Men hun sier også der at det var en tale prost Vogt fra Mandal holdt ved et stort misjonsmøte i Stavanger som påvirket henne til å ta dette initiativet – og dette møtet var Det norske Misjonsselskaps generalforsamling i Stavanger i 1843. Gustava skriver at hun under denne talen

«blev saa skamfuld og bedrøvet over at jeg saa lidet og saa lunkent havde tänkt over Missionssagen og aldrig hjulpet Gabriel med at arbeide for den. Da

jeg kom hjem til Lyngdal, talte jeg med min kjære gamle Gunhild Oftebro og to andre Bondekoner, som jeg holdt meget af, om dette, og de sympatiserede alle tre med mig; de vilde alle gjerne at det skulle blive anderledes. Jeg foreslog da, at vi fire, Gunhilds Datter Maren og mine Døtre, – de to andre havde ingen – skulle komme sammen i Prestegaarden en Dag i hver Maaned og arbeide for Misjonen».

Ifølge en artikkel dr. theol Erling Danbolt skrev i Lutherisk Kirketidende i 1940, må stiftelsesdatoen ha vært 13/7-1843.

«Hermed var Foreningen sluttet», fortsetter Gustava, «og det lille Sennepskorn nedlagt. Statuterne var yderst faa og simple. Paa den bestemte Dag kunde enhver møde frem, saa snart hun vilde, og arbeide saa længe, som hun uden at forsømme sin uopsættelige Husgjerning kunde og burde. Den lille Missionsbøsse fra Finnø skulle da sættes frem paa Bordet, og i den skulle enhver lægge to Skilling, NB. om hun havde Lyst og Evne dertil. Naar Sauerne var klippede Høst og Vaar, skulle enhver medbringe en større eller mindre Del Uld til Mødet».

Etter hvert som medlemsantallet økte til 30, hendte det at møtene også ble avholdt på bondegårdene i prestegårdens omland. Det ble servert kaffe og smørbrød ved møtene, men det er strengt forbudt å traktere med andre eller finere menyer. Medlemmene startet møtene med å synde «I Jesu Navn Skal al vor Gjerning Skel» før arbeidsredskapene rokk, karde, nål og strikkepinner kom fram og arbeidet begynte med «Lyst og Glæde».

«Rokkerne surrede, kardene raslede, Strikkepinde og Naal rørte sig raskt i de flittige Hænder, og Tungerne løb omkap med dem; at de ikke løb i Veien for Arbeidet, passede jeg godt paa. Livlig og utvungen lød den noget høirøstede Samtale sammen med Rokkesurren, det kunne ikke nytte at tale med lav Stemme i slikt Brag.

Det taltes om Hus og Børn, Arbeide og Kreaturer, Sorg og Glæde. En og anden pudsig Begivenhed fra det daglige Liv blev meddelt og hjertelig leet af. Man talte om, hvad der tildrog sig i Hjemmet, i Dalen eller andensteds. Hjertets tanker blev aabenbarede, udvexlede og gjensidig rettede paa. Dumme og Kluge Meninger og Bemærkninger blev udtalte, drøftede, forkastede eller antagne, alt sammen i al Vendskabelighed. Enkelte Meddelelser om overstandne Lidelser, eller Herrens Gjennemhjælp i en og anden Nød, blev givne og hørt med Deltagelse, mangt et Spørgsmaal om baade himmelske og jordiske Ting blev besvaret, saa godt man kunde, eller «gjemt til Presten kjæm». Mangt et godt Raad blev givet og modtaget. Flittig strikkende gik jeg om mellem dem, satte mig snart hos en snart hos en anden og pratede ligesom friskt og fornøieligt som de. Mærkede jeg, at Samtalens tog en Skjæv Retning, begav sig F.Ex. ind paa Næstens Enemærker og andre Maader, sågte jeg uformærket og i al Stilhed at raade Bod herpaa, en liden Bemærkning, et Par vel anbragte Bibelord kunde da kaste et Lys over, hvad der var sagt, som at vedkommende kunde faa se det uriktige deri og ikke sjeldent selv rette derpaa. De, der gjorde Nar af vor Kvindeforening, kaldte vore Sammenkomster: Sladdermøder. Ja, sandt var det, vi sladrede alle sammen paa et Vis, det er vist, men hvor bagvendt det end lyder, saa tror jeg dog fuldt og fast, at

Udbyttet, Resultatet af vor Sladder, gavnede og glædede os mere, end om vi havde siddet som nogle Au tomter og dreiet vore rokkehjul, uden at mæle et Ord hele den udsagnede Dag. Medens vi spiste og drak Kaffe, læste en af os høit Efterretninger om vor egen og andre Landes Mission eller en Traktat, eller en liden Fortælling, som Gabriel lod os faa; især glædede det os at faa høre nogen om «vore Missionærer», d.v.s. Lyngdølerne Omund Oftebro, Tobias Udlund og Missionær Larsen (fra Bergen) der ar de to første Missionærer, der blev sendt til Zululand, efterat Schreuder var kommen dit. Til disses udstyr havde vor dengang lille og fattige Forening bidraget en Enkeskjerv, og siden, da den blev større og mere velhavende, havt sin Glæde af at sende smaa Bidrag. Naar Gabriel var hjemme og havde Tid, saa han gjerne ind til os og talte nogle Ord med Kvinderne. Arbeidet stansede naturligvis, naar han var hos os. De af Medlemmerne, der havde den længste Vei, brød naturlig først op og gik efter gjensidig, hjertelig Hilsen. Inden de øvrige gik, sang vi en Salme med hverandre, og efter et hjerteligt Farvel vandrede de hjem med sine Rokke paa Ryggen. Kvindeforeningen gjorde raske Fremskridt; samme Slags Foreninger opretedes i Annexerne Austad og Kvaas og blev drevne med Lyst og Flid»,

skriver den kloke, ærlige, gamle damen under ettertidens reflekterte overlys.

Det skulle vise seg å bli en landsomfattende bevegelse Gustava Kielland hadde tatt initiativet til i 1843. Fram til 1865 steg antall kvindeforeninger tilknyttet NMS til 300. 20 år seinere var dette antallet steget til over 1600, og i 1940 eksisterte det 4500 kvindeforeninger med til sammen 112500 medlemmer tilknyttet NMS.

I over hundre år har misjonskvinneforeningene representert landets desidert største kvinnebevegelse. På denne bakgrunn er det rett å hevde at Gustava Kielland har gitt et viktig bidrag til frigjøringen og selvstendiggjøringen av norske kvinner lenge før slike begreper ble tatt i bruk – og uten at dette var hennes viktigste anliggende. Både hun og Gabriel betraktet sine liv som gaver de hadde fått for å bringe glede og mening til andre – men deres ansvarsfølelse strakte seg lenger enn til de aller nærmeste. De ønsket å nå ut i all verden med det fredens budskap de satset sine liv på. Deres humane tanker og ideer om at mennesket ikke lever for seg selv, men har ansvar for sin neste, er fremdeles dypt rotfestet i det norske folk – noe om verdenen registrerer gjennom vårt engasjement for FN, u-hjelp, kristen misjon og i internasjonale konflikter.

Gustava og Gabriel følte godhet for hverandre gjennom hele samlivet. Denne godheten klarte de å formidle langt utover familie-, bygde- og landegrenser – gjennom skiftende tidsepoker fram til denne dag. Kan en komme Livet nærmere enn det?

GABRIEL I SPISSEN FOR DANNELSEN AV «DET NORSKE MISJONSSELSKAP»

Gabriel fortsatt å arbeide for opprettelsen av et norsk misjonsselskap – også fra Lyngdal. Etter at haugianerne i Stavanger, med John Haugvaldstad i spissen, var kommet på banen med sin økonomiske tyngde, kom det fart i saken. I to omganger forfattet soknepresten i Lyngdal sirkulærer til landets misjonsforeninger med oppfordring om støtte til opprettelsen av et norsk misjonsselskap i Stavanger. Endelig fikk han også oppgaven med å forfatte innbydelsen til misjonsforeningenes utsendinger til stiftelsesmøtet av Det norske Misjonsselskap i Josephinestiftelsens sal, Kongsgaten 48, i august 1842.

Jo mer en fordypet seg i stoff omkring stiftelsen av NMS, jo sikrere blir en på at det var Gabriel Kirsebom Kielland som, framfor noen, hadde fortjent hedersbenevnelsen «Misionsselskapets far». Han var den drivende kraft i dette arbeidet lenge før John Haugvaldstad nølende engasjerte seg i saken. Kielland stod helt sentralt også i forbindelse med dannelsen av selskapet i 1842. Med en antydning av skuffelse, er hans kone den første som påpeker dette. I sin erindringsbok skriver hun:

«Missionssagen vedblev Gabriel at omfatte med inderlig Kjærlighed og Interesse; han arbeidet for den flittig, stille og tro, saa længe han levde. Efterat Missionsvennerne havde samlet sig i et sluttet Selskab, syntes det, som om man havde glemt denne tro Missionsven; ingen lagde Mærke til hans ufortrødne, bramfri Virken. Ja, det kan ogsaa være det samme, men I Børnene mine, skal vide, at deres Fader var den, ved hvilken Gud udstrøede Frøet til den Missionskjærlighed og den Missionsvirksomhed paa Vestlandet, som saa hurtig spirede frem og forenede sig til Det norske Missionsselskabs nu saa store, stærke og kraftige Træ». Har John Haugvaldstad fått sin bauta ved Misjonsskolen i Stavanger, så har også Gabriel Kielland fortjent en, som den fremste representanten for Brødrevennene – bevegelsen som bar misjonstanken fram på Sørvestlandet lenge før haugianere og statskirkeprester involverte seg.

GABRIEL OG GUSTAVAS SISTE LEVEÅR

I årene 1849-50 var Gabriel Kielland mye syk. Legen anbefalte ham et rekreasjonsopphold i utlandet, og han tok med seg Gustava på en reise til Tyskland og Sveits for å samle nye krefter. Underveis fikk Gustava

stette sin skrivelyst gjennom å notere ned sine opplevelser – skriverier som etter hennes død ble utgitt i bokform under tittelen: «Reisebrev fra 1850».

Selv om utenlandsoppholdet gjorde Gabriel godt, ble han aldri skikkelig restituert igjen. Fra 1852 syknet han mer og mer, og 20. april 1854 ebbet hans intense og innholdsrike liv sakte ut.

Gabriel Kielland ble gravlagt på Lyngdal kirkegård ved siden av Eugenia, minstebarnet som døde i januar 1843, bare 3 år gammel.

Etter ett år som enke på prestegården i Lyngdal sammen med sine yngste barn, levde Gustava et omflakkende liv i årene som fulgte. Hun bodde i pensjon både hos barn, familie og venner. På sine mange reiser hendte det at hun fikk anledning til å besøke sine venner i Lyngdal. I 1862 fikk hun således være med dem på en aksjon til inntekt for bygging av misjonsskipet «Eliesser» som lå ferdig i Bergen i 1864.

Brevet som fulgte de innsamlede midlene fra Lyngdal, ble stilet til Peder Blessing, sekretären for Det norske Misjonsselskap i Stavanger. Det lyder slik:

«Hr. Candidat Blessing.

Indlagt har jeg den Fornøielse at sende Dem fra Lyngdals Kvindeforening 5 Spdlr, hvortil jeg selv fører 2 Spd. altammen bestemt til Bidrag til det vordende Missionsskib.

Lyngdal 2/3-62

*Med Agtelse
Gustava Kielland».*

Sine siste 20 leveår tilbragte Gustava Kielland hos en datter, Gabrielle Caspare Sigismunde, f. 1830, i Skien som var gift med Misjonsselskapets første sekretær (1849-52), Andreas Hauge, sønn av Hans Nielsen Hauge. Det var Hauge jr. som unnfant ideen til

informasjon- og oppbyggelsesbladet «Norsk Misjons-tidende» som snart oppnådde opplagstall tre ganger så høye som «Morgenbladet» – den største, landsdekkende avisens på denne tiden. Siden ble altså Hauge prest i Skien der Gustava fikk bo sine åtte siste leveår.

Gustava fortsatte å skrive dikt også på sine gamle dager – og det var nå hun skrev «O, jul med din Glæde» og barneverset «Liden Ekorn sad». Hun utførte også en del oversettelsesarbeid for en bokhandler i Skien.

Da hun var i 70-års alderen, fikk hun grå stær og ble etter hvert nesten blind. Dette er bakgrunnen for at hun dikterte sine erindringer – noe hun mislikte da det fra tok henne muligheten til å korrekturlese sitt eget manuskript. I stedet måtte hun korrigere på grunnlag av andres opplesning.

Tidlig på nyåret 1889 ble Gustava forkjølet, og sykdommen forverret seg til lungebetennelse. Om hennes dødsleie skriver misjonsprest Theodor Olsen (1866 - 1896) som var gift med Gustava og Gabriels datterdatter Anna Hauge Olsen (1864 - 1941):

«Hun var fuldstændig aandsfrisk lige til sidste Aandedrag, og aflagde mangt et herligt Vidnesbyrd om Troen paa sin Frelser. Hendes hele Sygeleie var en Stadfæstelse af det Vidnesbyrd, hun saa ofte aflagde med sin Mund: Som Gud vil».

Gustava Blom Kielland døde i Skien 28. februar 1889, 88 år gammel, og hun ble gravlagt i denne byen 6. mars – dagen da hun ville ha fylt 89 år. Hun etterlot seg en stor etterslekt. Selv skriver hun:

«Det er en vid krets jeg vandrer omkring i. Når jeg til mine 9 barn føyer min pleiedatter Anna og mine 8 svigerbarn, så har jeg i alt 18 barn. Av barnebarn

har jeg 73. Når jeg hertil føyer 7 ektefeller og forloveder der har sluttet seg til dem, og som jo også da er mine barnebarn, blir tallet på dem 80. Av barnebarnsbarn har jeg 5».

Flere av presteparet Kiellands etterkommere engasjerte seg sterkt for misjonssaken, men deres åndelige testamenta fikk betydning langt utenfor den engere familielikretsen og er tatt vel vare på, fram til denne dag, av tusenvis av norske misjonsvenner.

Gunnar A. Skadberg (48) er adjunkt ved Kristianslyst ungdomsskule i Stavanger, men har gifta seg til interesse for Finnøy, og har utvikla ein sterk iver for lokalhistorisk stoff frå øyane. Han har elles skrive mye, og er særleg opptatt av å tilrettelegge lokalhistorisk materiale for skulen.

Gustava Kiellands forfatterskap:

Til Confirmanter, 1849

Erindringer fra mit Liv, 1882

Hjerteblade – Et utdrag fra mine Smaadigte, 1889

Reisebreve fra 1850, 1900

Kilder

- Aasen, Elisabeth: Kvinners spor i skrift. Det norske Samlaget 1986
- Berge, Arne: Foreiningar og religiøse grupperingar i Finnøy og Hjelmeland i 1840, Oslo 1983
- Ekeland, T.B.: Kvinneforeningenes mor. «Sæden som bar hundre fold». Det norske Misjonsselskaps Forlag. Stavanger 1940.
- Jørgensen, Torstein: De første hundre år. I tro og tjeneste. Det norske Misjonsselskap 1842 - 1992. Misjonsskolen i Stavanger 1992.
- Kielland, Axel: Stavanger Borgerbok 1436 - 1850. Stavanger 1935
- Kielland, Gustava: Erindringer fra mit Liv. Stavanger 1947
- Kielland, Hjalmar Chr.: En gammel prests etterladte papirer. Gabriel Kirsebom Kielland, sogneprest til Lyngdal. Kristiania 1922.
- Michaelsen, L.M.: Stavanger Sjøfarts Historie. Dreyer, Stavanger 1927.
- Nome, John: Demringstid i Norge. Det norske Misjonsselskaps Forlag, Stavanger 1942
- Olsen, Theodor: Gustava Kielland, Norsk Misjonstidende 1890, nr. 4, s. 66
- Risa, Lisabet: Mot det opne samfunnet. Fra Vistehola til Eko-fisk, bind I, Universitetsforlaget 1987
- Skadberg, Gunnar A.: Finnøy i fortid, Upublisert
- Tingstad, Roald: Gustava Kielland (1800 - 1889). Kvinneforeningens mor. Fast Grunn 1967
- Wyller, Trygve: Det Stavangerske Klubselskab og Stavanger by i 150 år, Stavanger 1934
- Norsk Misjonsleksikon, bind II s. 556

Svulmende av liv og kraft

AV ERIK FOSSÅSKARET

Rennesøy har hatt fleire «store søner»: Asbjørn Kloster, John Haugvaldsstad og Søren Olsen Vik. Den største av dei alle var likevel ei dotter. 7. desember 1901 døydde ei ung Mosterøy-kvinne på Misjonshotellet i Bergen – 32 år gammal. Snautt noko blad i landet var utan omtale av Elisabeth Edland då meldinga om dødsfallet kom. Bodø Tidende skreiv at «Frøken Edland var Norges bedste foredragsholderske». Avisa «Folkerøsten» i Skien skreiv då ho døydde at enno huggar nok mange det første møtet ho heldt der i byen – 8 år tidlegare – i 1893. I denne artikkelen lar Erik Fossåskaret oss lære Elisabeth Edland nærmare å kjenne.

1880-talet var for si tid like så mykje prega av viktige skifte som vår tid er det. Nye driftsformer i jordbruksket, flytting, formidlinga av nye idear, politisk strid med nye kanalar for maktfordeling, jernbanen, dampskipa langs kysten, i fjordane og på innsjøane. Alt dette gjorde delar av 1800-talet til ein smelteidig av gammalt og nytt. Kvar kom dei nye tankane frå? Kven viste vilje til å arbeida dei fram. Lærer bygdene einverges alt frå byen? Berre frå dei små øyane som no er Rennesøy kommune, var det i førre hundreåret fleire personar som tok på seg leiaroppgåver, og gjennomførde dei slik at dei var med og forma ikkje berre Stavanger og bygdene her i kring, men heile nasjonen.

John Reianes Haugvaldsstad, fødd i 1770, var ein av dei nærmaste venene til Hans Nielsen Hauge. Han er rekna for sjølve biskopen for haugianarane på Vestlandet. Asbjørn Kloster skipa Det Norske Totalavhaldsselskap. Han var fødd på Boknaberg på Vestre Bokn i

1823. Då Asbjørn var 4 år, vart faren forpaktar på Klosterjorda på Utstein. For å lette på livskåra for familien tok moster Gunhild, gift med Bjørn Vik, på Vik-garden i Vikevåg, på seg å fostra opp Asbjørn. Slik vart Asbjørn Kloster buande i Vikevåg frå han var 8 år til han var konfirmert. Trass skilnad i alder, og noko i sosial stand, vart Asbjørn leikekamerat og seinare ein nær ven for livet med Søren Olsen. Faren, Ole Sørensen, kom frå Sauda. Mora heitte Anne Kristine. Ho var dotter av Tjerand Ariansen Helland. Etter at Ole Sørensen og Anne Kristine Tjerandsen gifte seg, budde dei først på ein husmannsplass på Helland på Rennesøy. Der vart Søren fødd i 1827. 9 år gammal flytte han med familien til husmannsplass under Vik i Vikevåg – til ein plass opp imot Vike-stemmen. Såleis kan vi møta Søren Olsen både under namnet Søren Olsen Helland og Søren Olsen Vik. Søren er den første militærnekten i Norge som vi kjenner saka til.

Ho kom opp for den svensk-norske kongen i statsråd på slottet i Stockholm 19. september 1848.

Vi ser korleis Rennesøy har hatt fleire store søner. Den største av dei alle var likevel ei dotter. 7. desember 1901 døydde ei ung Mosterøy-kvinne på Misjons-hotellet i Bergen – 32 år gammal.

Snautt noko blad i landet var utan omtale av Elisabeth Edland då meldinga om dødsfallet kom. Bodø Tidende meinte at «Frøken Edland var Norges bedste foredragsholderske». Avisa «Folkerøsten» i Skien skreiv då Edland døydde at enno hugsar nok mange det første møtet ho heldt der i byen – 8 år tidlegare – i 1893.

Frk. Edland kom og steg op paa talerstolen, vakker, kjek, svulmende av liv og kravt, riktig en nutidens skjolmø at se til – og dertil særdeles veltalende. Hun tok folk med storm. De troende avholdsfolk blev revet fullstendig med, de tvilende blev troende og begeistret, de nysgerrige blev grepet og glemte sin nysgerrighet, og de, som ikke likte at se en kvinne paa talerstolen, fik en anden mening.

Elisabeth Edland vart gravlagd 13. desember 1901. I fleire timer varde ei Norges-vandring til båra hennar i Aske kyrje, med kransar – nær 60 i alt – og blomar. Aldri har det kome så mange blomar til ei kiste frå så mange stader i landet. Då følgjet gjekk or kyrkja, hadde den lyse vinterdagen vorte borte i havet langt der vest. I eit gryande tusmørke la presten tre skuffer jord på kista til Elisabeth Edland.

Over heile landet vart det halde minnifestar. I Gjøvik og i Drangedal, i Hønefoss, i Lillehammer, i Skien, og i Elverum, i Sandefjord og mange stader elles. Per Sivle skreiv prolog til festen i Kristiania, og Anders Hovden laga minnesong.

16. august 1903 vart det avduka bauta over Elisabeth Edland på kyrkjegarden på Askje. Det møtte fram 2 500 personar til høgtida. Alt dette for å minnast og heidra ei kvinne som hadde gjort seg fortent til det då ho var 32 år gammal.

I 1889 valde Mosterøy Elisabeth Edland som utsending til krinsmøtet som Totalavhaldsselskapet skipa i Time det året. Det vart eit kvast ordskifte på møtet om kvinner skulle ha same tale- og val-rett som mennene hadde. Mange av mennene brukte argument som Elisabeth mislikte sterkt. Den 20 år gamle Mosterøy-jenta gjekk på talarstolen i harme og tala kvinnene si sak så dei ærverdige mennene tagde. «Kvinne ville ikkje lenger dra lasset om mennene skulle sitja på vogna og styra,» meinte Edland.

Krinsstyret og dei fremste av fråhaldsfolka elles ville no ha Elisabeth Edland til å reisa som talar for fråhaldssaka – straks. Arbeidet i skolestova heime på Mosterøy var det alltid einkvan som kunne ta over.

Somme av dei som tapte i kvinne-ordskifftet på krinsmøtet, var skeptiske. Klokkaren i Bjerkreim ville ikkje sleppa inn i skulen «dette forvorpne fruentimer, som optræder offentlig». Men presten sette klokkaren si mening til sides, og opna skulen for Elisabeth. Klokkaren, som òg var lærar, gav elevane strengt forbod mot å gå på møtet med Edland. Guten som likevel vågde seg til kyrkje denne kvelden, fekk si strenge straff. Han laut gå om att i skulen eitt år.

I 12 år reiste Elisabeth Edland som agent – slik dei kalla det i den tida – for fråhaldssaka. Og ho arbeidde i tillegg for ungdomsarbeid, kvinnesak, målsak og fredsarbeid. Ho arbeidde som «reise-talar» over heile landet – i storbyar som i små bygder. Og ho vart innbeden som talar til Danmark – mellom anna til København. Det brukte alltid vera slik at når ho kom att andre gongen, var frammøtet fleirdobla. Ho troll-

batt folk. På Otnes i Møre og Romsdal skulle ho ha møte i skulehuset. Det møtte fram så mykje folk at presten laut sleppa dei inn i kyrkja like ved. Såleis vart Elisabeth Edland første kvinnen som tala i ei av staten sine kyrkjer her i landet.

Frå ein tur til Bodø i juli 1894 heiter det at

Omsider kom turen til os. Mandag den 2ds forkyndte plakater at frk. Edland var kommet til byen, og om aftenen vilde holde foredag i Totalen. Lenge før den fastsatte tid var lokalet overfyldt med folk av alle aldre og samfundsstillinger. Mange måtte gå igjen av mangel paa plads –.

Elisabeth Edland heldt foredraget sitt.

Og tilhørerne – ydet frøkenen sin taknemmelige anerkjendelse ved begeistret applaus. Efterretningen om at frøkenen vilde holde et foredrag søndag den 8ds, mottagedes med jubel.

Denne søndagen spelte kommuneorkesteret i høve møtet. Talen vart halden i arbeidarsamfunnet i byen. Det møtte fram 1 400 personar. Seinare same året reiste Edland i Troms og Nordland i 4 månader. Ho heldt rundt 100 foredrag for fleire enn 16 000 tilhøyRARAR.

Elisabeth Edland var fødd i 1869 – som dotter til David og Serina Edland. Mora var frå Dysjaland på Mosterøy. Dei var ikkje meir enn 55 og 52 år då dottera døydde. Heile tida hadde dei gjeve henne god støtte i det arbeidet ho brukte livet på. Det var faren som oppfordra henne til å ta lærarposten på Vaula før ho enno hadde fylt 16 år – fordi krinsen var i beit for lærar.

Ved eitt høve kunne vi trudd at foreldra ville kjent det slik at dottera var nær ved å føre dei opp i forlegenhet. Men dei stilte oppfor henne slik få andre ville

ha makta. «Det hvite band» hadde årsmøte i Stavanger i 1899. Dei 50-60 deltagarane skulle ein tur til Utstein Kloster. Elisabeth Edland var på møtet. Kvelden før turen skulle finne stad, kom fleire av deltagarane og sa at dei svært gjerne ville sjå heimen hennar – landskjent som ho var no. Korleis skulle ho ordna dette? Det var uråd å få gje melding heim til Voll. Korleis ville dei ta det om ho kom heim utan varsel med over 50 gjester midt i onna? Ho vegra seg, men deltagarane stod på sitt.

På veg nord Mastrafjorden sette dampbåten «Rogaland» Elisabeth opp på Voll-kaien. Klokka var 11.00 om føremiddagen. Halvannan time seinare var båten venta tilbake med alle årsmøtedeltakarane som i mellomtida hadde vore på Klosteret. «Heime fant eg alle i godt humør», fortel Elisabeth Edland i eit brev. Foreldre, sysken og tenestefolk gjekk frå åkeren for å stella i stand. Før klokka eitt hadde dei fått opp to flaggstenger med flagg ved inngangen til tunet. Over alt var det pynta med blomar. Borda var dekka med påsmurde skjever, julebrød og kaker. David Edland tok imot den store flokken med gjester. Han slo opp dei doble dørene til den store salen i andre høgda i huset. Damene jubla av begeistring, skreiv Elisabeth om denne vitjinga i heimen.

Erik Fossåskaret (47) er sosiolog og førsteamansis ved Høgskulesenteret i Rogaland. Han har budd i Ryfylke sidan 1974 og bur nå på Rennesøy. Han har eit stort fagleg forfatterskap, og har også tidlegare vore ein flittig bidragsytar i Folk i Ryfylke.

Litteratur:

Søren Olsen: «Et lidet Vidnesbyrd mod Krig og Fægtning», med innleiing og kommentarar av Hans Eirik Aarek. Kvekarlaget, 1985 (Korrektureksemplar).

Lisabet Risa: «Mot det opne samfunnet», i Hovland/Næss (red): Fra Vistehola til Ekofisk, bind I. Universitetsforlaget 1987.

Sven Aarrestad: «Elisabeth Edland. Et liv i det godes tjeneste». Kristiania 1920.

Rygjabø husmorskule

AV TOR SVEINSBORG

Stavanger amt hadde ein ambulerande skule for ungdom i Ryfylke og Karmsund. Første kurset vart halde på Lauvsnes på Finnøy 1875/76. Skulestaden veksla år for år fram til århundreskiftet. Amtstinget vedtok då å leggja skulen på ein fast stad, og etter noko dragkamp vart Finnøy vald som skulestad. Amtet kjøpte 8,4 da. på garden Haga, nær kaien på Judaberg. Eigedomen fekk namnet Rygjabø. Amts-skulen vart vigsla med mykje stas søndag 4. oktober 1903, og første kurset vart halde 1903/04. Då nemninga «amt» i 1918 vart avløyst av «fylke», vart skulenamnet Rygjabø fylkesskule. Seinare vart det etablert ein fylkesskule på Karmøy, Utgarden, og etter ei tid vart det husmorskuletilbod der. Fleire unge kvinner frå Finnøy og Ryfylke var elevar på husmorskulen på Karmøy.

Utover i 1920-åra minka søknaden til fylket sine ungdomsskular. Dette hadde truleg fleire årsaker, m.a. var det därlegare tider reint økonomisk, og det hadde kome i gang ein folkehøgskule på Sand og ein kristelig ungdomsskule ved Stavanger (Solborg). Fylkestinget såg seg i 1926 nøydd til å be om ei utgreiing, og den vart både lang og utdjupande då ho kom i 1927, utan avgjerande konklusjonar. Men økonomien i fylket skranta, den og, og ei sparenemnd vart nedsett. Denne nemnda såg nærmare på dei mange alternativa som utgreiingsnemnda av 1926 hadde lagt fram. Ein kan sjå at her fanst det ikkje lite politisk sprengstoff og opplegg til kamp mellom distrikta, då særleg mellom Ryfylke og Karmsund. Her er ikkje plass til å sjå nærmare på ei interessant saksførehaving. På fylkesting-møtet som avgjorde saka, var det heile 26 representantar som hadde ordet. Med eit lite fleirtal vart det ved-


teke å avvikla Rygjabø fylkesskule og husmorskuleavdelinga ved Utgarden fylkesskule. Rygjabø skulle omskipast til husmorskule for Ryfylke og Karmsund frå januar 1930. I nokon mon vart lærarane på Rygjabø fylkesskule flytta til Utgarden, og motsett for husmorskulelærarane.

HUSMORSKULEN PÅ RYGJABØ 1930–1976 (1982)

Dei første 46 åra vart det halde to 5 månaders kurs i året, gjerne kalla vårkurset og haustkurset. Med lova om vidaregåande skule vart det eittårige grunnkurs for hushaldsfag, men i daglegtale nemnde ein nok Rygjabø framleis som husmorskule. Etter seks år slik, med noko sviktande elevtal, vart skulen tillagt ei line med grunnkurs for helse- og sosialfag. Seinare har det kome til ymse kurs for havbruk, reiseliv m.m.



Rygjabø husmorskule 1951. Foto: Ryfylkemuseett.



Brødbaking.

Men utviklinga i dei seinare åra er ikkje tema i denne artikkelen.

Me kan seia at husmorskulen på Finnøy levde nok så trygt og godt i eit halvt århundre. Og med jamt over 24 elevar i kvart kurs har pålag 2300 fått vitnemål om gjennomførd husmorskule på Rygjabø. Omlag alle desse er jenter, og det var vel mest som ein sensasjon då ein gut var elev midt i 70-åra.

Fylket sine husmorskular på Finnøy (Rygjabø), i Sola (Sømme) og på Helleland (Dalheim) var nok i første rekke for landsjenter, og det vil då i hovudsak seja jenter frå gardar. Byane Stavanger og Haugesund var utanom fylkeskommunen då, og hadde sine eigne husmorskular.

Sidan det var slik, ser me at fylkestinget ved drøftingane i 1929 var opptekne av at det måtte vera ein liten jordveg til husmorskulen, og det måtte og vera høve til å halda dyr. Fleire nemnde høns og gris då styret for husmorskulane skulle tilrå skuleplanen for Rygjabø. «Men», står det som ein kuriositet, «kyr går ut, då det ikkje er plass til kyr på eigedomen».

Den praktiske delen av opplæringa hadde største plassen på læreplanen. Men det var ikkje så reint lite teori heller. Planen vart noko endra i dei seinare åra, men i hovudsak vart han verande slik han vart vedteken av fylkestinget i mai 1930, og då heilt i samsvar med tilrådinga frå styret for skulen.

Teorideelen omfatta desse emna:

Matlære, helselære, småbarnstell, sjukestell, hagebrukslære, husdyrlære, kjemi, rekneskap og rekning, song, rissing.

Og så den praktiske delen:

Mat- og husstell, handarbeid, vask og stryking, dyrestell og utearbeid.

Kwart emneområde hadde sitt timetal, og samla var halvårskurset på 840 timer.

Elevane kom frå heile midt- og nordfylket. Stundom ser me og at jenter frå Jæren har søkt seg til Rygjabø. Og i seinare tid hende det jamvel at byjenter var elevar der. Det ser elles ut til at Rygjabø har vore særleg tiltrekjande for dei unge kvinnene i nordfylket. Eit anna særdrag er at det er ikkje så mange Finn-



Potetsetjing. Dette og dei øvrige bilda i artikkelen har forfattaren lånt av Judit (Ødegård) Lauvsnes som var lærar på skulen. Bilda er tatt på vårkurset 1956.

øyjenter som ein kunne venta og tru. Men sjølvsagt er det alt i alt mange «innfødde» jenter som har vore innom Rygjabø før dei evt. drog ut i verda. Husmorskulen var eit godt grunnlag om ein t.d. søkte etter «huspost» i byane.

Det bør nemnast at husmorskulen på Rygjabø har hatt heller mykje å seia for konerekrutteringa på Finnøy. Om ein gav seg til å telja etter i klasselistene, ville ein finna svært mange att som vart gifte med gutar frå Finnøy. Dei fleste av desse vart og buande på Finnøy, medan andre følgde med Finnøyguten dit han flytte, det vere seg til byen eller andre stader. Det går mange morosame historier om Finnøygutane sine «tokter» til Rygjabø i forsøk på å finna nett den jenta dei hadde sett seg ut. Desse besøka vart vel ikkje alltid godt mottekte av styrarinne og lærarinne, men kanskje noko motbør berre gav meirsmak.

«Det var i grunnen skrekkeleg løye og,» har mang ein Finnøykar sagt i ettertid.

Det skulle etter tida sine krav vera strengt på ein internatskule, som Rygjabø var. Her var ikkje ein stad der ein fritt fram kunne gjera som ein ville, ikkje eit gong i fritida frå skuletimane. Regelverket var nok strengt, men likevel valda det små problem. Til vanleg var det gildt å vera saman så mange nokolunde jammagle, og dei fleste lærarinnene gjorde sitt til at opphaldet vart triveleg. Derfor høyrer me at tidlegare elevar gjerne seier:

«Å, så kjekt me hadde det på Rygjabø.»

Skulen var merksam på at det måtte vera eit godt forhold til bygda og folket der. Såleis var det vanleg at nokre av Finnøyfolket fekk innbeding til festlege tilstellingar på skulen. Rett nok var det ikkje plass til så mange, og i ettertid kan ein kanskje meina at det ofte var eit overtal av slike som hadde noko høg politisk eller sosial status som vart bedne. Men ein skal då

skunda seg og leggja til at det slett ikkje var slik berre ved skulen på Rygjabø. Og på denne måten vart skulen gjort kjend og Finnøyfolket såg stort på at ein av fylket sine skular var på øya. Derfor ser ein og at kommunestyret i Finnøy omtalar dagens Rygjabø vidaregåande skule som ein spesiell og nyttig ressurs i kommunen.

Utanom desse bygdekeldane, som kan vera ei dekkjande nemning, hadde skulen meir interne samkomer, som «kjærastefestar» og tilstellingar saman med jordbrukskulen på Tveit i Nedstrand. Her vart unge kvinner og menn kjende med kvarandre, og for somme vart det gjerne «noko meir av det», som dei sa.



EIN EPOKE TAR SLUTT. EI NY TID FOR SKULEN

Som me forstår, var Rygjabø husmorskule eit viktig element i Ryfylke gjennom eit halvt hundreår. I tillegg til den faglege opplæring som mange unge jenter fekk der, lyt me ta med verdien av å vera nært saman med andre ungdommar. I eit lite og gjerne einsidig samfunn som internatlivet måtte dei læra å ta omsyn til kvarandre. Og spesielt for Finnøy har det vore mykje bra at så mange av jentene fann ektemaken sin der. Kanskje hadde han rett, mannen som sa: «Kva skulle me gjort om me ikkje hadde hatt Rygjabø og handelslaga. Då hadde det vore grueleg med ungkarar her på øya.»

Dei store endringane som etter kvart kom til, ikkje minst gjennom reformene for grunnskule og skulane for ungdommar, med m.a. sterkt desentralisering, tok bort mykje av grunnlaget for de spesielle ved husmorskulane. I Finnøy var dei glade for at skulen på Rygjabø etter kvart kunne nyttast også i systemet for vidaregåande skular. Med sine vel 90 år er Rygjabø ein av dei eldste skulane i Rogaland fylke si eige. Dei gode kommunikasjonane som er komne til, og som ventelleg blir endå betre, skulle tilseia at Rygjabø framleis kan vera ein viktig skule i Ryfylkeregionen.

Tor Sveinsborg (71) er fødd og oppvaksen i Sandsbygda i Suldal. Han er utdanna lærar, og har m.a. arbeidd i Årdal, Hjelmeland og Finnøy. Frå 1961 til 1991 var han skuleinspektør og skulesjef i Finnøy. Han har tidlegare skrive om skulespørsmål, m.a. lærehefte «Ei øy i Noreg».

Prøve på festbord.

Tenestejenter

AV NJÅL TJELTVEIT

Å vera tenestejente er eit kvinneyrke med lang tradisjon i Ryfylke som andre plassar. Tenestejentene møter vi i bondesamfunnet og i byane så langt tilbake som vi veit. For unge jenter i Ryfylke-bygdene fanst det ikkje mange yrkesvegar å velja mellom når dei var konfirmerte og tok dei første stega inn i vaksenverda. Derfor valde svært mange ungjenter å skaffa seg tenesteoppdrag på gardar i heimbygda eller andre bygder og i Stavanger.

Behovet for arbeidskraft var stort. Av den grunn let det seg tolleg lett gjera å få arbeid som tenestejente. I fleire distrikt blei ordet taus brukt. Men det er ikkje vanleg i Ryfylke. Her blei nemningane jente og dreng brukte om unge menneske som hyrte seg i tenesteoppdrag for faste periodar. På gardane var det like vanleg å ha mannlige drenger som tenestejenter.

Å tena hos andre kunne vara ein kortvarig periode av ei ung kvinne sitt liv. Her fekk dei erfaring som førebudde dei til husmorrolla, og dei som tente på gard, skaffa seg praksis til dei sjølve gifte seg og blei bondekone med alle dei plikter det førte med seg inne og ute.

Tenestejentene bytte ofte arbeidsstad. Dette var kanskje den største fridomen dei hadde i ei yrkesrolle med mange plikter og lang arbeidsdag der husmor eller husbondfolk styrte arbeidet og kva innhald dei lange arbeidsdagane skulle ha. Demokrati på arbeidsplassen var eit lite kjent omgrep i tenestejentne sin epoke i norsk samfunnsliv.

Ordna fritid fanst det lite av. Arbeidsdagen for tenestejentene kunne starta i 6–7-tida om morgonen og vara til 7–8-tida om kvelden. Søndagane var det gjerne vanleg at tenestejentene hadde fri halve søndagen annakvar veke. Å reisa heim på besøk let seg ikkje gjera så lett for unge jenter frå Ryfylke på teneste i Stavanger eller andre bygder.

Giftarmål gjorde slutt på rolla som tenestejente for mange. Nokre skaffa seg utdanning, i masseutvandringsåra på 1800-talet drog ei rad unge jenter til Amerika. I Stavanger fanst det meir av arbeidsplassalternativ for unge jenter enn i Ryfylke. Her hadde m.a. hermetikkindustrien bruk for mykje kvinneleg arbeidskraft.

Det fleste ungjenter som byrja i teneste, skaffa seg gjerne plass gjennom kjenningar og slektingar. Andre las avisannonser og söktepå ledige postar i Stavanger eller i anna Ryfylke-bygd. Nokre drog og frå Ryfylke til Jæren på teneste.

For mange ungjenter i Ryfylke var det vanleg å ha

sin første tenarpost på heimstaden rett etter dei var konfirmerte. Så kunne ferda gå til ei anna bygd i Ryfylke eller til Stavanger.

«MARTA» I TENESTE

Vi skal no følgja ei ung jente frå Hjelmeland og hennar liv som tenestejente til ho enda som gardakone i heimbygda. Hennar situasjon er typisk for det mange jenter opplevde. Vi vel å kalla henne for «Marta». Ho er fødd ein stad i Hjelmeland kring 1920.

Då «Marta» vokste opp, var det få ungjenter som gjekk skulevegen. Mange drog ut i teneste. «Marta» hadde sitt første tenesteoppdrag på nabogarden då ho var fjorten år gammal. Ho tente då berre enkelte dagar og hadde ikkje fast og langsiktig avtale. Oppgåvane var barnepassing, mjølking og separering. Ho var og med på frukthenting.

Så bar det bort frå heimbygda til teneste på Rennesøy. Løna var 15 kroner månaden. Søstera tente på Rennesøy frå før, og det var ho som skaffa «Marta» plass. «Marta» slo seg til ro i 1 1/2 år på Rennesøy. Då ho kom dit, møtte mannen på garden fram på kaien med hest. Arbeidsoppgåvane varierte; ei tenestejente gjorde nytte for seg både ute og inne.

Arbeidsdagen tok ofte til i 7-tida om morgonen med mjølking. Dagen slutta gjerne i 19-tida med kveldsmat. Etterpå sat «Marta» ofte med eit handarbeid eller gjekk ut. Det fanst jenter i teneste på dei fleste gardane, og i fritida sokte dei kontakt med kvarandre. Dei fleste tenestejentene kom frå Ryfylke, og dei kom i kontakt med jenter som var heimehøyrande i bygda.

Når jenter møttest i fritida, gjekk dei gjerne og dreiv på vegane. Det var møte på bedehuset, julefestar og basarar. Ungdomslag med variert program og festar fanst ikkje.

Fridagar var det lite av. Søndagsfrei hadde «Marta» ikkje, men det blei høve til heimreis når ho fekk fri nokre dagar i strekk. For å kunne kjøpa seg ny kåpe, laut «Marta» areida i 3 månader.

Etter tida på Rennesøy og eit kortare opphold heime, bar det til Sandnes på huspost der. Så braut den andre verdskriga ut, og etter eit halvt år i teneste i Sandnes, var det naturleg å vera heime den første tida etter at krigen kom til landet.

Hausten 1940 reiste ho til Stavanger og fekk huspost hos ein familie der. Familien averterte etter jente i avis, og informanten vår møtte til samtale før ho blei tilsett. Å ha huspost i byen gav mindre fysisk slit enn å vera jente på ein gard. «Marta» fortel at ho hadde lyst å komma til byen. Der var det meir å gå på og fleire opplevingar å kunne få del i.

Arbeidsdagen tok til i 7-7.30-tida om morgonen. Første oppgåva var å laga frukost. Så venta oppvask og husarbeid. «Marta» hadde og fast handleoppdrag på byen om føremiddagen. Middag måtte lagast midt på dagen. Dei som ikkje var heime då, fekk oppvarma middag seinare. Kveldsmaten avslutta arbeidsdagen for hushjelpane. Husmora deltok i arbeidet og rettleidde. M.a. fortalte ho korleis fiskemat skulle lagast.

«Marta» hadde eige rom, men dette var ikkje det beste rommet i huset. Ho budde på eit skråkammers der det kunne vera kaldt. Om kveldane sat «Marta» ofte inne i stova med sjølvefolket i huset. Dette var ikkje vanleg alle plassar.

Når «Marta» tenkjer tilbake på tenestetida i Stavanger, tykkjer ho at ho fann seg bra til rette. Hushjelper stod lågt i status, men «Marta» tykkjer ikkje dei såg ned på henne i huset der ho tente.

I fritida møttest andre tenestejenter på romma hos kvarandre. «Marta» gjekk i Unges Misjonsforening, og dei var på sirkus og ein gong på teater. Kino var

det ikkje så vanleg å gå på under krigen. Der gjekk det så mange tyskarar.

«Marta» tenkte ikkje å vera tenestejente på livstid. Ho fekk seg sidan arbeid i ein kolonialbutikk og gjekk på handelskule om kveldane. Sidan byrja ho på eit kontor. Då ho tok til på handelskulen, var det eit viktig mål å utdanna seg vekk frå husposten. «Marta» tykkjer i ettertid at ho lærte mykje i dei tenestepostane ho hadde. Ho er ikkje misunneleg på dei jammaldringane som fekk gå meir på skule.

«Marta» sin situasjon er typisk på fleire måtar. Ho byrja i teneste rett etter konfirmasjonen og skaffa seg huspost på gard ein annan plass i Ryfylke etter ho hadde fått praksis i heimbygda først. Som for andre ungjenter på den tid var det heilt naturleg å hyra seg som tenestejente i ungdommen. Dette var ein naturleg del av ungjenteutviklinga frå 14–15 års alder til å passera 20 år og nærma seg giftarmål og avslutning på tenesteprosessen. Opplevingane frå det praktiske og varierte arbeidet som tenestejente var likt for vår «Marta» som for andre tenestejenter. Men ikkje alle tenestejenter frå Ryfylke tok teneste i Stavanger.

BYEN LOKKA

For unge ryfylkejenter kunne det opplevast som ein stor overgang å komma til Stavanger og byrja i huspost. Men byen verka likevel lokkande på mange. Ei eldre dame på over 90 år seier at ho ikkje kunne tenkja seg å vera tenestejente på ein gard. Arbeitsoppgåvane der var dei same som heime, og i feriane venta onnearbeidet på heimegarden der foreldra trong om all den hjelpe dei kunne få av ungane sine. Dessutan trøngst det alltid arbeidshjelp heime, så ungjentene laut bytast åt med å dra ut på skular og i teneste.

Lønene var ikkje store for hushjelper i Stavanger kring 1920. Mat og hus høyrdet med som fast ordning

i husposten, ellers rakk løna mest ikkje til noko. Vår informant hadde ikkje råd å kjøpa seg handarbeid den første tida ho tente i byen. Faren følgde henne til Stavanger frå ei lita bygd i indre Ryfylke. I starten var månadsløna 15 kroner. Dei pengane gjekk til å kjøpa eit par skor. Etter å ha tent ein heil sommar, såg vår informant seg råd til å investera i kjoletry og få sydd seg ein ny kjole.

Landsjenter fekk inntrykk av at mange byfamiliar tykte om å få tenestejenter frå landet. Ungjenter frå Ryfylke hadde ord på seg for å vera gode til å arbeida, og arbeidserfaring hadde dei rikeleg av alt frå tidlege barneår.

Men sjølv om «fine» byfamiliar gjerne ønskten landsjenter i teneste, fekk unge jenter ofte inntrykk av at bønder og folk med bygdebakgrunn blei sedd på som om dei høyrdet til ei lågare statusgruppe enn byfolk i høgare stillingar. For det var denne sosialgruppa som mest leigde hushjelper. Tenestejenter var ikkje vanleg i arbeiderfamiliar.

Også i byane byrja arbeidsdagen for jenter i teneste gjerne i 6–7-tida om morgonen. Første oppdraget var å laga frukost. Ellers veksla arbeidsoppgåvane mellom matlagning, oppvask, reingjering i huset, bøting og stell ab klede, klesvask, handling og barnepass. Om arbeidsdagen kunne vera lang nok med mange plikter, var det ikkje det same kroppslege slitet å ha huspost i byen som å vera tenestejente på ein gard. Særleg kunne det vera travelt i slåttonnene på landsbygda.

Kvar onsdag var fast tradisjon som frikveld for hushjelper i byen. På søndagane fekk hushjelpene fri tre-djekvar søndag etter at middagen var laga. Ei jente frå Ryfylke fortel at ho melde seg inn i Bondeungdomslaget for å ta del i aktivitetane der og treffa annan landsungdom. Det kom kort med melding om lagsmøte på torsdagar. Husfrua las kortet då ho såg gjennom

posten og leverte det frå seg til hushjelpa med ein negativ kommentar. Onsdagen skulle vera frikveld. Andre kveldar sat hushjelpa ofte inne etter kveldsmaten var ferdig og strikka for ungane i huset!

Mange hushjelper som hadde teneste i Stavanger, fortel at dei i fritida sökte saman med andre landsjenter i same situasjon. Dei kunne rusla rundt i gatene i den lyse årstida, gå innom ein kafé, vitja kvarandre på romma eller gå i Bondeungdomslaget, på kino eller på andre formelle tilskipingar. Eldre kvinner som minnest tilbake til sin tidlege ungdom som hushjelp i Stavanger, meiner dei kjende seg blyge. Det var ikkje alltid så lett å koma i kontakt med andre. Derfor sökte dei lett saman med folk dei kjende frå før.

Om mange ikkje stortreivst der dei tente, var det ikkje så lett å byta plass i tide og utide. Men mange valde å skifta etter ei tid dersom det laga seg med huspost ein stad der dei trudde dei ville trivast betre.

Det finst døme på at bygdefolk tykte lite om at unge landsjenter heller ville dra til byen i teneste framfor å hyra seg på ein gard. Ei ungjente som hadde huspost i Stavanger og hos familiar høgt på den sosiale rangstigen i andre byliknande samfunn, blei omtala av broren på heimegarden. Han kommenterte systeran og sa at ho treivst best når ho fekk ta seg av «dritten» til dei fine i byen og i Sauda!

BYGDA BEST

Men om nokre ungjenter gjerne ville ha med seg byoppleving frå tida si som tenestejente, finst det døme på at bygdejenter frå Ryfylke ikkje kunne tenka seg huspost i byen. Vi har i arbeidet med dette emnet funne døme på at ryfylkejenter primært ønskte tenesteooppdrag som var knytt til bygdemiljø og gard.

Ein eldre informant, fødd 1904, fortel at ho var i teneste ulike stader i 20 år før ho gifte seg og fekk

eigen heim. Ho minnest trivelege tenesteår der ho tykte det var greitt å vera ei stund på kvar stad når ho treivst saman med folka på garden. Somme stader gjekk ho så godt saman med dei som budde på garden, at ho mest opplevde å vera eit familiemedlem. Informanten vår var svært glad i dyr, og tenkjer med glede tilbake til somrane då ho var budeie. Til byen lengta ho absolutt ikkje. Ho kjende seg tryggast blant sine eigne på gardar.

Ein annan informant tykkjer i ettertid at det ville vore spennande med huspost i byen, men ho kom seg aldri til å søkja seg til Stavanger. Hennar 10 år som tenestejente var alle på gardar i ulike Ryfylke-bygder.

Eit liv som tenestejente i 20 år baud på mykje slit. Men ein måtte ta det som baud seg av arbeid. Å vera tenestejente blei sedd på som ein sjølvsagd del av livsrytmen for ungjenter i samtida. Ein kunne ikkje velja og vraka. Arbeidet varierte frå spinning, veving, spøting, vasking, mjølking, hesjing om somrane og hevdabreiing. Dei første månadslønene var så låge at det ikkje var råd til å kjøpa seg ein kjole for dei.

Det var svært vanleg at tenestejentene gjorde handarbeid for folket på garden. Ei tenestejente hugsar at ho ein gong spøtte 10 sokkepar til folka på garden. På mange gardar var det store barneflokkar, og tenestejentene fekk ofte god kontakt med småungane. Å ta seg av ungar var og ein del av det svært varierte innhaldet i dei lange arbeidsdagane for tenestejentene. Om kveldane sat dei gjerne i stova saman med resten av familien. Derfor blei det mest som eit familiemedlem.

For mange foreldre kjendest det godt då ungane blei så gamle at dei kunne dra ut i teneste. Det førte til færre munnar å metta i det heimlege hushaldet. Derfor fortel fleire informantar at dei måtte byta med andre søskan om å vera heime og reisa ut i teneste. Når dei hadde arbeidd ei tid, laut dei heim og ta sin tørn der.

Dette kan vera med og forklara at somme ungjenter prøvde å skaffa seg huspost i byen. Då fekk dei meir variasjon i arbeidsrytmen. For å vera tenestejente på ein gard baud på same arbeidsoppgåver og arbeidsrytme som på heimegarden.

Ein informant fortel at ho hjelpte til med pengar når ho hadde vore ute i teneste ein periode. For midlar var det smått med. Derfor kom ungjenta heim frå teneste med kontantar og kjøpte nye møblar i stova. Løna for hushjelper på gardane i 1920–30-åra var gjerne 25 kroner for månaden. Hus og kost heldt dei som hyrte. Ein sommar hadde ei ungjente 50 kroner månaden då ho stølte og hadde det svært travelt. Då tykte ho at ho fekk god betaling!

TENESTEJENTENE BLIR BORTE

Samfunnsendringar i etterkrigsåra førte til at behovet for tenestejenter på heller kort tid blei borte. Dette gjaldt både på landet og i byane. Ikkje minst skjedde det store forandringar på bygdene, i Ryfylke som i andre distrikt. Mekanisering i landbruket og elektrifisering med mange nye hjelpemiddel i heimane og på gardane endra både heimeliv og arbeidsliv.

Innlagt vatn og elektriske hjelpemiddel som komfyr, fryseboks, varmtvasstank, vaskemaskin, kjøleskåp o. a. gjorde at husmorrolla endra seg seg. Frå kring 1960 gjekk mange små og mellomstore bruk ut or tradisjonell jordbruksproduksjon. På gardane skjedde det ein mekaniserings- og spesialiseringssprosess. Som for husmorarbeidet i heimane blei mykje av det som før blei gjort med muskelkraft erstatta med maskinkraft. Dermed blei behovet for tenestejenter og drenger borte. På gardane budde berre kjernefamilien. På få år blei behovet for tenestejenter borte.

Seinare kom bygdekvinnene til å gå meir og meir ut i lønsarbeid. Yrkesdeltakinga auka radikalt, og kvin-

nerolla endra seg. Velstandsutviklinga i etterkrigs-Noreg førte til at fleire kvinner tok utdanning og fekk seg arbeid med fastare karakter enn det som var vanleg for tenestejenter. Det har vore sagt at den største fridomen ei tenestejente hadde, var at ho ikkje hyrte seg for lang tid om gongen og lett kunne skifta arbeidsstad.

Tidleg på 1960-talet var det ikkje att mange tenestejenter i Ryfylke eller med Ryfylke-bakgrunn i Stavanger.

LÅGSTATUSROLLE

Tenestejenter var låglønsarbeidrarar. Felles for livsrytmen deira var slit og varierte arbeidsoppgåver der det fanst rikeleg med høve til å ta tunge tak gjennom lange arbeidsdagar.

Men mange landsjenter hadde ikkje noko val. Skulle dei i unge år ut i arbeidslivet for å tena til levemåten, var tenestejenterolla det einaste og sjølvsagte å satsa på. I 1900 var 30 prosent av alle kvinner med lønsarbeid i Noreg tenestejenter. Flesteparten av hushjelpene i byane var innflyttarar.

Vi har ikkje funne grunnlag for å fastslå at unge ryfylkejenter frå kring 1920 og utetter opplevde det mindreverdig å vera tenestejenter. Ein viktig grunn til dette skriv seg truleg frå at det var svært vanleg at unge jenter skaffa seg arbeid som tenestejenter frå konfirmasjonstida og ut over i ungdomsåra. Dessutan var livet som tenestejente noko dei fleste ikkje såg for seg skulle vara livet ut. Åra som tenestejente var for mange ein del av ein epoke i ein livsrytme som enda med giftarmål og familiære oppgåver.

Å vera tenestejente gav og høve til å komma bort frå etter måten avstengde bygdesamfunn til andre bygder og Stavanger. Nye plassar kunne by på nye opplevingar og møte med nye menneske, m.a. guitar.

Rolla som tenestejente var ein del av førebuingsprosessen til å finna ein livspartner. Eit kjærleiksmøte kunne gjera slutt på den mellombels rolla som tenestejente og føra til ein fastare og tryggare livssituasjon som husmor i eigen heim.

Men om eldre kvinner i Ryfylke ikkje ser tilbake på ungjenteår i teneste på ulike stader med negative holdningar, vil dei truleg ikkje utan vidare jubla over noko Hanna Winsnes ein gong sa om tenestejentene: «En tjenestepikes liv, når hun tjener hos gode folk, er et sorgfritt liv. Hun har kun sin egen person å sørge for og kan sove rolig inn etter sin travle dag, mens hennes husband ofte holdes våken av uro for de kommende tider og av mange slags bekymringer som I kun lite kjenner til.»

For moderne ryfylkekvinner av i dag med utdanning og yrkesappettitt er tidsepoken til tenestejentene ei fjern og uverkeleg historie. Etterkrigsåra førte til store samfunnsendringar, og dei gjorde slutt på ein lang yrkestradisjon for norske kvinner. Særleg gjaldt dette unge bygdejenter.

Artikkelen byggjer på samtalar med eldre kvinner i fleire Ryfylke-bygder. Av skriftlege kjelder er nyttå «Oppे først og sist i seng» av Anna Jorunn Avdem og Kari Melby, gitt ut i Oslo i 1985 og artikkelen «Disse uforskammede Piger . . . » i Norges Kulturhistorie, band 4 frå 1983.

Njål Tjeltveit er leiar av driftseining for kyrkje og kultur i Hjelmaland. Han har skrive fleire bøker og ei rekke artiklar om lokalhistoriske emne frå Ryfylke.

Brurestas i Ryfylke

AV MÅLFRID GRIMSTVEDT

På bryllaupsdagen er brura «dronning for ein dag», skriv Målfrid Grimstvedt i denne artikkelen. Og ho gjer greie for dei svingningane i moten som bruredrakta var gjennom frå 1800-talet og frametter. Men først og fremst skriv ho om den eldgamle skikken om å bruke krune. Ein skikk som skriv seg like attende til mellomalderen og som var i bruk lenge etter at andre delar av den tradisjonelle drakta var lagt av, og som ennå ikkje har gått av moten. Målfrid Grimstvedt er ein av dei fremste bunadskjennarane i Rogaland.

Eit spørsmål i telefonen: «Eg har eit brurebilete av besteforeldra mine. Dei var frå Hjelmeland og gifta seg i 1907. Bestemor har brurekrune. Ho eigde ikkje den kruna. Veit du noko om slike kruner? Korleis kunne det ha seg at ho brukte krune.» Eg fekk sjå fotografiet. Det var ikkje så vanskeleg å hjelpe han. Ingen tvil om at dette var brurekruna som Brita Hylen i Sand åtte i si tid. Den er nå på Stavanger Museum.

La oss stoppa opp ved bilete av brureparet frå 1907. Skal me freista å tenka oss inn i Britta sin stad? Bryllaupsdagen er brura «dronning for ein dag». Ho kler seg i sin finaste stas - anten eigen stas eller lånt. I mange bygder var det skikk at det skulle vera noko eige og noko lånt. Ei brurekrune t.d. var det berre dei aller færreste som åtte sjølv. Det var vanleg å leiga den.

Bruredrakten er samansett av fleire deler: Det spesielle brureutstyret - slikt som ho berre kunne brukta bryllaupsdagen og resten av kledningen som ho kunne ha til besteklær i mange år framover.

Kva sa moten om bruredrakt på den tid? Kvit brurekjole og slør kom på moten så tidleg rundt år 1800. Men det var ikkje for bygdefolk. Det tok meir enn hundre år før den kvite brurekjolen fann vegen ut på bygdene. Sløret derimot, kom i bruk nokre tiår tidlegare. Blar me i gamle fotografi får me eit godt bilet på kva som var i bruk. Svart kjole, myrtekrans og forsiktig kvitt slør var utan tvil den mest vanlege brurekledningen dengong Britta gifta seg. Britta har den svarte kjolen, men kruna istadenfor myrtekrans og slør.

På 1800-talet var brurekruner i sòlv det gjevaste ei bruk kunne tenka seg i mange norske bygder. Kva veit me så om bruken av slike i Ryfylke? Det er bevart fleire brurekruner i Rogaland. Stavanger Museum har ei krune i tillegg til den nemnde. Det er ei krune i gylt sòlv, laga i Bergen i 1847 og brukta på Utvik på Karmøy. I Sauda er det ei krune på Risvoll som har vore til uteleige i mange år. Den er også laga i Bergen, av gullsmed Jacob Chr. Ravn i 1850.

Brita Hylen kjøpte si brurekrune på auksjon etter lensmann Anders Mollatveit i Sauda. Kruna er laga av gullsmed Laurits Hammer i Bergen i 1862. Lensmann Anders Torbjørnsen på Mollatveit hadde to døtre som gifta seg på den tid. Det var truleg ei eller begge desse som først brukte kruna.

Seinare har fleire brukta kruna. Ingrid Larsdotter Herabakka gifta seg til Stråpa i Suldal i 1894. Det er bevart eit foto av brur og brudgom saman med heile brurefølgje i Suldalsosen. Seinare vart kruna leigt til Finnøy, då Anna Steinnes gifta seg i 1905. Og Britta Jørmeland ber kruna på fotografiet frå 1907.

Fotografiet viser tydeleg den flotte sølvkruna. Det er ein krans nederst på kruna. Dette er eit band av mørk raud fløyel som er pryda med tøyblomar. På brystet og over akslene heng bringeduken. Den er laga av mørk raud fløyel, kanta med band og kvit blonde og pynta med gylt sølv med steinar og tøyblomar. Frå nedste kanten av kruna heng det breie silkeband nedetter ryggen. Brura er elles kledd i svart eller mørk kjole slik moten var kring 1907.

Ein kan gjera seg mange tankar om denne bruredrakten. Eg skal berre gripa fatt i ein av dei. Det er blandinga av gammalt og nytt i drakten. Ei krunebrur forbinder dei fleste med rotekte norske bondetradisjoner. Det er langt på veg rett. Brurekruna har også vore brukt i dei andre nordiske landa. Men skikken har vore sers utbreidd her, og heldt seg spesielt lenge på Vestlandet.

Skikken er gammal. Frå tidleg mellomalderen blei kruna brukt av kongar og fyrstar. Bruken av krune til brura går attende til seinmellomalderen i Europa. Jomfru Maria blei framstilt med krune på hovudet og ei jomfru skulle bera krune på bryllaupsdagen sin. Me veit lite om kva tid brurekruna kom i bruk her i landet, men presten Absalon Beyer skriv i 1580-åra at kruna



Brureparet Britta Olsdatter Jørmeland (1884–1955) og Berge Johannesson Breiland (1879–1921) gifta seg i 1907. Dei budde på garden Jørmeland i Hjelmeland.

var «verdighetstegn for ærbare bruder». Det er bevart norske brurekruner frå 1600-talet.

Men det er likevel ikkje sikkert at kruna er det eldste trekket i bruredrakten til Britta. Aagot Noss har skrive eit omfattande verk om kvinnene sin hovudbunad: «Lad og krune, frå jente til brur». Lad er eit prydband som både den ugifte jenta og brura har brukta mange stader i landet. Aagot Noss hevdar at ladet er eldre enn kruna. I dei områda av landet der kruna er teken i bruk er ladet gått inn som ein del av krune-hovudbunaden. Ladet er då blitt eit band med prydnað og dette er ein del av krunebunaden. På kruna som Britta ber er dette bandet festa til sjølve kruna. Andre stader på Vestlandet er tilsvarannde band pryda med sòlvstas. Det raude bandet med tøyblomar som synest moderne samanlikna med sòlvkruna kan altså vera ei minne om ein eldre brurehovudbunad.

Bringeduken var ein fast del av krunebunaden. Den har variert mykje både i fasong og utsmykking. Britta Jørmeland held eit par hanskar i handa. Det var også eit moderne trekk. Men ho har ingen blomebukett. Blomebuketten ser ut til å ha kome i bruk sist på 1800-talet på bygdene i Rogaland og andre brurer brukte blomebukett saman med brurekrune. Det er jamvel døme på at ei brur sette kvitt slør på brurekruna.

Det er eit stolt brurepar me ser på fotografiet. Mon tro kor bevisst Britta var då ho sette saman brurekledningen sin av noko nymotens og noko gammalt? Truleg var ho ikkje meir bevisst enn dei fleste andre. Ho gjorde sine val ut frå det som fall seg naturleg for henne. Det er berre me nå i ettertid som synest kombinasjonen av nymotens kjole og brurekrune skurrar. Ho var heller ikkje den siste som gifta seg i kruna til Britta Hylen. Kruna var i bruk like til ho kom til Stavanger Museum tidleg i 1920-åra. Brurekrune har også vore brukt i Sør-Rogaland. Fram til byrjinga av

1800-talet pynta også kvinnene på Jæren seg med brurekrune. Joachim Grude skriv at mor hans var den siste som brukte brurekrune i Klepp kyrkje. Det var i 1821.

I vår tid er også kruna frå Ryfylke aktuell. Dei første rogalandsbunadene blei laga i 1920-åra og dei blei tidleg teke i bruk av krunebrurer. I 1960-åra laga gullsmed Berner i Stavanger to kopiar av kruna etter Brita Hylen. Den eine kopien eig Stavanger Husflidsforening og den andre eig Leikarringen i Bondeungdomslaget i Stavanger. Begge krunene blir idag bruka saman med rogalandsbunad til bryllaups. Leikarringen har kopiert alt brureutstyret og dei har også laga ein spesiell brurebunad. Dei har fått kopiert stakk, liv, forkle og sjal frå garden Ropeid i Sand. Desse plagga skal etter tradisjonen ha vore bruka til bryllaups. Leikarringen har såleis ein heil brurebunad frå Ryfylke til utlån.

Målfrid Grimstvedt (45) tok magistergraden i etnologi i på ei avhandling om folkedrakt og bunad i Flesberg i Numedalen. Seinare har ho skrive ei rekke artiklar i ulike tidsskrift, arbeidd mye med fotobevaring og vore bilderedaktør for fylkeshistoria for Rogaland (Fra Vistehola til Ekofisk 1987) og for Stavanger-historia (Stavanger mellom sild og olje 1988). Ho er medlem i Bunad- og folkedraktrådet og arbeider som konservator ved Jærmuseet. Ein stutt periode var ho også vikar i styrarstillingen ved Rogaland Folkemuseum.

Kjelder og litteratur:

- Bjarne Jørmeland, Tananger har biletet av besteforeldra sine.
Magnus Våge: Den gamle brure- og brudgomsbunaden i Rogaland. Stavanger Aftenblad, 2.7.1926
Aagot Noss: Lad og krone frå jente til brur. Oslo 1991.
Anne Kjellberg: Brudekjolen. Norske bryllupsmøter gjennom 400 år. Oslo 1991.
Jorunn Fossberg: Draktsølv, Oslo 1991.

Jenter på anlegg

AV ROY HØIBO

I det rå og ytre var kvinnfolk noe ein såg fram til i helgene, eit mål for oppsamla sakn og understimulerte kjensler. Aleine på brakka tenkte busen på ho mor eller kona eller jentungen som sat heime og venta på han som skulle koma heim frå langpendling, og som var redde for den lange bilturen på vekslande føre. I skjæringspunktet mellom rollene som kjønnsobjekt og omsorgsperson fann ein jentene på anlegget, som ein minoritet i ein dominante mannskultur. Denne artikkelen handlar om korleis dei hadde det.

I 1981 nådde arbeidsinnsatsen på Ulla-Førre-anlegga toppen. Da var det på det meste 1552 personar tilsette på anlegga. Av desse var godt og vel 200 kvinner. 180 kvinner arbeidde på brakkene, resten på kontora og noen få i produksjonen.

Noen år seinare, i 1984, gjennomførte Ryfylke-museet ei større intervjuasamling blant tilsette på anlegga. Ein del av materialet til denne artikkelen er henta frå desse intervjuia. Da hadde anlegga vore under arbeid i 10 år og 2/3 av jobben var gjort. Men talet på tilsette heldt seg framleis høgt, og var på det meste dette året oppe i over 1300. Behovet for kokker og vaskarar var ikkje monaleg redusert.

I dei offisielle rapportane frå anlegget ser ein lite til jentene. Her er det resultata som teller, og 1984 står fram som ein av dei store damfyllingssesongane. Tre store fyllingsdammar var under arbeid, Storvassdammen, Førreskardammen og Oddatjørndammen, og ein betongdam, Førrevassdammen. Veret var godt, sesongen lang og innfyllinga rekordstor. Storvassdam-

men var ved sesongslutt i november landets største. Tunnelarbeida hadde i 1984 passert toppen, men det var framleis aktivitet i Stølsdalen, ved Hjorteland, Beinlei og Oddatjørn. I Saurdal var det omfattande byggearbeid i kraftstasjonsområdet og det var framleis arbeid i Kvilldal.

Ved alle dei store arbeidsstadene blei det etablert brakkeleirar for innkvartering av anleggsarbeidarane, medan funksjonærane budde i familiebustader eller på messe på Sand eller Suldalsosen. Dei største brakkeleirane var leirane i Kvilldal og på Bjørkeneset nede i bygda, og leirane i Saurdal, på Øvre Moen, Førrevatn og Storvatn oppe i heia. Modellen var brakkeriggar med inntil 40 enkeltrom og felles oppholdsrom organisert kring ei stormesse der all forpleining gikk føre seg. På mindre arbeidsstader heldt ein fast på den gamle modellen med brakkeriggar med eigne kokkelag. Da både budde og åt busen i same brakka, og blei godt kjente både med einannan og med kokkene.


Vi skal bruke intervjuaterialet og anna stoff frå

anlegget til å beskrive arbeidet og fritida til jentene, men vi skal og gjera forsøk på å forstå korleis dei agerte i forhold til den store mannsdominanse. Kva strategi valde dei? Trakk dei seg unna og levde i si eiga, underordna verd, eller søkte dei likeverd og jamnlikskap? Fann dei sin naturlege plass i systemet, eller sto dei fram som likemenn? Og kva slags grensebevarande mekanismar gjorde seg eventuelt gjeldande?

DEI VISSTE KVEN DEI VAR

Og kven var dei nå eigentleg, dei jentene som fann på å ta seg arbeid på anlegg? Det er ikkje så lett å svara på. Men vi kan i alle fall starte med å prøve og finne ut kor gamle dei var.

Mellom meir eller mindre tilfeldig utvalde intervjuobjekt var gjennomsnittsalderen godt oppunder 40 år. Det var såleis ei overvekt av vaksne damer. Men aldersspreiinga var stor. Her var jenter på 19 som



Anne Hiim Benninghof og Anne Helen Langmo på skrivestua på hovudkontoret, Sand. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

arbeidde som stikningsassistentar, 25-åringar i kjøkkeneneste og kvinner som nærma seg pensjonsalderen som vaska på brakkene.

Vi har ikkje hatt tilgang til materiale som kunne gitt grunnlag for ei nærmare analyse av alderssamansettinga for dei kvinnene som arbeidde på anlegget, og heller ikkje for kor dei kom i frå. Men også det siste spørsmålet kan intervjuutvalet gi ein peikepinn om.

Og da ser vi at jentene hadde like mangslunge opphav som mannfolka. Ein del var frå Suldal og dei nærmaste bygdene, mange frå lengre sør i Rogaland eller frå Sunnhordlandsbygdene, men her var også eit stort innslag av kvinner som hadde opphavet sitt langt borte, t.d. i Nordland, og som hadde vore på fleire anlegg før dei kom til Ulla-Førre-anlegga i Suldal. Noen av dei hadde kome flyttande med mannen sin.

– Det er maen min som er anleggsarbeiar. Så flötta vi hit ned for vi var lei av å bo på to kanta av landet. Tok den minste guten med oss, de andre de var voksen. Flytta til Vikedal, der har vi bodd i vel sju år.

Eller ein kunne bli hekta på anlegget når det førbi:

– Eg er jo frå Simadal der inne som stasjonen ligg, så der vart ein brakkeleir nede med sjøen. Begynte på halv dag. Trudde no ikkje at me hadde holdt ut så lenge, me sko nå bare prøva, så har det berre fortsett heila tiå.

Suldølingane hadde det lettare:

– Eg sökta jobb hos NVE på grunn av atte det va ikkje noke anna arbei å få. Det va nå ein ting. Og

eg va lei av å gå heima. Hadde vært til sjøs før, men det va eg igrunn lei av. Og sette meg då opp på lista der nere hos Marvik. Det (anleggskontoret) lå jo i annen etasje i Marvik-huset, så di holde på å riva nå, den gongen. Og eg fekk beskjed ganske fort om at eg kunne starta opp.

Det var svært få av jentene på anlegga som hadde særleg utdanning. Viktigaste føresetnadane for å gjera ein god jobb var røynslene. Dei starta som hjelpekokke eller kjøkkenassistent og arbeidde seg opp til kokke. Eller dei hadde framhaldsskule og handelsskule og hadde vore til sjøs.

Jentene på kontora hadde som regel ein handelskule eller ein sekretærskule, og såg på jobben på anlegget som ein ordinær kontorjobb. Så arbeidde da også dei fleste av desse på hovudkontoret på Sand og reiste heim etter arbeidstid kvar dag.

Av desse spreidde glimta kan det sjå ut til at jente- ne på anlegga var ein tilfeldig gjeng sett saman av folk som på ulike vis kom til å ta seg jobb på anlegg, og så blei der. Men ein kan også finne spor av samanheng som det kanhende er viktig å vera merksam på når ein skal forstå korleis eit slikt miljø kunne finne fram til felles kjørereglar og skape eit samfunn som fungerte, og som endatil baud på trivsel og tilhørighet. Eit døme vil illustrere dette:

– Far min har jobba på anlegg frå eg vart fødd då, så eg har vore med i feriar, og fekk det ganske tidleg inn i blodet da.

– Mor mi var med som ferieavløysar, og då var me ungane med. Ho hadde tre døtre, og sa at aldri om noken av jentene skulle på anlegg. Det var greitt. Det var grei beskjed at det var ikkje ei av jentene som skulle på anlegg.



«Tre glade kokker i messe II», Anny Hium, Gunn Mikkelsen og Ellinor Andersen som arbeidde i Kvilldal i 1978.
(Foto: Jostein Granli, Statkraft)

– Det gjekk nå mange år, far min han slutta nå på anlegg, og da sa eg at eg skulle aldri på anlegg sjøl. Tok meg husmorvikar-utdannelse, men så fekk eg ikkje jobb med det sama. Så reisete eg over til Bogsøy og prøvde litt forskjelligt. Litt innom butikk og hotell og, vore innom da og sett kossen da var og. Og så var det utlyst stilling i Eidfjord, og då var mor min på meg at no måtte eg søkja. Då hadde ho forandra mening. Fant ut at eg var vaken nok. Sia har eg vore på anlegg.

– Skulle bare vera på anlegg te eg hadde tjent pengar te bil, meg eg er ikje slutta ennå.

– Og bil har du fått?

– Ja, og selt den og. Bygt meg hus istaden for.

Det er fleire av jentene som har fedre som har arbeidd på anlegg, og mødre med. Ja, ein kan finne heile familiar som har arbeidd på anlegg, samtidig. Dei fanst på Ulla-Førre og. Såleis må ein tru det var tradisjonar i

anleggsmiljøet som ikkje berre blei ført vidare av dei som til ei kvar tid arbeidde på anlegga, men også mellom generasjonar i familiar som var knytte til anleggsmiljøet.

Tradisjonen, eller overføringa av dugleik, framferd, kunnskap og verdiar, er viktig i alle slags miljø, virkar stabilisande og skaper kontinuitet og identitet. På Ulla-Førre-anlegga hadde svært mange av dei tilsette vore på anlegg før. Ulla-Førre-anlegga kom som ein lekk i ei lang rekke store vasskraftutbyggingar her i landet, og alle, frå den øvste leiinga til vaskarane på brakkene, hadde røynsle frå det å arbeide og bu på eit anlegg. Det bidrog truleg til at tradisjonen sto sterkt, og at det gikk lettare å etablere dei nye anleggssamfunna enn ein kunne tru.

Jentene var ikkje noe unntak frå dette. Sett under eitt hadde dei nok stuttare ansiennitet enn manfolka. Men dei var slett ikkje utan røynsle, dei var vaksne og sjølvstendige og dei som hadde leiande posisjonar mellom dei hadde arbeidd seg opp og skaffa seg gode kunnskapar både om jobben sin og miljøet. Det ga tryggleik både for dei sjølve og omgjevnadane. Vi skal sjå korleis det fungerte i praksis.

KAMERATSKAP OG SOLIDARITET

Jentene på anlegga kunne delast i to store og noen mindre grupper etter kva arbeidsoppgåver dei hadde. Dei store gruppene var dei som arbeidde på kjøkkena og på brakkene. Dei mindre gruppene var dei som arbeidde på kontora og ute på byggverka. Dei siste var helst så få at dei var vanskelege å få auge på, men det blei gjort stor stas på desse som braut mannsbastionane og gikk inn i uvanlege yrke.

Den første, og til da einaste kvinnen i regulært anleggsarbeid, var Kjersti Kavli, som blei presentert med bilde og omtale i det første nummeret av

bedriftsbladet Ulla-Førre-posten i 1978. Ho var sjåfør. Og i nr. 3 same året blei Kari Moe presentert under overskrifta «Ny mannsdominert skanse erobret» Ho var snekkar, og blei presentert på denne måten:

– Ingen blå tommeltotter der i gården nei. Sjarmtrollt Kari som er 17 somre gammel kommer fra Nesflaten.

Etterkvart kom det fleire. Men omtalen av jentene i bedriftsbladet lar oss forstå at det tok ei tid før jentene blei sett på som eit heilt naturlege innslag i arbeidsmiljøet:

– Flere og flere tidligere mannsdominerte arbeidsplasser på anlegget blir intatt av det sterke kjønn. Og som vanlig er det Kvilldal som går i bresjen. Denne gang med å ansette den første kvinnelige krankjøreren på Ulla-Førre. Iren Ellinor Langmo. Tidligere har akkurat dette anleggsstedet utmerket seg med både den første kvinnelige sjåføren og den første «damesnekkeren» på anlegget.

Men det var reportasjene om kokkene som dominerte. Bedriftsbladet visste å setta pris på dei som laga maten. Og dei som vaska blei heller ikkje glømt. Dersom dette var uttrykk for ei allmenn holdning mellom fotfolket, var det ei anna holdning enn den leiinga ga uttrykk for. Ikkje i ein einaste av dei årlege rapportane frå anlegget er servicepersonalet nemnt. Der er det produksjonen som tel. Resultatet. Innfyllinga av masse i dammane og lengda av sprengte tunnelar i fjellet. Og litt om etableringar av brakkeleiarar. Men ingenting om drifta av leirane.

Det er ikkje vanskeleg å forstå at det blei slik. Det var ikkje drift av brakkeleiarar som var hovudmålet

for Ulla-Førre-anlegga. Men dermed blei også mest heile den kvinnelege delen av arbeidsstyrken plassert på sida av det eigentlege anleggsarbeidet. Som eit nødvendig, men langt i frå tilstrekkeleg element i den store organisasjonen. Det kunne komma til å påvirke både sjølvbildet til jentene og den oppfatninga andre hadde av arbeidet deira.

Men jenten sjølve såg slett ikkje ned på sitt eige arbeid:

– Det er jo noken som vil se ner på deg, det er det jo. Og at din jobb er ikkje så viktig som mannfolka sin jobb. Spesielt ledelsen vil ha frem tunnelarbeid og sånt, det er jo voldsomt viktig. Men vist ikkje messå og det hadde fungert hadde dei heller ikkje kunna gjort sin jobb, så det er avhengig av kvarandre uansett. Men det er det jo ikkje alle som vil godta.

Jentene vurderte dessutan anleggsarbeid som meir tilfredsstillande enn ein del andre mulege jobbar. Den underdanske rolla ein kan forvente at betjeninga på eit hotell skal ha var ikkje noe for anleggsfolket.

– På eit hotell ska dei helst holde seg skjult for gjestene. Men her er du jo en utav anlegget, kan du sei, du er jo like mykje du ein anleggsarbeidar, som ein som går og ete på messa, kan du sei, og da blir det på ein heilt annan måte.

Hierarkiet innafor anleggsmiljøet var vanskelegare å få tak på. Jentene var solidariske, og ville ikkje vurdere den eine jobben som gjevare enn den andre. Sjølv sagt var her eit formelt hierarki, med messesjef og kokke på toppen, og kjøkkenassistentar og reinhaldsbetjenter i underordna stillingar. Men kameratskapet og likeverdet blei framheva som vesentlige verdiar.



Jorunn Paulsen var ein ivrig hobbypuslar i Saurdal. Det mangla ikkje på hjelptil puslinga heller, fortalte ho til Ulla-Førre-posten. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

Likevel, det var gjevare å vera på kjøkkenet enn i vasken.

– Då eg begynte på vask då var det lågaste trinne. Når di kom på kjøkne då steig di et trinn, men eg trur ikkje det er sånn no. Eg trur det er likt vurdert. Skulle no bare mangla at de ikkje sku ver.

Det var dessutan dårlegare betalt å vaske enn å arbeide på kjøkkenet. Det var tyngre, og meir einsamt. Det var trivelegare å arbeide på kjøkkenet. Og der var det noen å prate med.

STORT ANSVAR OG DÅRLEG BETALING

Om vi vågar oss til å karakterisere kokkestillingane som kremjobbane mellom jentene, så er det berre halve sanninga. I status sto nok kokkene høgt, men betalinga sto ikkje i forhold til ansvaret og innsatsen.

Matserveringa strekte seg over det meste av døgnet. I messa på Øvre Moen var det frokost kl. 5–10, middag kl. 12–16.30 og kvelds kl. 19–24. Innimellan blei det servert kaffe og kaker heile døgnet, og i kjøleskåpet sto det alltid brødmat. Dette førte til at også kokkene måtte arbeide på skift. Arbeidstida strekte seg frå kl. 4 om morgonen til midnatt.



Ein stor del av kokkene og vaskarane i Saurdal ein måndags morgen i 1980. Ståande frå venstre: Alma Svendsen, Edith Pedersen, Olaug Jørgensen, Borgny Gønli, Else Botnen, Unni Brekke, Ågot Olufsen, Gunvor Mobakken, Jorunn Paulsen, Hildur Kastnes, Kari Nerheim, Eli Endresen, Agnes Flaten, Sigríð Lunde, Marit Tysnes, Ingebjørg Kirstihagen og Haldis Lien. På kne frå venstre: Olava Bergheim, Marit Tjøstheim, Borghild Henden, Karin Karlsen, Berit Duesund og Aslaug Bauge. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)



Eg kan faktisk ikkje minnest at noen klaga på maten før i tida, sa Karin Karlsen. Ho starta som hjelpekokke på Nordlandsbanen i 1933. Da var ho 15 år gammal.
(Foto: Jostein Granli, Statkraft)

Kokkene tok hovudansvaret for middagen, og hadde såleis normalarbeidstida si på dagtid. Dermed mista dei skifttillegget, og sjølv om dei hadde høgare grunnlønn enn kjøkkenassistentane, tente dei mindre enn sine underordna som fekk skifttillegg

– Det er veldig urettferdig, og igrunnen så har du veldig lite, du har ingen ting igjen for å ha jobben, for det er du som får skiten, det er jo det. Det er ihvertfall sjeift opplagt.

Dagtidsarbeidet gikk frå 8 til 15. Mye av tida til kokka gikk med til å finne fram maten til dagen, setta folk i sving med å laga suppe, midag, dessertar «og alt som

ska te», og sjå til at arbeidet blei gjort. Kakebaking og brødbaking blei og gjort på dagtid.

Kokka hadde også ansvaret for oppsettning av meny og innkjøp av varer. Det var den vanskelegaste delen av jobben, fordi meldingane om kor mange mann ein hadde i kosten ikkje alltid var like oppdaterte. Da galdt det å ha vore framsynt, slik at ein hadde noe lett-vint å ta til frå fryseriet.

Eksperimenter i kokekunsten var ikkje alltid like velkomne. Dei som hadde lyst til å prøve noe nytt, fekk gjerne klar melding tilbake om at anleggssbus ikkje et sopp og liknande. Steik og kotelettar var sikre vinnarar.

Det å vera kokke var ein jobb som stilte store krav både til fagleg kunnskap og eigenskapar som leiari. Noen fekk tilbod om leiarkurs.

– Det var åssen du sko administrera, og i det heile tatt åssen du sko oppføra deg som leder. Og dei som hadde kurset hadde ikkje hatt for sånne som oss, det var meir for sånne større bedrifter, og dei lærte nesten like mykje, kanskje meir, enn ka oss gjorde utav kurset, for dei hadde ikkje vore borti sånn. Dei var slett ikje vant med det, og dei hadde jo lagt opp sitt program og begynte med detta der, men det var ingen ting for oss. Dei fysste dagane var ingen ting, men dei to neste da, var no litt bedre, for då var det oss som fekk komme, for det var jo alle sjefskokkene fra heile anlegget her. Og då kom vi jo. Den eine hadde eit problem, og så skulle du løysa det og sånt, og det var igrunnen ikkje så verst då.

Vi aner ein leiarstil der problemløysing og samarbeid var det viktigaste innhaldet. Kokkene kommuniserte likeverd i forhold til medarbeidarane sine, og la vekt

på å utvikle eit vennskap i fritida. Det var ikkje alltid like lett å kombinere eit fritidsvennskap med ordna kommandolinjer i arbeidstida, men det var eit mål. Lagspel var det som ga høgast produktivitet.

STORE KRAV OM TILPASSING

Hjelpekokkene, eller kjøkkenassistentane, arbeidde skift. Dei første tok til klokka 4 om morgonen, og fekk forsterkning klokka 6. På dagskift begynte dei klokka 10, 11 og 12. Første kveldsskiftet begynte klokka 13, det siste klokka 17 og varte til kl. 1. Skifta blei bytta kvar veke.

– Ka er verst?

– Når du fysste komme opp så er det ikkje så gale det tidlege skifte. Då er det stille og roligt på kjøken, men det er veldig travelt, frykteleg travelt, det der tidlege, for då ska alle ut, veit du. Men det seine skifte kan bli meir dauperiodar, at me ikkje har noko å gjera, må sitta å venta te dei kjem inn og sånt. De siste timane er ganske lange.

Dei starta med kaffien. To kjelar på 30 liter kvar, «og kanskje me må ha eit par te utover på dagen». Og så sette dei brøddeig. Den første tralla som skulle inn var



Olaug Irene Utbjø serverer i messa på Storvatn. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

ordna til kvelden i førevegen, og var berre å kjøre inn. Ut etter formiddagen gikk det i eitt med oppdekking, rydding og oppvask. Når dagskiftet kom starta morgongskiftet med golvvask på kjøkkenet og i spisesalen medan dagskiftet starta førebuingane til middag. Attåt serveringa av kveldssmat hadde kveldsskiftet ansvar for å førebu frokosten neste dag.

Arbeidsoppgåvene var ulike på dei ulike skifta, samtidig som kvart skift hadde oppgåver knytta til den maten som skulle serverast på neste skift. Dei kokte 100 liter kaffe kvar dag, baka 70 brød og sette 35 sortar pålegg på frokostbordet. Det var mye å gjera, skiftande arbeidstider og krav om å tenkje lenger enn til avsluttinga av eige skift. Dei skulle vera fleksible i forhold til kvarandre og ha eit hyggeleg forhold til anleggsbusen. Men dei klaga ikkje.

- Er det ikkje vanskeleg å gå frå det seine skiftet til det tidlege? Kossen klare dere den overgangen?
- Nei, då er det helgå imydlå, då veit du, så me e nokenlunde te hektene då.

Dei treivst dei fleste. Og det var ikkje berre noe dei sa. Fråversstatistikken viste det same. Sjukefråveret var lite. Men det var ulike meininger om kor det var best å jobbe. Dei som hadde prøvd noe anna meinte det var for mye ståk og støy på stormessene. På kokelagsbrakkene var det rolegare, dei som arbeidde saman blei betre kjente med kvarandre og dei meinte dei fekk betre kontakt med karane. I Ulla-Førre-posten blei kokkene alltid framstilt som «glade kokker i messe II». Dei smilte alltid på bilda, og ga inntrykk av godhjerta trivsel og velnøye med jobben.

Det gjorde også Anne-Marie Elvheim som vaska på Øvre Moen. Ho hadde ein arbeidsdag som gikk frå 7 om morgonen til 4 om ettermiddagen, og ho måtte



Kari Moe erobra ein skanse da ho blei tilsett som første kvinne i snikkarjobb på anlegget i 1978. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

arbeide heile tida for å bli ferdig. Vaskarane kosta og vaska golv og støvsugde kvar dag og skifta på sengene annakvar veke. Dei kunne irritere seg på mannfolka som drog med altfor mye skiten lump (abeidsklær) inn på brakka, men kunne samtidig finne på å reie opp sengene til dei same mannfolka kvar dag sjølv om dei ikkje hadde plikt på seg til å gjera det.

- Setter de pris på at dere gjør det skikkelig rent?
- Æg trur at vist mann holder ei brakke i orden, respektere de deg, og er mer ordensfolk sjøl. I alle-fall vises det på denne brakka, men det kan jo være no æg trur.



Iren Ellinor Langmo blei tilsett som kranførar i Kvilldal i 1979. Det var framleis såpass spesielt at det gjorde krav på omtale i Ulla-Førre-posten. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

Det var solide folk. Dei ville gjera det beste ut av ein situasjon som ikkje ga dei beste vilkåra for ei fullverdig fritid. Anne-Marie Elvheim uttalte til Ulla-Førre-posten at ho sakna midlar til å kjøpe pynt for, «som f.eks. duker, blomster, pyntegenstander, malerier». Vi traff ei som samla tomflasker, panta dei, og kjøpte blomer for pengane.

Den suraste vaskejobben hadde dei som hadde utevasken, som vaska på kontorbrakker og spisebrakker ute på arbeidsstadene og inne i tunnellane. Dei kjørte rundt med bil, hadde vatnet med seg i dunkar og skjønte ikkje etterpå at dei heldt ut i 4 år. Men miljøet var godt, om ein kunne svara for seg:

– Det var voldsomt trivelig og godt miljø der oppe. Dei var så greie og liksom. Huska fysste dagen, eg grua meg, men så var eg så vante med å seila og. Dei prøve seg alltid i begynnelsen, med mobbing og sånt. Jo da, så begynte de litt sånn fysste dagen, så trudde de kanskje ikkje at eg turde svara igjen og sånn, at det var ei som var stille og rolige, for de prøve seg alltid. Og så hørte de at eg kunne svara igjen og da kutta de ut. Og så då hørte me ikkje meir då, så då gjekk det greitt.

KVINNER SOM SMØREMIDDEL I SYSTEMET

Kjøkkenpersonalet og reinhaldarane var dei største gruppene av kvinner som arbeidde ute på anlegget. Andre store grupper med kvinner som dominante arbeidskraft var det ikkje, men det var noen mindre. Mellom desse var kontorpersonalet ved anleggskontora.

Det var anleggskontor ved dei fleste av dei store arbeidsstadene. Her hadde leiinga på arbeidsstaden kontorplassen sin i sesongen og dei hadde støtte av eit mindre kontorpersonale.

På Storvatn var det to kontordamer. Dei førte lister over innfyllinga av masse i dammen, heldt orden på talet på lass med morene og sand og grus og grov stein, skreiv brev og rapportar på maskin, betjente sentralbordet og puncha inn grunnlagsmateriale for utbetaling av lønningar til arbeidarane. Det meste av arbeidet gikk føre seg inne i kontorbrakka, men i tillegg skifta dei hydroklokker på anleggsmaskinane. Hydroklokker var eit instrument som viste kor mange timer maskinane var kjørte.

Kontorassistentane på anleggskontora hadde mindre sjølvstendig arbeid enn vaskarane og kokkene. Dei var færre, dei blei løpende tildelt oppgåver av sine mannlige overordna, og dei blei lågare prioritert enn kontorpersonalet ved hovudkontoret når det galdt til-

deling av kontorutstyr. Men det var eit lite miljø, jobben var grei og kontakten var fin mellom dei som arbeidde på anleggskontoret. Dei ville ikkje bytte med jobb på hovudkontoret.

– Det har jo noe å gjøre med samholdet her oppe, det er mye bedre enn der nede synes nå eg. Men på en annen måte så er det visse ting som er fordeler nede på Sand. Du har ikke så langt å reise hvis du skal noen plasser, eg for min del når eg skal hjem, men eg like meg nesten bedre her oppe og tjene bedre og, og det har litt å si.

Hovudkontoret på Sand var den største arbeidsplassen for kontorpersonalet. Her var heilårsdrift i ei rekke år frå midt på 70-talet og fram til anlegget var ferdig sist på 80-talet. På det meste talde administrasjonen på Ulla-Førre-anlegga vel 130 personar. Vel 30 av desse stelte med det som blei kalla merkantile eller administrative funksjonar, og fleirtalet av desse var kvinner.


Dei merkantile funksjonane var delt i 4 avdelingar: Ein økonomiavdeling, eit sekretariat, ein avdeling for materialforvaltning og ei rasjonaliseringsgruppe.

Dei to hovudoppgåvene til økonomiavdelinga var å ivareta rekneskaps- og lønningsarbeidet. Til hjelp i dette arbeidet blei det etterkvart bygt opp eit avansert EDB-utstyr. Ulla-Førre-anlegga var førande i innføringa av kontorautomasjon i Suldal, og bygde opp ein kompetanse på dette området som til dels blei verande att i bygda, ettersom mange av dei tilsette i administrasjonen var fastbuande kvinner.

Enda meir kvinnolfolkdominert var sekretariatet. Den største oppgåva til sekretariatet var å drive skrivestova, der det meste av skrive- og kopieringsarbeidet gikk føre seg. Sekretariatet hadde og ansvaret for sentralbordet, resepsjonen og arkivet.

Også ved hovudkontoret kjente ein den særeigne rytmen som anleggsarbeid i høgfjellet fekk, og ein følgte med på framdrifta og resultatoppnåinga på arbeidsstadene. Samtidig blei hovudkontoret på Sand det viktige mellomleddet mellom anlegget og bygda og mellom anlegget og hovedadministrasjonen til NVE i Oslo. I kontorromma på Gardaneset blei resultat og behov målt opp mot krav og forventningar. For kontorpersonalet fekk jobben likevel i større grad karakter av å vera ein ordinær kontorjobb enn ein særskilt anleggsjobb. Det var ein varig jobb med fast arbeidstid, det var ordinære kontoroppgåver som blei utført, dei tilsette reiste heim etter jobb og kvinnene sat trygt plasserte i dei underordna stillingane.

Sjefane var mange og mannlege, og medan det blei akseptert at enkelte av dei tok heim i matpausen, fekk jentene høre det om dei tok med matpakka si ut i sola. Jentene gjorde negerarbeidet, og måtte levere fullgodt



Damene på skrivestua. Eli Gundersen, Britt Kummeneje Lindgren og Signe Breivik. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

arbeid sjølv om grunnlagsmaterialet var därleg. På sentralbordet skulle jentene halde orden på både innkomne samtalar og utgåande mannfolk. Det var ikkje alle som ga beskjed om kor dei gikk.


– Men så har du ein peiling. Eg har jo arbeidd her så lenge nå at eg har ein viss peiling når dei er ute, kor dei er henne og begynner å lære dei å kjenna kva tid dei vil komma igjen og.

DÅRLEG LØNN OG SVAKT FORENINGSARBEID

Jentene hadde dei därlegast betalte jobbane. Både fordi dei låg nederst på lønnsstigane, og fordi dei gikk på

fast løn og ikkje akkord. Det var tilogmed så viseleg innretta at dei kokkene som hadde leiande stillingar og arbeidde dagtid på fast løn, fekk mindre betalt enn assistentane sine som gikk på skift og fekk skifttillegg. Det tykte dei var urettferdig, men elles var det få klager på lønna. Mange meinte beit fram at dei tente bra, særleg om dei samanlikna med kva dei tente for noen år sidan.

I det heile kan ein raskt få inntrykk av at jentene lett tilpassa seg dei arbeidsvilkåra dei blei tilbydde, og fann lite å klage over. Såleis sto da heller ikkje organisasjonsmedvetet så sterkt mellom kvinnfolka som mellom mannfolka.



Ved tunnelgjennomslag blei det utan unødig opphold servert sterke drikkevarer, og etterpå var det gjennomslagsfest. Det var sjeldan kvinner var med på røysa, men desto trivelegare blei det når dei dukka opp. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

Brakkebetjeningen var organisert i Arbeidsmandsforbundet, og hadde ingenting å seia på korleis deira krav blei behandla der. Ei sak som engasjerte særleg sterkt var rettane til heimreiser. Medan mannfolka hadde rett på 9 heimreiser i året, hadde kvinnfolka berre 6. Og medan mannfolka fekk reise med fly når dei skulle nordover, måtte kvinnfolka ta tog. Dette tok tillitsvalde frå Ulla-Førre opp, fekk full støtte frå mannfolka, og fekk gjennomslag for 9 heimreiser med fly også for kvinnfolka. «Så det nytta å kjempa litt granne».

– Elles så har me det grådig godt her oppe. Me ska ikkje klaga verken på lønn eller ant.

Ein ting dei fann på å klage på var bruken av velferdspengane. Mannfolka ville kjøpe vekter og dreiebenk og innrei skytebane for pengane. Jentene ville ha solarium på badet.

Andre saker som var framme var spørsmålet om innføring av fleksitid for kontorpersonalet og nedsett pensjonsalder.

FRITID PÅ BRAKKA

Det kunne bli lange ettermiddagar og kveldar. Særleg for dei som arbeidde skift og var ferdige med morgon-skiftet tidleg på dagen. I så måte var skilnaden liten mellom den tida kvinnfolk og mannfolk hadde til rådvelde på anlegget. Men tida blei nytta ulikt, og det var det fleire grunnar til.

I Suldal var det ei blomstringstid for foreningslivet og kursverksemda i starten på anleggstida. I samarbeid mellom anlegget og kommunen blei det tilsett eigen kursleiar knytta til Folkeuniversitetet, og det blei ein alminneleg aktivitet å vera med på kurs i haust- og vintermånadane. Men det var ikkje brakke-

folket som dominerte på desse kursa. Dei sat på brakka, og særleg kvinnfolka.

For det første var det vanskeleg å vera med på kurs og organiserte fritidsaktivitetar når ein hadde skiftarbeid og hadde fritid på ulike tider frå den eine veka til den andre. Dessutan var det ikkje så greitt å ta seg fram til kursstadene, og mellom jentene var det langt mellom bilane. Medan mannfolka hadde bil og tok seg ned i bygda både titt og ofte, var jentene meir bundne til brakkeleiren.

Så kunne ein gjerne tru at forholda måtte leggast særleg godt til rette for ei god fritid i leiren. Det blei sett opp Rubb-hallar fleire stader (enkle hallar av presenningduk), men der sparka mannfolka fotball, og jentene tykte det ikkje det var så kjekt å springe rundt saman med dei. Og i styrkeløftrommet ville dei nå slett ikkje vera saman med mannfolka.

– Sånn som i vinter med oss der. Begynte å gå dar ein to-tre-fire kveldar før vekå, så måtte du gå seint om kvelden då, foratt du skulle få vera der utan at mannfolka var der. Det hadde vert mykje bedre vist dei hadde hatt ei bestemt tid for kvinnfolk. Men det hadde an gjerne fått vissete ein hadde gått inn for det sjølve då, forlangt å fått ei stund for oss sjølve då.

Men dei forlangte ikkje det. Dei tok med seg strikketøyet sitt og sette seg i opphaldsrommet på brakka. Eller dei las ei bok, eller såg på TV. Men ikkje på videofilmane. Videofilmane blei vald ut av mannfolk ut frå idear om kva ein trudde mannfolk ville like å sjå på i fritida si. Det var ikkje stoff for kvinnfolk.

Det blei gjort forsøk på å stelle til sosiale samver. I Rubbhallane blei det arrangert dansekveldar, men det blei for få jenter og for mye sprit, så det tok snart slutt.

Såleis kom mannofolka og kvennfolka til å leva i kvar si verd i fritida som dei gjorde det i arbeidstida. Mannfolka på opphaldsrommet på brakka, i rubbhallen eller på bygdatur til Sand. Kvinnfolka på «Kneppen» i lag med handarbeidet og venninnene. Det blei ikkje noe naturleg samver, og førestillingane om einannan måtte bli stereotype.

Dertil kom at veka var stutt. Dei fleste reiste heim i helgene. Den roa og det overskotet som helga gir var ikkje for anlegget. Og knapt nok for heimbygda. Når ein kom sliten og trøtt heim fredagskvelden, sov fram på laurdagen og skulle av stad att søndagsettermiddagen, blei det ikkje tid og overskot til mye anna enn å sitta i godstolen heime og kosa seg. «Foreldre og sysjen som bur rundt der, dei venta på deg». Omgangskringseisen blei liten.

Dei som var att på anlegget var dei som hadde vakt. Kjøkkenpersonalet jobba tredjekvar helg, og desse helgene blei helst omtala i positive vendingar. Da var det roleg, det var få folk å stelle for, det blei tid til å prate, og grensene mellom «mannsonna» og «kvinnesona» i leirane blei lettare å overskride. Mannfolka kunne lettare slippe til på «Kneppen» i helgene, forholdet var meir avslappa, verken mannofolk eller kvennfolk gjorde slikt vesen av kjønnsskilnaden som elles.

Beste kontakten mellom kvennfolk og manfolk oppsto i arbeidssituasjonane, men det var få arbeidssituasjonar, utanom på kontora, der menn og kvinner kom i kontakt med einannan. Vaskarane var mellom dei som kom tettast inn på busen.

– Om du får ei kjensle av å ha ei spesiell rolle her? Du er vel einaste kvinnen her? Har du noen kjensle av å ha ei anna oppgåve enn akkurat det å gjera reint?

– Ja, æg veit ikkje, det kan jo ve meir personlig. Det er mange ganga det kjem noen, de har lyst på ein prat. Æg har prata med mange manna som, de føle berre de må ha noen å prate med. Både om det som eg ikkje vil hør og det som eg vil hør.

– Føler du deg som ei mor for dei yngste?

– Ja, æg hadde nå ein gut her, og han sa til sønn min at vi har samme mora vi, så mor ho rydde opp ette meg og ho. Det blir jo sånn at når det kjem heilt unge og slenge tøyet, og du er vant til å ta det når du er hjemme, når du er borte gjør du det vilkårlig. Du heng det opp, heng det i skape, om du ikkje har nå med det.

JENTE PÅ ANLEGG

Det var betre før, men det spørst om det ikkje er mannofolka som har tapt mest på det nye systemet. Før var det slik at anleggsarbeidarane blei innlosjerte på kokelagsbrakke, der arbeidarane budde i den eine enden, brakkepersonalet i den andre og der kjøkken og opphaldsrom var i midten. Det førte til at folk i begge ender av brakka blei godt kjente med einannan, og det var meir naturleg å sitta saman og snakke om kveldane.

På Ulla-Førre-anlegga budde dei fleste i brakkeleiarar der mannofolk og kvennfolk budde i kvar sine brakkerigar, og der maten blei servert i ei stormesse. Det blei for mange folk til at ein blei kjent med alle, det fysiske miljøet blei fattig, og terskelen mellom kjønna blei høg.

– Det er tomt. Dei sitt jo bare der. Eg tenk mang gong når eg har vaska ferdig og satt stolana på plass, det er jo bare sånt, det er jo bare brakka, det er jo ikkje non heim så det sku ha vært. Meste parten av sitt liv leve di jo her på brakka, selvom di reise heim i helgen, så er jo dette her deres andre hjem.

Mannfolka hadde behov for noe anna enn å sitta der. Dei ville gjerne ha noen å snakke med. Men «Kneppen» var fjern og utilnærmeleg. Dit tok dei færrast seg utan å ha noe innabords. Og hadde dei for mye innabords var dei ikkje alltid like velkomne. I alle fall ikkje viss det hadde tatt lang tid å mota seg opp, og tida var liden langt på natt.

– Dei tør ikkje. Er mykje sjenerte og sånn. I helgane kan man tørr å komm, for da er det mindre folk og da trur eg dei føle meir at det blir litt annleis.

Jentene kjente seg av og til som sosialarbeidarar, og dei fleste hadde ei open og tolerant holdning til mannfolka, samtidig som dei fann det nødvendig å setta grenser. Dei var kameratar, og blei respekterte for det dersom dei evna å seia i frå.

I utgangspunktet er det ikkje vanskeleg å sjå for seg jentene som objekt for kjensleladde draumar i eit barskt og fattigsleg tilverke. Dertil kom eit miljø som ikkje berre drøynde om jenter, men som også snakka om dei, og hadde dristige plakatar av særdeles stimulerande eksemplar av arten på veggen i kvilebua. Ein snakka ikkje om veret når jentene kom for å vaske hos dei.

– Du må tåla litt for å vær her, for å si det sånt, men de er jo stort sett greie de som jobber her, og kjekke monge og. De behandle oss stort sett fint, hvis du bare sette deg i respekt da, så går det fint.

Det var ein uskriven regel at jentene ikkje tok initiativ til å besøke mannfolkbrakkene. Da fekk ein fort ord på seg for å stå i med alvorlegare gjeremål enn berre å snakke saman. Og det var kanhende ikkje dei andre kvinnene i leiren som var verst. Dei same mannfolka som kom med oppmuntrande tilrop og därleg løynde



Valborg Bakka var mellom dei mange vaskarane som gjorde det dei kunne for at livet på brakka sukke bli så triveleg som råd. (Foto: Jostein Granli, Statkraft)

invitasjonar, var dei første til å stemple jentene for å vera lette på tråden. Bildet av kvinna som mor og madonna blei halde oppe som eit effektivt middel til undertrykking av fridomen til kvinnene.

Jentene fann seg likevel godt til rette, og kjente seg trygge i miljøet. Midt i det omskiftelege og ustabile som knytta seg til eit anlegg med store sesongvariasjoner i arbeidsinnsatsen, var det stabile og trygge ein positiv miljøfaktor ved Ulla-Førre-anlegga.

Det var dei same folka som kom tilbake år etter år, dei var alminnelege, og dei kjente reglane.

– Her ville ikkje eg vera redd og sånt. Men det var eg på Mongstad, for der var det kolossalt med utlendingar, og der var ganske mykje rart. Og der vart du ikkje kjent, for der var det mykje, mykje meir folk. Her kan du som regel kjenne den du møte og sånn, og visst du vil være med på festen, er det jo opptil deg ka du vil, og du kan gå og trekke deg tilbake, så eg eg vil sei at du kan føle deg ganske trygg altså.

FUNKSJONELL TILPASSING ELLER IDENTITETSBYTE

Jentene var ein minoritet. Både i den forstand at dei var eit mindretal og at dei hadde ein underordna posisjon. Dei skulle fungere i eit mannssamfunn, og var under press frå mannssamfunnet sine verdiar. Ikkje berre indirekte og umedvete, men direkte og konkret. Dei blei sett på både som skjøge og madonna, og skulle samtidig oppfylle ei morsrolle og vera eit ankerfeste i ei vanskeleg verd. Men framfor alt skulle dei utføre ein krevjande jobb innanfor ein del av anleggsvirksemada som var usynleggjort i rapportane om måloppnåinga ved landets største kraftanlegg.

Ville det vera muleg å ta vare på sin eigen identitet som kvinne i ein slik situasjon, og korleis kunne dei gjera det? Ein kan sjå for seg ulike strategiar.

Ein av strategiane kunne vera å trekke seg unna fellesskapet med mannsfolka. Trekke seg tilbake på «Kneppen» og leva sitt eige liv der. I stor grad gjorde dei det. Jentene gikk sjeldan på besøk til gutane, og det var få høve til sosialt samver med motsett kjønn utanom i arbeidssituasjonen.

Men jentene kunne også bruke andre strategiar. Dei

kunne tone ned sin eigen identitet, og framstå som anleggssarbeidarar meir enn kvinner. Dei kunne krevja likeverd og like rettar, og gjorde også det. Dei kledde seg funksjonelt og nøytralt i forhold til arbeidsoppgåvene, fjernt i frå slikt som framheva kvinnelege attributter og feminine trekk.

Og dei kunne gå enda lengre, og framstå som jevnbyrdige. Dei kunne hevde at maten og reinhaldet var like viktig som dynamitten og bormaskinane om det skulle bli noe kraftanlegg. Og dei kunne vise at dei mannlege sjefane var lite verdt utan skrivestove og sentralbord. Slik song kontordamene da anleggslleiinga drog på damkongress:

*Når Jacob drar til Hovden, og mange følger med,
da sitter alle jentene med kaffe og med te.*

*Jorunn ordner pizza og Vigdis koker te,
og Brita kjøper kaken vi skal kose oss med.*

*Heisan, hoppsan aldri om vi vil
på damkongress i Hovden kan vi ikke sitte still.*

*Om telefonen kimer, og viktig ting står på,
da svarer Asbjørg smilende «nei fredag får vi sjå»,
da kan det gjerne hende at Jacob dukker opp,
med følget sit og sier at nå får det være nok.*

*Heisan, hoppsan, fallerallera,
når noen er på Hovden kan vi andre slappe av.*

*Det er jo klart som dagen at ikke alle dro
for lønn det må jo alle ha, det Jacob jo forsto,
så derfor har vi Gunvor, Astrid, Anlaug, Svein,
de jobber trutt med lønna selv om kvelden kan bli sein.*

*Heisan, hoppsan alle vil ha lønn,
Jacob, Hallvard, Olav, Per og mange, mange fler.*

*Vi vet jo alle sammen at Jenny må bli her,
for uten pengekassen blir det ikke sko og klær.
Og tenk da uten Randi, da ville det blitt trist,
faktura må jo ut til en bestemt-satt-frist.*

*Heisan, hoppsan, fallerallera,
ja jenten på bruket er jo veldig god å ha.*

Vi har og sett døme på at jenter for alvor tok opp konkurransen på mannfolka sin heimebane, og som gjorde ein god jobb der, men som heldt fram med å bli presenterte som særtilfelle i bedriftsbladet. Desse jentene blei nok langt på veg aksepterte som fullverdige anleggsarbeidarar, men dei blei aldri ein naturleg del av miljøet.

Jentene på anlegget blei aldri ein naturleg og fullverdig del av anleggssamfunnet. Alle skjønte at dei gjorde ein viktig jobb, og alle sette pris på at dei var der, men dei hadde både feil kjønn og feil jobb til å bli jevnbyrdige, og det ønskete dei heller ikkje, i den forstand at dei ønskete å overta mannfolka sin måte å vera på.

Jentene let seg ikkje integrere i anleggssamfunnet på annan måte enn at dei tilpassa seg dei materielle omgjevnadane og arbeidssituasjonen. Dei godtok situasjonen og hadde ei beundringsverdig evne til å sjå det positive i eit ekstremt bu- og arbeidsmiljø. Men dei heldt på sine eigne verdiar, utøvde sterkt intern kontroll og dyrka sitt eige samver. Kanhende var ikkje det berre positivt.

Det som ein kan kalle grensebevarande mekanismer fører også til at dei utanforståande, i dette tilfelle mannfolka, får svært begrensa kunnskap om kva minoriteten føretar seg. Det finst mange døme på at dette framskundar fordommar. Når mannfolka hadde så lite høve til omgang med jentene som dei hadde,

forsterka det deira eigne forestillingar om dei, og det var vanskeleg å utvikle eit meir jevnbyrdig forhold gjennom det samveret ein fekk i arbeidssituasjonane.

Forholda var lagt därleg til rette for eit meir naturleg samver mellom menn og kvinner. Og ordninga med atskilde bueiningar og stormesser i brakkeleirane var eit tilbakesteg i forhold til den gamle kokelagsordninga. Dermed blei det skapt eit system som var til ulempe både for menn og kvinner, som gjorde arbeidsplassen litt mindre menneskeleg og som gjorde livet litt meir fattigsleg for dei som bygde landet.

Roy Høibo (45) er førstekonservator og styrar ved Ryfylkemuseet. Han har skrive fleire bøker og ei rekke artiklar i tidskrift og aviser.

Kjelder og litteratur::

Artikkelen bygger i hovudsak på intervjuemateriale fra Ulla-Førre-anlegga som blei samla inn sommaren 1984. Intervjuet er gjort av forfattaren og av Helga Møgedal og omfattar desse informantane:

Anne Marie Elvheim, reinhaldsbetjent, født 1931
Bjørg Furset, kokke, født 1954
Astrid Hauge, kokke, født 1920
Anny Hiim, messesjef, født 1936
Toril Kismul, reinhaldsassistent
Anny Karin Steine Klubben, kokke, født 1959
Gerda Langmo, kokke, født 1922
Asbjørg Laugaland, kontorassistent, født 1956
Tonje Lund, stikningsassistent, født 1965
Jorunn Lunde, kontorassistent, født 1959
Solfrid Løvbrekke, kontorassistent, født 1961
Olga Medhus, kjøkkenassistent, født 1924
Unni Vassbø, skiftkontrollør, født 1962

I tillegg bygger artikkelen på anna materiale om Ulla-Førre-anlegga som m. a. er brukt i bøkene «Blant silkebus og bønder» og «Ulla-Førre – Norges største vasskraftprosjekt», begge av forfattaren og utgitt i Stavanger 1987. «Ulla-Førre-posten», som kom ut frå 1978 til 1986 er og ei god kjelde til kunnskap om Ulla-Førre-anlegga. Her har m.a. Jostein Granli gjort ein eineståande fotodokumentasjon av anlegga.

Kvinner i Ryfylke

AV SVANHILD O. NESSA

Ei atten år gammal jente vart spurde om ho kunne tenkja seg å koma attende til Ryfylke for å busetja seg etter endt utdanning. «Kvífor skulle eg det?» var svaret. Kvífor skal jenter bu i Ryfylke? Kvífor bur det fleire menn enn kvinner mellom 19 og 60 år i alle Ryfylkekommunane? Svara på desse spørsmåla er mange og subjektive. Men ein bør gå inn i problemstillingane for å sjå om det kan finnast trendar som peikar på utfordringar, meiner Svandhild O. Nessa. Det gjer ho i denne artikkelen, og ut frå ei målsetting som går ut på å auke busetnaden i Ryfylke.

Eg har konsentrert meg om menn og kvinner frå 19 til 66 år i dei åtte Ryfylkekommunane : Kvitsøy, Hjelmeland, Rennesøy, Finnøy, Forsand, Strand, Sauda og Suldal. Totalt er fordelinga pr. 1.1-93 8049 menn og 7386 kvinner, dvs. 52,15% menn og 47,85% kvinner i yrkesaktiv alder. I alle åtte kommunane er det busette fleire menn enn kvinner under 66 år. Skilnaden i fordelinga er størst i Kvitsøy, Forsand og Hjelmeland. Dette dei minste kommunane når det gjeld innbyggjartal. Rennesøy har også relativ stor forskjell, men ikkje mykje større enn Strand.

Finnøy skil seg ut med best kjønnsfordeling, 51,2 % menn og 48,8% kvinner. Gruppa 20 til 29 år har fleire kvinner enn menn; altså er forutsetnaden for god rekruttering til stades på Finnøy, trass i at husmorskulen ikkje lenger finst. Men Finnøy har linje for vidaregåande, kanskje ligg noko av årsaka til ei jevnare kjønnsfordeling der? Vidaregåande skular gjev arbeidsplasser som rekrutterer kvinner.

Strand og Sauda har også utdanningsmiljø, men truleg veg arbeidsplassane ved Scana Staal AS og Elkem mangen opp effekten av kvinnelege arbeidsplassar.

UTDANNINGSNIVÅ I RYFYLKE

Gjennomsnitts utdanningsnivå i Ryfylkekommunane er 10,18 år. Landsgjennomsnittet er 10,54 år. Kvinner har 10,05 år i Ryfylke, medan snittet i Noreg er 10,26 år. Menn har 10,31 i Ryfylke, mot snittet nasjonalt er 10,82 år.

I Ryfylke har Kvitsøy lågast utdanningsgjennomsnitt med 9,85 år. Så kjem Forsand med 9,93 år, Strand 10,13, Sauda 10,24, Hjelmeland 10,28, Suldal 10,30, Finnøy 10,34 og Rennesøy 10,40 år. For Strand og Sauda dreg truleg type hjørnestensbedrifter ned utdanningsgjennomsnittet.

Samanfattar ein fordelinga av menn / kvinner med utdanningsnivå, ser ein at Finnøy skil seg ut. Dei har minst forskjell i busetnad menn og kvinner, og har

nesten høgast utdanningsnivå. Finnøy er einaste kommunen i Ryfylke der menn og kvinner har like lang utdanning. Kvitsøy og Forsand har lågast utdanningsnivå, og størst skeivfordeling menn og kvinner. Finnøy har dei siste åra hatt ein svak folkevekst, medan Kvitsøy og Hjelmeland har hatt tilbakegong. Forsand har svak folkeauke på tross av ujevn kjønnsfordeling og lågt utdanningsnivå.

Dette er eit lite materiale å dra konklusjonar ut ifrå. Likevel, medvitne om at kvinner tek stadig lengre og høgare utdanninger, kan det sjå ut til at det er ein samanheng mellom utdanningsgjennomsnittet og kvinneleg underskott. Det kan vera ei avgjerande oppgåve å skapa eit meir variert arbeidstilbod.

Flyttemønster viser at gutter ofta vil heim att. Kvinner flytter med ektemake i høgare grad. Menn flytter ofte til heimstaden viss dei får seg arbeid anten dei er einslege eller har etablert familie. Einslege kvinner søker meir til urbane stadar for å busetja seg.

Med nedbyggjing og mekanisering i landbruket er det tøft å skapa nok arbeidsplassar i omstruktureringa. Det ser i tillegg ut til at vi bør utvikla modellar som viser korleis ein kan få arbeidsplassar som krev høgare utdanning til regionen; som og utfordrar kvinneleg hjernekraft. Her vil eit godt samspel med det offentlege vera viktig. I ei grundigare utgreiing om trivselsfaktorar for kvinner og menn i Ryfylke, ville truleg manglande variasjon i arbeidstilbod vore eit negativt element.

KVINNER OG POLITIKK

Det greske ordet idiot tydde eigentleg ein som berre tenkte på seg sjølv. Ordet var negativt lada og brukt om personar som ikkje tok del i felles samfunnsoppgåver. Er kvinner i Ryfylke meir «idiotiske» enn menn?

I 1987 utgjorde kvinneandelen i kommunestyra i Ryfylke-kommunane 33,3% . I 1991 var det valde inn berre 19,3% kvinner; ein nedgang på 14%. I Kvitsøy står det tilsynelatande dårlegaste til. Dei fekk ingen kvinner inn i kommunestyret ved siste valet. Hjelmeland fekk inn berre 12% kvinner, Strand 17,1%, Forsand 17,6%, Suldal 21,2%, Finnøy 24%, Sauda 29,6%, og Rennesøy 33%. Igjen ser me at små- kommunane Kvitsøy, Hjelmeland og Forsand merker seg ut i negativ lei.

Finnøy er i beste enden, men har berre 25 % kvinner i det viktigaste styringsorganet , men det er den einaste kommunen i Ryfylke som har kvinneleg ordførar. Ingen kommunar har 40 % kvinner i kommunestyret, som er minstemålet i høve til generelt likestillingsarbeid. Totalt kom det inn 11 færre kvinner i noverande periode enn i 1987. Kva om vi får inn 11 færre også ved valet i 1995? For bulysta i Ryfylke kan dette vera ulystelege opplysningar. Signalar er at politisk aktivitet og politiske miljø i høg grad er lukka for kvinner. Menn tek alle samfunnsviktige avgjerder.

Undersøkjinga «Kvinner og politikar i Hjelmeland. Ein gong og aldri meir » fra 1992 viser at politisk arbeid er lite tiltalande for kvinner i Hjelmeland. Truleg er det likeeins i dei fleste andre kommunane i Ryfylke. Det er underleg at medan menn sit i kommunestyra og formannskap periode etter periode, takkar kvinnene for det meste av etter berre ein periode. Kva er det som er så kjekt og spanande for menn, men som kvinner opplever så ulikt og negativt at dei vil unngå det?

Kvinner er ikkje «idiotar» . Dei tek på seg frivilleg fellesskapsarbeid i stort mon. Men der avgjerdene vert tekne, der glimar dei med sitt fråver. Er kvinner feige? Vegnar dei seg meir enn menn for ukjente og nye utfordringar? Undersøkjingar om menn og kvinners

søknadar til arbeid seier noko om det. Kvinner krev meir av seg sjøl når det gjeld formell kompetanse før dei vågar seg på nye utfordringar.

Det er vanskeleg å rekruttera kvinner til å stå på politiske lister. Vanskane er eit nasjonalt problem, men i Ryfylke viser valresultata at denne regionen har spesielle problem. Grunnane er fleire. Kvinneunderskottet i seg sjøl verkar inn. Ei kvinne som hadde flykta frå Iran og busett seg i Sverige, sa til meg at i Norden føregjekk den mest raffinerte form for kvinneundertrykking. Ho forklarte det med at vi trudde sjølv vi hadde likestilling, lovverket gav oss likestilling, men likevel kunne vi gå inn i statistikkar om kven som styrde, kven som hadde leiande stillingar, kven som hadde høge løner og kven som gjorde gratis hus- og omsorgsarbeid, og sjå at fridomen ikkje var reell. Det var provoserande å høyra dette av ei kvinne frå eit land der kvinner helst bør gå tildekkja med slør. Men eg hadde lite motargument i høve til stoda. Erkjennингa er at det finst mange slag slør. I Ryfylke er det sterke religiøse tradisjonar som fremjar kvinneteiing. Ennå går diskusjonane i kristne organisasjonar om kvinner i høve til stemmerett og læreoppgåver.

ER KVINNE KVINNE VERST?

Strand og Sauda vidaregåande skular føretok i vår ei undersøkjing om val og veljaråtferd. Det kom fram at kvinner vegrar seg meir enn menn mot å ta del i politisk arbeid. Minst lyst på politisk arbeid harheimarbeidande kvinner mellom 31 og 50 år. Årsakene er m.a. kulturelle. Kvinner manglar samversformer der politikk vert diskutert. Det politiske miljøet er i høg grad på mennene sine premissar. Arbeidsmåtane er kanskje meir ulike enn vi i fyrste rekke oppdagar. Kvinner er ofte utålmodige og konkrete i høve til

resultat. Politisk arbeid krev tålmod. Menn har bygd opp og prøvd ut ulike organisasjonsmodellar. Det største har vore å koma til toppen i hiarkiet, leiar, direktør, ordførar osv. Kvinner fungerer best i flatare strukturar, der alle har tilnærma like mykje å seia. Eg kan ikkje seia kva organisering som er mest teneleg i politikk, men ein kunne kanskje teke meir hensyn til kvinner sin måte å tenkja på.

Undersøkinga avliver myten om at «kvinne er kvinne verst». Kvinner stryk ikkje kvinner meir enn menn gjer det. Ubalansen oppstår ved at menn kumulerer inn sine menn. Menn har eit meir aktivt forhold til kven dei vil ha inn i kommunestyra.

LOKALPOLITIKK ER Å UTFORMA SITT EIGE NÆRMILJØ

Ved at menn tek dei politiske avgjerdene, er det og dei som i høg grad definerer kva som er viktig nok til å koma på dagsorden. Det undrar meg at kvinnene ikkje i større grad har oppdaga at dei går glipp av å vera med å utforma sitt eige lokalmiljø ved å vera så passive politisk. Kva «slør» er det me må få bort for å få kvinnene meir aktive der avgjerdene vert tekne?

I prosjektoppgåva «Spør oss, me seier kanskje ja» (mars 93), svarar 40% av jentene i niande klasse i Suldal kommune at dei kan tenkja seg å ta del i politisk arbeid. Berre 15% av gutane svarar positivt på same spørsmålet. Kvifor blir ikkje jentene då politisk aktive? Kva skjer vidare i livsløpet? Det er nett kvinnene og især dei unge kvinnene som det er vanskeleg å få med i politisk arbeid. Kan det ha med korleis tilhøva er tilrettelagde?

Dette er tankar eg gjere meg på bakgrunn av generelle kunnskapar om Ryfylke. Målet må vera ein harmonisk folkeauke i regionen. Alle gode krefter må samordnast og aktiviserast så det beste og kreative får

koma fram. Eg meiner at ressursane kvinnene i Ryfylke står for, ikkje kjem nok i fokus. I tillegg har me eit kvinneunderskott.

Utfordringane må me møta med: Kunnskapar om årsakene, og tiltak som rettar på negative tilhøve. Felles mål: Auk bulysta i Ryfylke, kanskje må ein då endra rammevilkåra, især for kvinnene.

Svanhild O. Nessa (42) er hjelmelandsbu med ein mangfaldig bakgrunn. Ho har lese både økonomi og norsk, hatt arbeidet sitt på gard, i bank, i skule og i regionalt utviklingsarbeid, og er nå tilsett som prosjektarbeidar i DU Ryfylke samtidig som ho er sekretær for Ryfylkeprodukt.

Kjelder:

«Spør oss, me seier kanskje ja», prosjektoppgåve 1993

«Kvinne og politikar i Hjelmeland - Ein gong og aldri meir?», prosjektoppgåve 1992.

«Rapport frå spørreundersøking om valg og valgatferd i seks Ryfylkekomuniar.»

Kristin Dale: «Utdanning og distriktsutvikling».

Kvinnenettverk og vekstgrupper

AV TONE ÅRTUN

Det skjer noko på kvinnefronten i Sauda, skriv Tone Årtun i denne artikkelen. For det første er kvinne-nettverket LIV etablert. Og i det stille har dette på kort tid greidd å få ein viss innverknad på utviklinga i kommunen. For det andre har to såkalla «Liv i vekst»-grupper møte ein gong i veka. Då syslar om lag 25 kvinner med meditasjon, lyrikk, avspenning, dans og samtale. Målet er sjølvutvikling tufta på tanken om at alle rommar fleire ressursar enn dei reknar med. Men kva er gale med syklubben? Les og bli vis.

Å seia heilt sikkert når det eigentleg begynte, er vanskeleg, men i eit forsøk på å nøsta det heile opp, ser fleire trådar ut til å møtast i 1991 då Fylkeskommunen, som ein del av prosjektet kvinneretta tiltaksarbeid, skipa til kvinnenettverkskurs på Sauda Fjord Hotel. Rogaland var då eitt av fem fylke i landet som hadde fått tilsett konsulent for kvinneretta tiltaksarbeid. Fleire kommunar i fylket var representerte på kurset, og vertskommunen var blant desse.

Målet med eit slikt kurs var at kvinner frå ulike stader i fylket skulle møtast «til felles motivering i tiltaksarbeid, utveksling av erfaringar og bevisstgjering av sterke og svake sider.» (sitat lokalavisa «Ryfylke».) Konsulent Elin Sabbasen hevda at menn, til dømes gjennom organisasjonar som Lions og Rotary, ofte har eit godt utbygd nettverk der dei kan motivera kvarandre og utveksla erfaringar. Kvinner har tradisjonelt ikkje vore med i liknande lag.

Frå Sauda var 4 - 5 kvinner inviterte av kommunen til å delta på kurset. Dette resulterte i at dei heldt fram

med å møtast for å gjera noko med overtydinga om at kvinner vil og kan. På kurset hadde hovudførerlesar Elbjørg Andreassen framhalde at kvinner som syslar med tanken om å starta eiga verksemد, ofte er redde for å realisera planane sine, men at dei kanskje berre treng eit puff for å koma i gong, og at djupe psykologiske opplegg ikkje er nødvendige. Saudakvinnene konkluderte likevel raskt med at kvinner faktisk har eit grunnleggande behov for å koma saman og lufta idear og støtta kvarandre, og at dette behovet synest mykje sterkare enn hos menn. Dersom kvinner berre treng eit puff, måtte det vera eit kraftig eit.

SEMINAR I JOBBSKAPING

I august same året vart det så halde eit «jobbskapingsseminar» i kinosalen i Sauda. Med permitteringsvarsle hengjande over Smelteverket syntest situasjonen på arbeidsmarknaden mørk. Sju personar sat i panelet, blant desse mellom andre ordførar i kommunen, Olav Dybing, næringssjef i fylket, Terje Fatland, og konsu-

lent for kvinneretts tiltaksarbeid i fylket, Elin Sabbasen. Seminaret fokuserte i stor grad på kvinnens situasjon. Det er ikkje lenger nok å tenka arbeidsplass for menn. Dei fleste menn har koner som og vil ha arbeid. Dersom det ikkje kan skaffast jobb til begge ektefellene, vil Sauda i mange høve heller ikkje få ung ekspererte til bygda.

Seminaret slo fast at det er viktig med eit *kvinnenettverk* for å få kvinner til å etablera seg. Igjen vart det understreka at dei fleste kvinner ser ut til å ha stort behov for å byggja opp sjølvstillingen, og at eit nettverk ville kunna fylla ein funksjon her.

Blant dei frammøtte var entusiasmen stor etter dette seminaret, fleire kvinner heldt fram med å møtast i eit uformelt kvinnenettverk.

KVINNENETTVERKET LIV

1. desember lyste så denne gruppa til ope møte, og kvinnenettverksgruppa LIV vart formelt stifta med Kjersti Fløgstad som leiar.

Dermed har kvinner i alle aldrar og med ulike interesser frå nå av eit forum. Erkjenninga bygger på at det er vanskeleg å vera kvinneleg etablerar og kvinneleg jobbsökjar. Nettverket skal støtta og hjelpa og byggja opp kunnskap og sjølvstilling.

Det vart likevel understreka at dette skulle vera eit *kvinnenettverk*, ikkje eit etablerarnettverk. Alle jenter, kvinner, damer skulle vera velkomne - husmødrar og utearbeidande, det viktigaste måtte vera å styrka kvarandre ved å stå saman. Oppbyggjingsarbeidet ville då på sikt vonaleg føra til at nokre kunne våga å ta meir aktivt del i samfunnslivet enn tidlegare, men det måtte ikkje nødvendigvis vera eit mål at alle skulle gjera det.

I tillegg tar LIV mål av seg til å fungera som ei pressgruppe mot kommunen. Emne jentene er opptek-

ne av, skal kunna presenterast dei styrande organa i bygda. Det vil liggja meir tyngd bak ideane og ønskjemåla om eit nettverk går god for dei enn om berre ei eller to kvinner la fram det same. Dessutan er det slett ikkje sikkert at kvinnene åleine hadde hatt pågangsmot nok til å presentera noko for dei styrande.

KVINNER PÅ KURS I TALETEKNIKK

På initiativ frå LIV arrangerer Folkeuniversitetet/Friundervisninga eit kommunikasjonskurs for kvinner. Kurset er fullteikna etter få dagar, fleire interesserte må avvisast. Kvinnene lærer å ta ordet i forsamlingar, å halda føredrag. Målet er å få fleire kvinner til å engasjera seg i politikk, å ta leiarkverv og å våga å ta ordet i forsamlingar. Kursleiar Bjørn Johnsen uttaler etterpå til Elin Sabbasen at dette er det første kurset han har halde for berre kvinner, og at det er den dyktigaste gruppa han har hatt. Han er imponert over ressursane som har kome for ein dag undervegs.

LIV INN SOM STYREMEDLEM I SNU

Liv kjem med krav om å få ein representant inn i SNU (Sauda Næringsutvikling). For at dette skal gå i orden må statuttane endrast, noko som vert gjort, og Berit Fløgstad sit nå i sin andre to-års-periode som kvinnenettverksrepresentant i SNU. Til saman har SNU sju styremedlemmer. I dag er to av desse kvinner, og dagleg leiar, Jan Edvin Birkeland, hevdar at det har vore positivt og nyttig å få ei kvinneleg vinkling på mange av sakene som er oppe til vurdering.

LIV INN I STYRINGSGRUPPA FOR STRATEGISK NÆRINGSPLAN


I 1992 utarbeider Sauda kommune ein strategisk næringsplan. Eit konsulentfirma blir engasjert for å organisera ein idedugnad, og dette firmaet tar på føre-

hand kontakt med kvinnenettverket for å høyra kva tankar kvinnene har om emnet. På sjølve idedugnaden møter om lag 20 kvinner fram. Det syner seg at det er ein nokså klar skilnad mellom forslaga til dei mannglege representantane og dei til kvinnene. Kvinnene er meir opptekne av trivsel enn av etableringstiltak. Dei fokuserer på at eit trygt miljø, kulturelle tilbod og ei meiningsfull fritid er like viktig å satsa på for lokalsamfunnet som nyetableringar innan arbeidslivet. LIV får gehør for dette synet og ein representant inn i styriingsgruppa for Strategisk Næringsplan.

DET BLÅ HUS

Eit anna konkret og synleg resultat av arbeidet til LIV er Det blå hus i Sauda sentrum. Kort fortalt er dette eit eldre bustadhus som kommunen fekk testamentert av den tidlegare eigaren, Valborg Lien. Etter eit klart uttalt ønske frå LIV, som her gjorde nytte av sin utplasserte representant i Strategisk Næringsplan, har LIV fått disponera huset vederlagsfritt i 10 år.

I desse dagar (sept.-94) flytter Berit Fløgstad systova «Snellå» inn i 1. etasje i Det blå hus. I tillegg til å sy kler på bestilling, fiksa øydelagte glidelåsar og sy ut eller inn plagg for kundar med ustabil kroppsvekt, fungerer «Snellå» også som kontakt og utstillingsplass for lokale kunsthandverkarar. Tidlegare har «Snellå» lege mindre strategisk til enn det vil gje i Det blå hus som har ei svært gunstig plassering midt i sentrum. Planen er vidare at Reidun Stålesens strikkebedrift «Rett og rangt» skal få lokale i huset, og at Helen Svendsen skal etablira seg i 2. etasje med bunadsøm og rose måling. Sauda Kunstlag skal også disponera delar av 2. etasje. Dessutan er tanken at det kan arrangerast småkurs og visekveldar i huset. Alternativ laurdagskafe driven av ulike lag og foreiningar har også vore nemnt. Håpet er at Det blå hus skal vera eit ope



Medlemmer av Kunstlaget.
Frå Venstre: Grete Hustoft, Ragnhild Larsson, Karin Bergsbakk og Siri Lund. Foto: Tone Årtun.

hus der ein ikkje berre går inn for å handla, men like mykje for å sjå og læra og bli inspirert. Det skal vera ein stad der det skjer noko, ein trivselsfaktor, ein far geklatt i gatebiletet.

I skrivande stund pågår det eit intenst opp-pussingsarbeid på dugnad i Det blå hus. Nokre menn har hjelpt til, men det er i hovudsak kvinner som deltar.

KVEN ER MED I LIV?

Så langt det kvinnennettverket har oppnådd reint konkret. Kven er så desse kvinnene som skjuler seg bak LIV?

Medlemskapet kostar 50 kroner året, og det er 40-50 kvinner i alderen 20-60 år som betaler. Hovudtyngda ligg likevel mellom 35 og 50 år. Nå skal ein som kjent vera varsam med å festa merkelapp på folk, men LIV-jentene kan nok for det meste klassifiserast som veletablerte og ressurssterke personar. Medlemmene ville gjerne hatt eit større mangfold her, men har hittil ikkje lukkast i å rekryttera andre. Fleirtalet er yrkesaktive, men berre eit fåtal driv eiga verksemد. Svært få av kvinnene har engasjert seg politisk tidlegare. Det ser altså ut for at LIV har blitt eit forum for kvinner som vil påverka samfunnet dei bur i, men som ikkje finn det attraktivt å arbeida partipolitisk.

For at alle skal føla seg trygge nok til å torna å lufta tankar og idear, vert det halde strengt på prinsippet om at internt i nettverket kan alt seiast, men at berre vedtak skal koma vidare. Ingen skal risikera å måtta stå til ansvar for noko som er ytra på eit medlemsmøte i LIV.

Me har sett at kvinnennettverket LIV vart opprettta som resultat av eit sterkt kvinneleg engasjement. Kvinnenettverkskurset i 1991 og det påfølgjande jobbskapingsseminaret var truleg medverkande årsaker til at engasjementet voks seg så sterkt på akkurat

dette tidspunktet. Dermed er det klart at det dette på mange vis er ei utvikling som ligg i tida. Initiativet til kvinnenettverkskurset kom frå fylket ved kvinnekonsulent Sabbasen. Ho deltok også på jobbskapingsseminaret. Kvinnenettverk finst nå i mange kommunar, det er ikkje noko særsyn for Sauda. Likevel er det ikkje sikkert at kvinnene i Sauda hadde kome så sterkt på banen om det ikkje var for dei økonomiske nedgangstidene. Saudasamfunnet opplevde 1991-92. Smelteverket gjekk då ut med permitteringsvarsel, og framtida syntest med eitt utrygg for mange. I denne situasjonen vart det viktig for alle, også for kvinnene, å slå eit slag for bygda. Saudasamfunnets beste har nok vore viktig både som motivasjonsfaktor og drivkraft for kvinnene i LIV.

Det omtalte kvinnelege engasjementet har, så langt, ikkje direkte ført til fleire arbeidsplassar i bygda. Men LIV har, utan tvil, blitt ein kanal kvinner kan påverka det kommunale maktapparatet gjennom. Kvinnenettverket fyller ein funksjon spinnesida har mangla tidlegare.

SJØLVUTVIKLINGSGRUPPENE LIV I VEKST

I kjølvatnet av kvinnennettverket oppstod eit nytt fenomen, her omtalt som «Liv i vekst»-gruppene. På eitt av møta i kvinnennettverket var bibliotekar Anne-Grete Bjørlo invitert til å halda føredrag om det å ta i bruk indre ressursar. Emnet fenga i så stor grad at mange fann ut dei ville arbeida vidare med sjølvutvikling. Dermed vart den første «Liv i vekst»-gruppa etablert. (Sjå eigen artikkel: *Liv i vekst* av Bjørlo.)

Namnebruka fører kanskje til at mange blandar saman kvinnennettverket LIV og «Liv i vekst», men sjølv om ideen til vekst-gruppene vart lansert på eit møte i kvinnennettverket, og sjølv om nokre av medlemmene deltar begge stader, opererer dei uavhengig

av kvarandre. Medan kvinnenettverket har sett det som si oppgåve å bevisstgjera og få kvinner til å delta aktivt i lokalmiljøet, samstundes som nettverket i seg sjølv har blitt ein pressfaktor mot kommunen, har «Liv i vekst» orientert seg innover i sjelslivet til den einskilde deltagaren. 15-20 kvinner har i over eitt år møtt kvarandre ein gong i veka der meditasjon, samta-

le, lyrikk, litteratur, musikk og avspenning har vore på tapetet. Målet er å verta kjent med eigne ressursar og grenser. Tanken er at ein ikkje kan yta sitt beste før ein kjenner seg som eit heilt menneske. Også her gjeld prinsippet om full teieplikt utanfor gruppa.

På vanlege møtekveldane tar medlemmene i bruk kunnskap og innsikt dei sit inne med sjølve, men i til-



Det blå huset. Foto: Tone Årtun.

legg har det vore arrangert ulike kurs leia av innleigd ekspertise. Desse kursa har vore opne for alle.

Interessant er det at medlemmene har late seg testa hos fysioterapeut og lege i startfasen av «Liv i vekst». Seinare vil dei gjennomgå dei same testane for å samanlikna resultata og sjå om arbeidet i gruppa har ein målbar effekt.

Sjølv har deltakarane positiv røynsle så langt. Dei har blitt gladare og meir trygge på seg sjølve, meir fulle av energi.

Interessa har vore stor omkring dette prosjektet, og gruppe nummer to har alt kome i gang. Denne fekk hjelp av den første gruppa i startfasen, men er elles heilt uavhengig av denne. Sidan det er andre personar med andre kunnskapar som treffest her, er innhaldet på møta ikkje identisk med det i den første gruppa, sjølv om leisten nok er den same. I denne siste gruppa er også to menn med. Dersom fleire melder seg som interesserte, må ei tredje gruppe organiserast, då det ideelle medlemstalet ligg mellom 10 og 15. Det er ingenting i vegen for at menn kan vera med. Men det var kvinnene som hadde ideen, og hittil ser det ut for at møteforma passar best for dei.

KVA ER GALE MED SYKLUBBEN?

Kva behov fyller så «Liv i vekst»-gruppene? Kvifor er ikkje lenger syklubben god nok?

Tradisjonelt har syklubben vore noko stadbunden, eit lag der nabokvinner kom saman med handarbeid ei kveldsstund. Tidlegare var dette kanskje meir sjølv-sagt enn nå. I dag er ikkje avstanden innan kommunen noko problem då dei fleste disponerer bil. Dessutan har utdanning og ulike interessefelt kanskje splitta nabokvinnene som i dag ofte har lite samkvem med kvarandre. Yrkesaktive knytter gjerne venskapsband til kolleger og andre dei treffer i samband med

arbeidsdagen. Naboen vert ein dermed ikkje så av hengig av som i tidlegare tider.

Kvinnene i «Liv i vekst» gruppene vil ikkje sei noko negativt om dei tradisjonelle syklubbane. Desse har fylt, og fyller nok framleis, eit behov for sosialt samvære kvinner imellom.

ANDELEGE VERDIAR ER IKKJE BERRE KRISTENDOM

Etter at jappetida kulminerte på 80-talet, har mange på jakt etter verdiar, vendt seg bort frå det materielle.

Medlemmene i vekst-gruppene er interesserte i å utforska livet og tilværet, og dermed begynner dei med sitt eige indre landskap. I dag er det legitimt å snakka om sjel og ei meinings med livet utan å gå tradisjonelle kristne vegar. Den religiøse lengten som ser ut til å vera nedfelt i mange menneske, har fått mange kanalar å velja mellom.

LIV I VEKST – EI AVSPORING?

Dersom ein igjen går tilbake til kvinnennettverkskurset i 1991 der det vart hevdat svært mange kvinner var flygedyktige, og at det berre var eit lite puff som skulle til.., er det svært nærliggjande å sjå «Liv i vekst» som ei avsporing, eller kanskje til og med eit tilbake-steg målt opp mot ein slik påstand. «Liv i vekst» er i stor grad individorientert. Samfunnsstrukturen vert lite fokusert på. Har ikkje desse kvinnene dermed ufarleggjort seg sjølve, har dei ikkje på sett og vis vendt ryggen til det dei siste tiåras kvinnekamp har forsøkt å byggja opp?

Elin Sabbasen svarer eit klart nei på desse spørsmåla. «Liv i vekst»-gruppene syner heller mangfaldet blant kvinner. Dessutan kjenneteiknar det kvinner generelt at dei er ansvarsbevisste og at dei vil gjera ting grundig og skikkeleg. Dei store konkursane står

det ikkje kvinner bak, til det er dei for lite villige til å ta sjansar, særleg dersom andre skulle koma til å missa arbeidet. Slik risikerer ikkje kvinner. Kvinner tenker på livet som ein heilskap. Dei ser ikkje jobb og karriere isolert frå si eiga utvikling. Dersom medlemmene i «Liv i vekst» treng å arbeida med sjølvutvikling over eit lengre tidsrom, så er det rett av dei å ta seg den tida. Sabbasen er overtydd om gruppene gjer eit nyttig arbeid og at medlemmene vil bli meir synlege og aktive i lokalmiljøet etter kvart.

Sjølv forklarer gruppemedlemmer at dei *har* gjennomgått ei utvikling, og at møtekveldane ber preg av dette. Svært mange var trøyte og utbrente i byrjinga. Dei fleste var yrkesaktive med mange fritidsverv og familie. Derfor måtte dei ta til med seg sjølve og si personlege utvikling. Etter eitt år er mykje av dette unnagjort, nå har dei overskot til å sjå lengre. Vyene har meldt seg. Dessutan understrekar dei at mange av medlemmene alltid har vore aktive og synlege i lokalsamfunnet, medan andre ikkje har ønske om å vera det. Meir vil dei førebels ikkje ut med. Men dei held fram med gruppemøta.

Å VERA ANNLEIS ENN MENN

Slik «Liv i vekst»-gruppene vert drivne, er dei nokså spesielle for Sauda. Dette kan vera tilfeldig - at dei rette personane var der til rett tid. Den einskildpersonen som fekk det heile i gong, var Anne-Grete Bjørlo, som kom tilbake til heimbygda, og som hadde med seg mange av ideane frå Oslo.

Liknande tankar har grobotn også i andre lokalsamfunn. Det tidstypiske ligg i at kvinner har byrja å godta, og kanskje til og med å understreka at dei er annleis enn menn, og at dette er av det gode. Treng dei meir meir støtte og samtale med medmenneske enn det menn tradisjonelt har synast å gjera, må det vera korrekt å legga tilhøva til rette slik at dei kan få det.

Tone Årtun (42) er cand. philol. med hovudfag i norsk. Ho har vore lektor ved Sauda vidaregåande skule og sendelektor i Moskva. Nå driv ho fosterheim på småbruket i Hellandsbygd.

Liv i vekst

AV ANNE-GRETE BJØRLO

Det begynte med en kreftdiagnose i 1991 og vissheten om å stå ved en skillevei. Et nytt livsmotto tok form: Heller dø som et levende menneske enn være en levende død. Men hvordan bli levende igjen etter år som levende død? Veien gikk til Kaja Finne ved Oslo Kreativitetssenter, som har hjulpet utallige kreftrammede, deres pårørende og andre å finne tilbake til de indre livesenergier og skjulte ressurser.

En ny måte å forholde seg til livet på tok form – veien fra offer til aktør, fra feighet og frykt til indre styrke og mot. Det ble nye livsvalg som innebar flytting fra Oslo tilbake til hjemstedet Sauda og ny jobb som biblioteksjef der, en jobb hvor det virkelig ble mulig å omsette teorien til praksis.

Kvinnenettverksgruppen Liv inviterte meg til å snakke om kreativitet på et møte. Men hva skulle sies om kreativitet? For meg ble det vesentlige *veien* fra frykt til kreativitet – og hvilke faktorer som fører til indre vekst og dermed en større frihet i forhold til seg selv og andre.

En drøm tok form underveis i arbeidet med foredraget: å skape et forum for *Liv i vekst*, et forum i første omgang for kvinner som ønsker å vokse, som ønsker å sprengje egne, oftest selvpåførte rammer, men etterhvert også for menn.

DRØMMEN REALISERES

Mot slutten av møtet, etter foredraget, presenterte jeg *Liv i vekst* slik jeg så det for meg – og jentene tente

umiddelbart. Vi kontaktet i første omgang forskjellige kvinner som vi trodde var interesserte – flere kom til underveis – og satt etterhvert med en gruppe på 13 kvinner som ivret etter å sette i gang.

SELVUTVIKLING UT FRA HELHETSPRINSIPPET

Vi var enige om at vi skulle jobbe ut fra forskjellige vinkler samtidig.

1. Kroppen skulle stimuleres fysisk gjennom fri dans som også stimulerer bakkekontakten.
2. Hodet skulle stimuleres i form av innsikt i egne liv og rammer. Her benytter vi boken «Kvinner som løper med ulver» av Clarissa Pincola Estés, en bok hvor forfatteren tolker eventyr ut fra deres indre, psykologiske betydning i kvinnesperspektiv.
3. Hjertet skulle stimuleres ved hjelp av lyrikk og annen skjønnlitteratur og skape broer inn til glemte

opplevelser og ut mot andre mennesker i form av forståelse.

4. Vårt indre (sjelen) skulle stimuleres ved hjelp av yoga, avspenning og visualisering (fantasireiser). Effekten av slike øvelser forskes det mer og mer på, og teknikkene er tatt i bruk både innen idrett, helsesektoren og næringslivet.

Vi mener at vi mennesker har et enormt selvhubbende potensiale – og at dette vil bli en viktig del av forebyggende helsearbeid i årene som kommer. Vi er glad for vår lokale kontakt med en lege som sjekker blodtrykk og administrerer blodprøver, samt en fysioterapeut som sjekker triggerpunktet i muskulaturen.

5. Inspirasjon og videre utvikling gjennom heltekurs med eksterne kursledere. Vi ønsket å få høyt kvalifiserte kursledere innen forskjellige områder av selvutvikling inn til Sauda for å hjelpe oss videre. Disse kursene ønsket vi å ha som åpne kurs for interesserte av begge kjønn, både i og utenfor gruppen. Vi så også disse kursene som en åpning for å danne nye grupper ut over året, for på grunn av det personlige aspektet kan vi ikke ha mer enn 10 - 15 i hver gruppe. Større grupper vil gå ut over den nødvendige åpenheten. *Taushetsplikt* hos deltakere både i gruppen og på kurs må nevnes spesielt. I et lite lokalsamfunn hvor alle kjenner alle er dette helt nødvendig.

FRA IDÉ TIL HANDLING

30. august 1993 startet vi opp, intensivt de første 2 - 3 ukene, senere en kveld pr. uke med ca. 3 timers varighet. Gjennom metoden «veien blir til mens vi går» har vi prøvet og feilet oss fram til følgende opplegg for

kvelden: 20 min. fri dans for å få fart på blodomløpet og kjenne på følelsene våre. Deretter sender vi «snakkesteinen» rundt til alle. Den som har steinen forteller det hun selv ønsker å dele av følelser, tanker og erfaringer. De andre har ikke lov til å kommentere/vurdere det som sies. Det er lov å sende steinen videre uten å si noe. Etterpå leser vi dikt/eventyr og snakker om det, eller en av oss gjennomgår et tema som for eksempel drømmer. Til slutt har vi en halv time med yoga og/eller avspenning/visualisering.

KURSAVVIKLING

Heltekursene viste seg å bli svært populære, både blant gruppedeltakerne og andre interesserte i og utenfor kommunen. Når dette skrives (mars) har vi avviklet 2 kurs, begge med 30 deltakere: kreativitetskurs med Kaja Finne som kursleder, og Magisk/nøktern helg med psykolog Rune Amundsen. I vår gjenstår to kurs, et med psykolog Lise Valla om kvinner og menn som løper med ulver – eventyrenes betydning for menns og kvinners selvforskrift. I slutten av mai blir det et rent kvinnekurs – et Urkvinnekurs med Kaja Finne.

Til høsten og neste vinter kommer både Kaja Finne og Rune Amundsen tilbake med nye kurs, og vi vurderer også et par spennende kurs med andre kursledere.

ERFARINGER SÅ LANGT

Prosjekt Liv i vekst har vært såpass ukonvensjonelt at det har opplevd den klassiske skjebnen å vekke positiv oppsikt samtidig som vi faller mellom alle bevilgende myndigheter. Det har vært tøft å kaste seg ut i kursavvikling med relativt store utgifter uten sikkerhetsnett. Men det har absolutt vært verdt strevet, og oppslutningen om kursene har vist at vi har truffet folk hjem-

me. Vi som har deltatt i gruppen har opplevd en sterk vekstprosess, og mange av oss har fått mot til å gå løs på «indre, råtne epler». Underveis har vi funnet et fellesskap og et samhold som vi alle opplever som helt unikt.

Vi føler vi har funnet en arbeidsform som er *liv* laga, som når fram til områder hvor våre tankestyrt hoder før sperret veien for innsikt. Vi har opplevd å bli tatt så på alvor av Kaja Finne og OK-senteret i Oslo at vi er tilbuddt filialstatus. (Det finnes foreløpig bare to filialer i Norge). Dette betyr at vi må opprette en stiftelse, men en slik stiftelse vil kunne komme hele Ryfylkeregionen til gode.

I skrivende stund har vi to grupper i drift, og planlegger å opprette en egen gruppe for kreftrammede.

De som har/har hatt kreft har et ekstra stort behov for å komme i kontakt med den indre livskraften, og på dette området mangler helsevesenet kapasitet.

TIDLIG UTE

Er nå dette noe nytt da? Både ja og nei. Ingen av elementene i opplegget er nye. Det nye ligger i måten vi har kombinert dem på. Ut fra reaksjoner vi har møtt – de har stort sett vært positive, føler vi at det er viktig å bringe erfaringene videre til andre. *Liv i vekst*-opplegget kan alle vokse på hvis de ønsker.

Anne-Grete Bjørlo (39) er ei Sauda-jente som etter 18 år i Oslo vende tilbake til heimstaden som biblioteksjef. Artikkelen er skriven allereide i mars i år, og gir uttrykk for situasjonen da. Sidan har tiltaket utvikla seg vidare, og det er i stadig vekst.

Mellom Heidningland og Ferieland

– kvinnerøynelser i misjonslag og venninnelag

AV ERIK FOSSÅSKARET

Erik Fossåskaret er mellom dei av oss som lurer på kva kvinnfolka har føre seg når dei kjem saman i lag. For å finne ut av det har han spurt seg føre, og han har m.a. funne ut at sjølv om det tilsynelatande kan sjå ut til å vera stor skilnad på det å gå i misjonsforeining og det å gå i venninnelag, så låner dei nyskipa venninnelaga mange trekk frå dei gamle misjonsforeiningane. Og dei har i det minst eitt felles trekk: Dei er begge fristader for kvinner i eit mannsdominert samfunn.

Tysdag er utferskved på garden. For konene. Kvar fjortande dag – eller i det minste kvar fyrste tysdagen i månaden. Mest titt for ungkona. Meir sjeldan for svigermor. I kveld fell rytmen for to generasjonar saman. Både mor og farmor skal ut. I venninneforeining og i kvinneforeining. Ungane går til korleis mora får eit anna ettermiddagsprogram. Ho spør etter lekser alt tidleg på ettermiddagen. Ser etter at det er i orden med kler for neste dag. Far gjekk aleine i fjøset. Tidlegare brukte mor å setje fram kveldsmat før ho gjekk i klubb. Etter kvart skjøna alle, også svigermor skjøna det, at far og ungane i lag så pass maktar ordna seg sjølve.

Kwart over sju er farmor reiseklar i døra. Ungane veit at straks damene er farne og vårmeldinga sist i dagsrevyen er forbi, kjem også farfar. Søkjer selskap med son og barnebarn konefrie kveldar.

Ungkona er sjåfør eine vegen. Svigermora skal på misjonskone-foreining. På den midterste av Stølsvik-gardane. Dei møtest jamt der. Frå åtte til tolv kvinner.

Berre for få år sidan var dei nærare tjue. Somme har gått bort. Andre kjenner seg ikkje gode nok til å gå ut på kveldstid. Den yngste er 62 år i vinter. Dei arbeider for Kina-misjonen. Rundt klokka 22 er dei ferdige til å gå heim. Då kjem dei som skal henta med bil. Damene har sunge songane, lese andaktstykket or «For fattig og rik», og ete – kaffi og skjever med litt ekstra godt pålegg. Dei har hatt framme handarbeidet og snakka om basaren i februar. Somme har spurt etter og andre har fortalt om Tordis som har fått sukkersyka, og om Judit som ikkje har vore med dei siste gongene fordi ho ikkje har fått mannen inn på sjukeheimen enno.

Farmor følgjer nabokona heim att. Ho vert henta av mannen. Hennar eiga svigerdotter køyrdet til St. Hans Lia – bustadfeltet på brattaste prestegardsjorda. Der har fem ungkoner venninneforeining i kveld. Klubb kallar dei det. Dei held det gjerne gåande til midnatt, kanskje vel så det. Alle er tidleg i 30-åra. Dei fekk barn same våren for sju år sidan. Det tok til med prat

om at dei skulle trimma i lag for å slanka seg etter fødslane. Det viste seg lettare å halda ved like klubben enn å ta i veg på trimkveldar.

KLUBBRØTER I MISJON

Om lag slik som i avsnitta ovanfor kan vi finna døme i Ryfylke i dag. To generasjonar kvinner med kvar sine samværssformer. Misjonsforeiningane og venninneforeiningane er der i rikt mon også i denne regionen. Misjonslaga kom heilt først i Ryfylke. Med Gustava og Gabriel Kielland på Finnøy. Der han var prest fram til 1837. Først mannsforeiningar. Så kvinneforeiningar frå rundt den tida Misjonsselskapet vart skipa – i 1842. Kvinnelaga viste livskraft. Stadig kom det nye til. Det var eit mål for kvar misjon å ha si foreining i kvar krins. Omtrentleg rekna har Misjonssambandet og Misjonsselskapet 700 kvinneforeiningar i Rogaland i 1994 (Stavanger Aftenblad, 2. juni 1994).

Dette er ein artikkel mest om venninneforeininga. Denne ungkone-klubben har nokre av røtene sine i misjonsretta kvinneforeiningar. Vi har å gjera med to kvinnerørslar der den eine har vakse fram i eit ledig rom etter den første. Det er óg samtidige rørsler. I ulike stadier av to tradisjonar som er svært uavhengige av kvarandre. Utan samarbeid, men og utan uttalt konkurranse. Om vi samanliknar misjonsretta kvinneforeiningar og ungkonene sine venninneforeiningar, er det i form og funksjon både likskap og stor skilnad.

Båe foreiningstypane gjev kvinnefellesskap utafor heim og yrke. I brei tyding har syklubben og venninne-foreiningane teke i bruk rettar til tidsbruk og samvær som misjonsretta kvinne-foreiningar har bygd opp i bygdene gjennom 150 år. På bygdene har kvinnene elles vore strengt bundne til heim og gard. «Å gå og reka» var forkasteleg. (Mary Bente Bringslid, «Home Parties i Sommarfjord». Samlaget, 1990). Mannen har

hatt ulike yrkesretta fellesskap. Det var han som gjekk til båten, og han kunne gi seg god tid på krambu-benken. Foreininga var kvinnene sin fristad. Det var akseptert at dei var borte or tunet, endå medan det enno var arbeidsdag, slik ordninga var tidlegare med føremiddagssamlingar. Ingen stilte spørsmål med form og føremål for det forenings-organiserte kvinnefellesskapet. Også i vår tid vil det vera brei semje om at den mannen er aldeles urimeleg som har innvendingar mot at kona går i klubb. Jamvel om det er så titt som kvar fjortande dag.

Vi skulle gjerne venta at interessa for å gå i foreining er mindre hjå kvinner som har arbeid utafor heim og gard. I vår tid fører yrkeslivet kvinner «ut blandt folk»; meir likt slik det for ein stor del har vore for mennene. Om dei framleis har eit hovudansvar for heimearbeidet, får dobbeltarbeidande kvinner ein travle dag når dei attåt skal laga til eller gå i foreining. Men enno er også kvinner med jobb utafor heimen for ein stor del med i klubben. Grunngjevinga er i mindre mon enn tidlegare behovet for «å koma seg litt ut!» For travle yrkeskvinner er det meir snakk om «å ha ei avkoppling». Men vi kan sjå at kvinner med høg utdanning sluttar mindre opp om venninneforeiningane.

BORDFELLESSKAP

Ungkone-foreiningane hentar legitimitet frå misjonsforeiningar ved å halde fast på ein del kjende former. Somme har handarbeid med seg i klubben. Strikkar til ektefelle og barn. Jamvel tenårings-jentene går i syklubb. Viser fram for kvarandre det dei lagar til kjæreste og tante-ungar. Dei er små kvinner som bur seg for ei vaksen verd.

Som misjonslaga samlar venninne-foreininga inn pengar. Ved å ha med seg den tradisjonen, stoggar dei mange spørsmål om kva lagskveldane skal vera til

gang for. Somme loddar ut små premiar den einskilde har med seg. I andre klubbar betalar kvar 20-30 kroner for kvelden. Ein del innsamla midlar vert gåver til livssynsnøytrale hjelpeorganisasjonar. Det gjeld særleg slike som arbeider for fattige barn som lir langt borte – til dømes Redd Barna og SOS Barnebyer. Men like truleg vil vi finna at klubben med innsamla pengar ein hende gong spanderer på seg ein smule ekstravaganse. Ein tur på byen føre jul, eller endå ein handletur til Newcastle. I så måte er det ikkje regelfast slik at dei yngste tek seg meir ut enn dei vaksne. I eitt tilfelle kjøpte foreininga av tenårings-jenter strikkemasin. Dei lærde nettopp på klubb-kveldane retteleg å rydda veg inn mot fasen av livet med ansvar for lagnaden til mann og barn.

Ungkonene held ikkje Misjonstidende. Andaktsstundene er heilt borte frå venninneforeininga. Men det hender i somme klubbar at einkvan tek med seg utklipp frå eit eller anna blad. Ho vil lesa ein artikkel eller nokre treffande formuleringar for dei andre. Sita ta høver som kommentar til eitkvart dei har prata om ein av dei seinaste gongene. Eller artikkelen er tenleg utgangspunkt for ny prat om engasjerande emne.

Kvinnefellesskap i Ryfylke-bygdene har vore og er eit bordfellesskap. I tradisjonsstyrde misjonsforeiningar er brødmaten urokkeleg i hevd. Spiraloff med servelat og ein liten topp med salat eller ein kvast kruspersille. Grovbrød med hardkokt egg og sild. Lefser med syltetøy eller gome til. Ungkonene er meir eksperimentelle og varierte. Jamnast serverer dei ein varm rett. Gjerne noko nytt; prøvd ut etter oppskrift i eit vekeblad. Eller ideen kjem frå eitkvart vellukka som vertinna har henta med frå eit selskap dei andre ikkje var i. Slik gir maten trivnad rundt bordet – som i misjonsforeiningane. Men hjå ungkonene er han attått eit pratetema.

Igjen ser vi korleis tenåringsjentene nyttar foreninga som ein øvingsbane der dei hentar ned til seg element frå det vaksne kvinnelivet. Om det elles i den alderen er aldri så gjevt med Cola, chips og saltstenger. Foreningskveldane serverer dei varmrettar – til nød i kjellarstova, men mest gjerne i den vaksne stova. Den kvelden storesyster har foreining, får foreldre og sysken vika.

Fyrst i denne artikkelen såg vi at både kvinne-foreiningane hadde tysdag som lags-kveld. Slik festa det seg i 1960- og 70-åra. I fyrste spede tida for venninneforeiningane i Ryfylke-bygdene. Også misjonskonene med sterke tradisjonslojalitetar tillempa i så måte formene til ei ny tid. Den nye tida var fjernsynet.

I 1960 tok NRK til med faste TV-sendingar. Fyrste kvardagen i veka var det mandagsfilm. Onsdag fekk status som ei lita midtveke-afta. Komikveld og seriar med såpeoperaer. Torsdag hadde butikkane kveldsope. Det var einaste dagen med høve til byhandling for kvinner som hadde vanskeleg med å koma av stad før mannen var heime frå arbeid. Etter som det vart vanleg med laurdagsfri, tok helga til fredag ettermiddag. Attende stod tysdag kveld urørt. Med fjernsynsteater var det å rekna som ein TV-fri dag. Tysdag kveld var ledig for lagsarbeid og foreningsmøte.

TENER FOLKESTYRET

Former er synlege trekk. Vi har sett på slike som misjonskoneforeiningar og venninne-clubbar deler. Handarbeidet, den sentrale plassen til matøkta, innsamling av pengar, møtedag, og retten til kvinnefellesskap.

Funksjon er meir vanskeleg å sjå enn form er. Jamvel for sentrale aktørar i eit sosialt system kan vesentlege funksjonar systemet har, vera både utenkt og uuttalt. Dei gamle og dei nye foreiningstypane har som-

me funksjonar sams. I både tradisjonane skaper samlingane eit nivå mellom individ og ei vidare verd – lokalt og globalt. Foreiningane lagar arenaer for kvinners kollektive sjølvrefleksjon.

Lokalt og nasjonalt folkestyre har bruk for eit kollektivt nivå mellom individ og forvaltning. Med foreiningane har kvinnene eit drøftingsforum i beredskap om det kjem opp saker dei meiner gjeld deira interesser. Særleg venninneforeiningane pratar jamt om emne som gjeld bygdestyringa. Skulesaker, skyssordningar, helseteneste og eldreomsorg, om opptaket til barnehagen og om behovet for ny avdeling. Men dei kallar det ikkje politikk.

Foreiningane er og nivået mellom individ og media. I somme klubbar pratar dei om bøker og filmar på kino. Men meir er fjernsynsprogram pratetema. Korleis går det i neste episode? Kjem han attende? Får ho han? Gav reportasjen eit heilt bilet? Viste dei berre ein av ulike tendensar? Kven av debattantane skal vi festa mest lit til? Kven hadde best argument? Har dette noko med oss å gjera? Skal vi bry oss? Byte av dagen-etter-refleksjonar gir meir folkeleg og lokal makt over media.

Samlingane både i kvinneforeininga og i venninneforeininga er begivenheter – storhende. Dei som møtest, gjer så mykje meir enn dei møtest for å gjera. Kvinneforeininga delte andakt og song, førebudde basaren som skulle samla pengar til akkurat deira misjonsorganisasjon. Ungkonene seier for ein del at dei går i syklubb. Mest av alt var det snakk om å vera saman, ha det gildt i hop. På foreningsmøta får alle sleppa til med å fortelja. Rett nok er ikkje heller i kvinneforsa alle like sterke sosiale stjerner. Men dei har eit anna og gjerne meir fast publikum enn dei kjenner frå mannsdominerte kjønnsblanda arenaer i og utafor heim og heimetun. I foreiningane er ingen

kommentarar utanomsnakk. Særleg misjonsforeiningane har ei grind av målretta program. Men alle kjenner korleis det er den sosiale sausen som er det mest vesentlege. Det skjer så mykje meir på samlingane enn det ein møtest for å gjera.

Den uttalte dagsorden for desse formene for kvinnefellesskap er ulik frå eine tradisjonen til den andre. «Misjon for heidningar» i den eine, og «å ha det gildt i hop» i den andre. Den «skjulte» dagsorden er mykje meir sams. Foreiningane har på avgjerande måte vore med og gjort kvinnene til sambygdingar. Foreningskveldane gir informasjon som er naudsynt å ha om ein skal ta del i det jamne lokale sosiale livet.

Noko av informasjonen som flyt i desse kanalane er «sladder». Sladder er det vi fortel om andre – sant eller usant – endå om vi veit at den det gjeld, ville verta lei seg for at det vert fortalt. I det alt vesentlege gir praten meir gyldig og ryddig informasjon. Dei som skal kunna visa kvarandre omtanke og omsorg, har bruk for kunnskap om korleis dei andre har det. Bygdene har gjeve folk mykje trening i å passa på kvarandre. Det er i stor grad snakk om tenleg omsorg. Men i dette lokale uformelle omsorgssystemet vert somme passa for mykje på. Ein slik sideeffekt må også foreiningane ta mykje av ansvaret for.

LUKKA LAG

Vi ser korleis misjonsretta kvinneforeiningar og ungkonene sine venninneforeiningar har like drag i form og funksjon. Like lett kan vi finna skilnadene.

Foreiningane tek til på ulikt vis i dei to tradisjonane. Initiativet til misjonsforeiningane kom utanfrå. Emissären skuva føre seg eller kom surfande høgt på den eine eller den andre vekkingsbølgja. Det var ei tilleggsoppgåve å organisere dei nyfrelste i foreining for sin organisasjon før han drog vidare. Det var ein del

av haustingsarbeidet. I så måte gjaldt det uskrivne, men strenge reglar for organisasjonane. Han som sådde og skapte vekst, hadde haustingsretten. I boka si om «Kristenliv i Rogaland» skriv Jakob Straume at på Idse «kom Santalmisjonen og skipa eit lag like etter vekkinga ved Foldøen, Østebø og Hovda. Men då vart ikkje Foldøen blid –. Og det var heller ikkje ventande.» (Straumen, 1957, s. 184). Kom det med fleire enn stovene hadde plass til, kunne ein dela seg på to foreiningar, eller leggja møta til bedehuset.

Klubben er initiert heilt og fullt lokalt. Dei som flytta inn samtidig i det nybygde bustadfeltet, tok initiativ til første venninneforeininga. Eller det gjekk til slik at på bygdafesten i regi av idrettslaget kom fire unge koner i tale om kor greitt det ville vera å ta opp igjen den gode kontakten dei hadde i ungdomsåra. No er dei busette i kvar sin krins. Men med bil og sertifikat som dei har alle fire, er det berre nokre minutt i avstand. I ei tredje foreining har dei framleis rikt med pratetema dei fem som laga klubb etter at dei gjekk på svangerskapskurs same vinteren for snart 20 år sidan.

Misjonsforeiningane har vore opne. Det var ikkje upassande å be seg sjølv med. Men elles var det lett å få invitasjonar. Alle som sokna til ei foreining, stod fritt til å be med seg andre. Slik vart ungkonene henta inn i det etablerte kvinnesellesskapet. For tilflytta kvinner var foreininga ei opna dør inn i bygda. I mange bygder var det nær slik at alle etablerte kvinner var med i den eine eller den andre misjonsforeininga. Ho som takka nei til alle innbydingane, kunne oppleva det slik at ho sette seg eit steg utafor sjølve bygdefellesskapet.

Venninneforeininga er på anna vis eit lukka lag. Det høver aldeles ikkje å spørja om å få vera med i klubben nabokvinnene har hatt i årevis. Like upassande er det om ei av dei som allereie går der, inviterer

meg seg ei venninne eller nabokvinne utan å konferere med dei andre. Tanken om eit nytt medlem er drøftingssak i samla foreining. Ho med sosial klokskap nemner ikkje idéen med mindre det er truleg at han vinn fram. Like fullt hender det at dei andre aviser framlegget.

NYFIKNE MENN

Kvinneforeininga til misjonskonene er eit bygdefellesskap. Klubben til ungkonene er eit venninnesellesskap. Kvinneforeiningar er ein arena for pratetema som gjeld bygda, verda og misjon. Emne som gjeld det fortrulege om eigen person og eigen familie, høyrer ikkje til i dette laget. Dei fleste vil heller ikkje fortelja meir om andre enn det dei kan vedkjenna seg å ha sagt. Å fortelja eitkvart i ei kvinneforeining, er som å fortelja det i bygda.

I venninneforeininga reknar ein jamt slik at det ein fortel og høyrer der, er fortruleg. Likevel varierer det mykje mellom desse foreiningane kor strengt fortruleg deltakarane torer å tru at klubben er. For mange menn er ektefellen si foreining ein kanal for innsyn i det som meir er usagt på hans bygdearenaer. «Dei kveldane kona har vore i foreining, ligg vi vakne til langt på natt for ho har så mykje nytt å fortelja.»

Naboskapsforeiningane er mest opne. Når kvinne- ne har funne saman fordi dei bur i same bustadfeltet, vil dei investera etter måten lite i fellesskapet av opplysningar om kjenslege private problem. Like fullt er det rom for svært mange pratetema deltakarane har eigne røynsler frå og engasjement i. Det kan gjelda sjukdom, matstell, lekselesing med ungane, prevensjon, tilhøve til andre i familie i slekt. I den meir opne klubben vil dei fleste likevel leggja vekt på å maskera røynsler frå eigne private fortrulege tilhøve.

I tilfelle der tidlegare ungdomsvenninner finn attende i ei venninneforeining, vil dei meir trygt lita på respekten for det fortrulege. Pratetema vil nok vera mykje dei same som dei er i meir opne ungkone-foreiningar. Men deltakarane gjev seg meir spesifikt til kjenne med eigne røynsler og refleksjonar. Dei har mindre bruk for å maskera seg bak allmenne vendingar og døme med referanse til det andre har fortalt eller som dei har lese «i eit eller anna blad».

Det er særleg i emne som gjeld relasjonar ein har til andre at forenings-kvinnene set grenser for kor opne dei skal vera om det private. På fleire vis er det så ugjerleg i små bygder å retta opp dei sosiale feilstega ein tek. Det er eit slikt feilsteg å sleppa på bygda kjenslege opplysningsar ein har fordi ein lever tett innpå foreldre og svigerforeldre, naboar, arbeidskollegaer og ektefelle eller kjæraste. Kvinnene kjenner at dei har same ansvar for ikkje å utelevera eigne barn, særleg etter som desse nærmar seg vaksen alder. Slik sett kjenner dei aller fleste ein vesentleg skilnad mellom møte med foreininga og møte med bestevenninna. Ungkonene har jamt ei bestevenninne. I den relasjonen kan ein snakka om «alt». Somme ynskjer ikkje å vera i foreining med bestevenninna. Går ho i same klubb, må ein snakka på ulike plan om same tema med same personen.

I foreininga er det og i somme høve om å gjera å «posera» litt av det vellukka i livet. Slik maskering uroar det tette venninne-forholdet. Mannen ville snart kjenna det slik at kona «utleverer» han i venninneforeininga. Men han kan skjøna at ho har bruk for å «betru» seg til bestevenninna.

For somme kvinner er det ein liten men truande tanke einkvan staden bak i hovudet om kva som kan skje den dagen venninnerelasjonen har glide ut i sanden, eller meir brått er broten. Gjeld den uttalte

og uuttalte lovnaden om at «dette skal eg ikkje fortelja til nokon. Du må tru meg heilt bestemt på det», også når det ikkje lenger på same faste måten er eit nært vennskap der? «Ho veit så mykje om meg at eg kan aldri slutta å pleia den nære kontakten med henne!»

TENESTEFELLESSKAP

Dugnad har vore ein institusjon i naboskap og bygd. Tradisjonen ser ut til å vera sterkest i vår tid når det gjeld fellesoppgåver i bygda. Dugnadsgjengane legg stadig ned mange timer i fotballbanar, leikeplassar, turløyper og samfunnshus. Dei etablerte kvinneforeiningane organiserte kvinnedelen i bedehusdugnaden.

Ovanfor har eg skrive om venninnesdelen av ungkonne sine klubbar som eit pratefellesskap. Det er óg eit tenestefellesskap. Ein del slikt byte finn stad også mellom deltakarar i misjonsforeiningane. Men det gjeld særleg mellom dei som har eit tilleggsforhold – i naboskap eller familie. Venninneforeiningane strukturerer eit meir utbygd byte av tenester. Dei organiserer husvask hjå ho som er høggravid; så huset er presentabelt til alle skal sjå innom etter fødselen. Så vitjar klubb-venninnene mor og barn på klinikken, med ein retteleg stor bukett blomar. Dei går saman med sengamat. Det er i vår tid sjeldan bokstavleg tala mat. Dei har med eit fint og praktisk klesplagg til den nyfødde. Til dåpen bakar forenings-venninne, kokar og serverer under middagen. Til kaffien er dei meir som gjester å rekna. I høve konfirmasjonane er det enno meir å ordna. Dei låner kvarandre koppar, serveringsfat og bestikk. Mennene vert engasjerte til å køyra skumgummimadrassar, stolar og bord – om det så skulle vera ein heil salong det er bruk for. «Noko må me kunna bruka dei til – skal me fortsatt slita med å ha dei!»

NORMFORVALTNING

Såleis viser det seg at i ein del former som let seg sjå og høyra, skil venninneforeininga seg frå den tidlegare kvinneforeininga. Skilnader kan vi finna også på det meir våge plan der det er snakk om funksjonar vi lettare kan fanga med refleksjon enn med observasjon.

Misjonskone-foreiningane representerte eit dominerande, og i mange høve einerådande åndsliv i bygda. Hadde vekkingsbølgja fyrt rulla over bygda, var det meste i det alt vesentlege ordna til det beste slik det skulle vera. Så var det om å gjera å stå imot åtak som kunne truga sigeren. Like til samværsformer og livsstil vart vakta som var det Gud sin uttrykte vilje. Stabilitet var trygt, og dermed tradisjonsstyringa sterkt. «Me kan ikkje minnast at det er slik me har gjort det».

Bedehuset var sjølve det normative sentrum. I dette homogene samfunn var alternative sett av forestillingar og verdiar å rekna som konkurrentar. Folk gjorde krav på kvarandre. I Ryfylke-bygdene vann bedehusfolket fram med sitt krav.

Vinninneforeiningane tok til å veksa fram i gryande heterogene bygdesamfunn. Mangfold kjendest meir fargerikt enn farleg. Tvil og annleis tanke vekte meir interesse enn irritasjon. I klubben får ein trenar seg i å handtere avvik med mindre redsle og sinne enn det som har prega somme norske miljø både i by og byd.

Bedehuset har tapt posisjon som normativt sentrum. Det har ikkje kome eitt nytt i staden. Normativ makt er delt på mange arenaer. Lærarrom på skulen, vaktrom på sjukeheim, kantine på kommunehuset har kvar noko av denne styringa. Men om summen av makt er konstant, er det mindre på kvar når fleire skal dela. Vinninneforeiningane høyrer til på lista over nye normative forvaltningsentraler. Misjonskone-forei-

ninga kjende normene. Heldt dei i hevd utan å stilla spørsmål. Ordna seg sjølv, mann og barn, ja heile bygda, inn etter allment kjende og stabile normer.

Vinninneforeiningane får ikkje tildelt frå nokon eit gitt sett av normer å styra etter. Det er ikkje lenger gjeve for nokon å formulera faste felles reglar for gale og rett i alt og eitt. Jamvel i Ryfylke har bingofesten like viktig normativ kraft som bedehuset har det.

Kvinneforeiningane av det gamle slaget var lokale bitar av ei sterk nasjonal rørsle. Rørsla hadde ein ideologi – meininger og ytringar om korleis bygda, folk, landet og verda var og korleis alt burde vera. Det var ei landsomfattande rørsle. Ho talde store delar av folket. Leiarane gjorde krav på at styresmaktene skulle lytta til deira vilje. «Kristenfolket!» Det stod age og respekt av berre ordet.

Vinninneforeiningane er ikkje i sum ei rørsle. Vi har ikkje å gjera med nokon organisatorisk struktur som har samlande interesser å kjempa for. Jamvel den organiserte kvinnerørsla er i mål og middel framand for mange av ungkone-klubbane.

RAUSE KVINNER

Omvende bygder hadde viktige ytre trekk som viste at dei sökte ein lagnad som ikkje var av denne verda. Misjonskonene hadde eit tilsynsansvar. Dette var det lett å fylgja opp i einsarta, stabile og oversiktlege bygder. Fred og tryggleik låg i det kjende. Vinninneforeiningane kunne lettare sanksjonera avvik i livsstilspørsmål enn i lærespørsmål.

Ungkonene ser endringane finna stad, og dei gjer seg skuld i det nye. Tek arbeid utafor heim og gard. Søkjer ungane inn i barnehagen. Brukar pengar på Syden-turar, og har venninner som dreg dei med på byen. Dei lesser delikatessemat, kondomar og pilslasker i handlekorgene som skulle det vera standard dag-

legvarer. Let tenålings-barna flytta uvigde saman med kjærasten.

Ungkonene er nennsamt nyfikne på det nye. «Lat oss prøva det ut! Eksperimentera litt!» Venninnene aksepterer og avviser like raust og ufarleg. Ein ny liten rett i kveld og! Nye kler sidan sist. Frå ny butikk. Eitkvart nytt til huset. Lat oss reise dit i år. Treng me ha med mannen?

Kvar helst går grensene? Kva er rett og gale? Spørsmåla har ikkje enkle svar. Men dei er stadig under debatt. Venninneforeiningane til ungkonene er truleg det mest vesentlege lokale forumet for utvikling, formidling og forvaltning av normer i våre dagar.

Svigermor-generasjonane i dei tradisjonelle kvinneforeiningane ser korleis ungkonene ved å kopla eigne røynsler og eigen refleksjon finn fram til ein særleg visdom dei sjølve gjerne skulle hatt meir av. Tryggleik og ulevd liv er gjerne to av sidene ved same saka. Både kvinnegenerasjonane kjenner til ei større verd enn den

som ligg synleg i heimetunet. Dei har denne urøynde verda inne i seg, og ho er vidare vekke. Misjonskone i kvinneforeininga på midterste Stølsvik-garden kjenner enno engasjementet for det Heidningland dei møter i bladet. Men meir kvar for seg enn dei set ord på i lag har dei mykje respekt for ungkonene i venninneforeininga på St. Hans Fjellet som byggjer saman tankar frå eigne turar i Ferieiland.

Erik Fossåskaret (47) er sosiolog og førsteamansis ved Høgskulesenteret i Rogaland. Han har budd i Ryfylke sidan 1974 og bur nå på Rennesøy. Han har eit stort fagleg forfatterskap, og har også tidlegare vore ein flittig bidragsytar i Folk i Ryfylke.

Kjelder:

I arbeidet med å laga artikkelen har forfattaren intervjuat 10 - 12 kvinner. Dei var i alderen 25 - 40 år, og dei budde i Rogaland, for dei fleste sin del i Ryfylke-bygder. Informantane fortener stor takk for både materiale om faktiske forhold og for moment til refleksjon om endringar i kvinnesellesskap i regi av foreningar.

FOLK i Ryfylke 10 år

AV ROY HØIBO

I 1984 kom første nummeret av det som blei kalla FOLK i Ryfylke ut. Ryfylkemuseet hadde da vore i arbeid i 3 år, og behovet for eit meldingsorgan til omverda var påtrengande. Allereide i 1983 blei årsmeldinga for det føregåande året gitt ut i hefteform, men det var behov for eit skrift som også kunne bringe anna stoff.

Ambisjonen var formulert slik: «FOLK i Ryfylke skal bli ein viktig formidlar av kunnskap om korleis folk i Ryfylke har hatt det opp gjennom tidene, og gjerne litt om korleis desse føresetnadane er med på å forme det samfunnet vi lever i i dag, og dermed oss sjølve». Det var ikkje lite, men det var ei programerklaring som sidan har ligg under mye av det strevet som har gått føre seg for å bygge opp eit samlande og fagleg fundert museumsstell i Ryfylke.

Nå var det ikkje noe alldelers nytt at dette museet ga ut ein periodisk publikasjon. Ryfylkemuseet er ei direkte vidareføring av delar av det gamle Rogaland Folkehjemmuseum som blei skipa i 1936, og frå Rogaland Folkehjemmuseum var det tidlegare kome ut ei rekke årbøker, den siste, med nummer 22, i 1979. Dette var ein bokserie som starta i 1952 under namnet «Årbok for Jæren» og som blei gitt ut i samarbeid med Rogaland Historie- og Ættesogelag, men med eige styre for årboka.

Allereide året etter, i 1953, blei styret for årboka utvida med representantar for Dalane og boka skifta namn til «Årbok for Jæren og Dalane». Boka kom nå ut årviss, men fekk i 1956 ein slags undertittel, nå sto det «Frå bygd og by i Rogaland» på ryggen til årboka,

og samarbeidet med Rogaland Historie- og ættesogelag ser ut til å ha opphört, men i første omgang ser det ikkje ut til at dette fekk noen innverknad på stoffutvallet i boka.

Ein må likevel kunne sjå på undertittelen frå 1956 som ei forvarsel. Nå blei det eit opphold i utgivinga av årboka på 3 år, og da ho kom att i 1959 var det under hovudtittelen «Frå bygd og by i Rogaland», og nå var det Rogaland Folkemuseum som sto som utgivar. Stoffet var henta både frå Jæren, Dalane og Ryfylke. Det var ei samlande bok som like til dei siste utgåvane hadde ein god balanse av stoff frå alle dei tre stoffområda.

Etter regionaliseringa av museumsstallet i 1981 fall det naturleg å velja virkemidlar i formidlinga av det kulturhistoriske materialet som i sterkare grad var knytta til eigen institusjon, og vi fekk ei oppsplitting av publiseringa av stoff frå regionmusea. I dag gir alle musea i fylket ut kvar sine årbøker. Kanhende er ikkje det berre til det gode. Det finst både økonomiske og faglege grunnar til å samarbeide om slike publikasjoner.

Det første nummeret av FOLK i Ryfylke var eit lite hefte i bokformat (15 x 21,5 cm) på 58 sider. Det blei trykt hos Sentrum Trykkeri i Ølen og var eit meldingsblad for aktivitetane ved museet. Heftet opna med eit tilbakeblikk over historia til Rogaland Folkemuseum, og gjorde greie for omgjerninga til regionmuseum for Ryfylke. Deretter følgde artiklar om Erfjord bygdemuseum, og det engasjementet museet hadde gått inn i på Jelsa og i Åbø-byen i Sauda. Årsmeldinga og andre saker til årsmøtet fylte nesten halve heftet.

Før utgivinga av neste hefte, som kom hausten 1984, såkte museet hjelp hos Dreyer Bok i Stavanger, og fekk ei form på heftet som seinare er brukt. Medan styraren sjølv hadde skrive alle artiklane i det første heftet, var hovudartikkelen i dette heftet ein stor artikkel om frukt- og bærdyrkinga i Hjelmeland som Trygve Brandal hadde skrive. Trygve Brandal hadde i 1992 vore engasjert av museet til å gjennomføre eit feltarbeid om frukt- og bærdyrking for Ryfylkemuseet, og det var resultata av dette arbeidet som danna grunnlaget for artikkelen.

Dei første åra kom skriften ut med to nummer i året, men det viste seg at dette blei tungt både økonomisk og fagleg, slik at skriften frå og med 1989 gikk over til å bli årbok, og frå 1991 knytta museet til seg eit redaksjonsråd for å få hjelp i arbeidet med å planlegge stoffutvalet og hente inn artiklar. Med i dette rådet er Erik Fossåskaret, Halvdan Magnus Hansen, Njål Tjeltveit, Jorunn Strand Vestbø og Tone Årtun. Noe av det første redaksjonsrådet gjorde, var å søke å profilere skriften gjennom å samle hovudartiklane kring tema.

Første temanummeret hadde «Møte» som tema. Klarare kom kanskje temaet til uttrykk i 1992, da redaksjonsrådet sette søkelyset på «Samvirke». Året etter var øykulturen tema og i år kvinner i Ryfylke.

I alt har *FOLK i Ryfylke* kome ut med 15 nummer. I desse nummera har ikkje mindre enn 50 forfattarar bidratt med heile 88 artiklar. Noen har vore meir flittige enn andre. Ingen, utanom redaktørane, har skrive meir enn Njål Tjeltveit, som aleine har levert 13 artiklar til *FOLK i Ryfylke*. Redaktør har det meste av tida vore Roy Høibo, men under permisjon i 1986 var Målfrid Snørteland redaktør, og i 1992 Ernst Berge Drange. Dei fleste bilda i skriften er avfotograferte og kopierte på museet av Gaute Berge Nilsen. På dei nes-

te side følgjer eit register over artikkelstoffet 1984–1993. I tillegg til artikkelstoffet er årsmeldingar og rekneskap for Ryfylkemuseet tatt inn i skriften.

Medlemmane i museet og andre lesarar har visst å setta pris på skriften, og vi har nå eit abonnementstal på godt og vel 500. Men det burde vore fleire for å bera kostnadane med skriften, og for å kunne utvikle det vidare. Vi skulle ønske at vi kunne betale forfattarane honorar for bidraga deira, og vi skulle ønske oss at vi kunne bruke fleire fargebilde i skriften. Vi ser og utveg til å utvide rammene for skriften til å dreie seg om meir enn kulturhistoriske tema. Greier vi å halde eit høgt kvalitetsnivå, og greier vi å nå ut til grupper som frå før er lite engasjerte i museumsarbeid, burde det vera godt grunnlag for eit kulturtidsskrift med stort nedslagsfelt fra Ryfylke.



Register til FOLK i Ryfylke 1984–1993

1/1984

Roy Høibo:	På sjølvstyr – Frå Peder Heskestad til Ola Meltveit	6 sider
Roy Høibo:	Erfjord Bygdemuseum – Smålåte tyngdepunkt i samlingane.....	6 sider
Roy Høibo:	Jelsa i sentrum for verneinteressene	7 sider
Roy Høibo:	Arbeidaren på museum	6 sider

2/1984

Trygve Brandal:	Frukt og bærdyrking i Hjelmeland	28 sider
Roy Høibo:	Frå jordbruksbygd til skogbruksbygd.....	14 sider
Gaute Berge Nilsen:	Nordenden verd å verne	41 sider

1/1985

Tone Årtun:	Håkonsgata 51–53 – eit hus i Åbøbyen	10 sider
Karen Sofie Tangstad:	Arkitekturen i Åbøbyen	15 sider
Oddvar Rønning:	Jæi liker mæi godt hær å, jæi	3 sider
Roy Høibo:	Johns. W. Rasmussens samling.....	7 sider
Njål Tjeltveit:	Fister ungdomshus – samlingsstad for heile bygda	13 sider
Gaute Berge Nilsen:	Arkitektur og byggeskikk på Jelsa.....	17 sider

2/1985 – TEMANUMMER OM SULDALSDAMPEN

Hallvard M. Hoftun:	Dampen og bygda	18 sider
Ommund Berge:	D/S «Suldal» under ombygging og restaurering	4 sider
Johan Hovda:	Minne om gamle «Suldal»	4 sider
Ottar Odland:	Sauen var ein grei passasjer	4 sider
Johan Veka:	Ferdafolk på gamle vegar	10 sider
Roy Høibo	Kultur på kår	6 sider

1/1986 – TEMANUMMER OM INDUSTRIEN PÅ BYGDA

Roy Høibo:	Pionerane er borte	2 sider
Lars Gaute Jøssang:	Stålverk på Jørpeland.....	18 sider
Njål Tjeltveit:	Jærstolar – eit tradisjonsrikt hjelmelandsprodukt	20 sider
Målfrid Snørteland:	Sigmundstad Sagbruk og Kassafabrikk	7 sider
Njål Tjeltveit:	Industrien på bygda – Tre næringstiltak i Hjelmeland	8 sider
Trygve Brandal:	Enighedens Kobber Verk – Ryfylkes første industriforetak	10 sider

2/1986 – JUBILEUMSSKRIFT

Roy Høibo:	Bygningane	27 sider
Roy Høibo:	Gjenstandane.....	8 sider
Roy Høibo:	Det immaterielle kulturvernet.....	6 sider
Roy Høibo:	Publikumstiltak	7 sider

1/1987 – TEMANUMMER OM ULLA-FØRRE-ANLEGGA

Roy Høibo:	Blant silkebus og bønder.....	112 sider
------------	-------------------------------	-----------

2/1987

Ruth Anne Moen:	Folkemusikken i Rogaland	22 sider
Alvhild Flatabø Bårdsen:	Krossåkle i Suldal	4 sider
Njål Tjeltveit:	Sponkorgproduksjonen i Hjelmeland	11 sider

1/1988 – MELDINGSNUMMER FOR RYFYLKEMUSEET

2/1988

Marta Hoffmann:	Stampe vadmal.....	14 sider
Lars Hellemo:	Ryfylkeborn i arbeid og leik i eldre tid.....	12 sider
Roy Høibo:	Drivhuset moden for museum	6 sider

1989

Ellen Jensen Roalkvam:	Da austmennene for til Hylen på handel.....	14 sider
Njål Tjeltveit:	Ruteferdsla på Hylsfjorden	20 sider
Sissel Mossing:	Øvre Suldal smørlag	12 sider
Terje Bråtveit:	Høring i Suldal.....	24 sider
Siri Albertsen:	Bøkring på Ropeidhalvøya	16 sider
Åse Jensen:	Ny hage med gamle fruktslag	6 sider

1990

Jon Bergsåker:	Bondefiske i Ryfylke	27 sider
Jakob Aano:	Song- og musikklivet på bedehusa i Ryfylke	8 sider
Knut Sellevold:	Kyrkjemusikar i bedehusland	8 sider
Geir Danielsen:	Frå musikklag til ungdomskor	9 sider
Lars Hellemo:	Natur- og miljøskildring i Ryfylke-lyrikk	9 sider
Njål Tjeltveit:	Bernhard Håvardsholm	12 sider
Peter Barkve:	Gamle bryllaupsskikkar på Finnøy	4 sider
Gunnvor Bakka og Bjørn Eikeland:	Her åtte dei sitt bu	26 sider

1991 – TEMANUMMER OM «MØTE»

Jon Moe:	Møte ved Gullingens	26 sider
Njål Tjeltveit:	Gøy på landet.....	14 sider
Lars Gaute Jøssang:	Här stannar inte jag.....	10 sider
Asgjerd Taksdal:	Klesplagga mellom oss	14 sider
Njål Tjeltveit:	Vi møttest på dans.....	9 sider

1992 – TEMANUMMER OM «SAMVIRKE»

Ernst Berge Drange:	Samvirkørørla i Ryfylke	17 sider
Jon Bergsåker:	Meieri i Ryfylke.....	11 sider
Njål Tjeltveit:	Eit bygdemeieri blir lagt ned	5 sider
Gunnar M. Roalkvam:	Forbrukersamvirke i Rogaland	13 sider
Trygve Brandal:	Bank på bygdene.....	10 sider
Ernst Berge Drange:	Innkjøpslag i Ryfylke	8 sider
Njål Tjeltveit:	Bygdehandelslaga var bøndene sine butikkar.....	6 sider
Tone Årtun:	Sauda: Kooperasjon og klassekamp – sider av same saka?.....	8 sider
Halvdan M. Hansen	Når agenten kom, været vi en liten sensasjon!	5 sider
Sigrid Bø Grønstad:	Jenteliv på krumbua	4 sider
Asgjerd Taksdal:	Nedpå krumbua	6 sider
Erik Fossåskaret:	Laurdagen på Handelslaget.....	3 sider
Njål Tjeltveit:	God medlemskontakt er fundamentalt i landbrukssamvirket	4 sider
Njål Tjeltveit:	Dei var våre ein gong, er dei det lenger?	6 sider
Ruth Anne Moen:	Folkemusikkarkivet – inn i ein ny epoke	2 sider

1993 – TEMANUMMER OM «ØYKULTUR»

Karl J. Lamberg:	Ei handfull øyar	6 sider
Njål Tjeltveit:	Øyar og fastland.....	8 sider
Per Surnevik:	Snu kofta etter været.....	3 sider
Paul Gard:	Tomateeventyret på Ryfylke-øyane	34 sider
Olav Nesheim:	Sildefisket	5 sider
Nils Ladstein Vestbø:	Fisket etter sild og brisling	7 sider
Halvdan M. Hansen	Brisling og sild ga mat og pengar	5 sider
Jan A. Holgersen:	Seilsluppetiden på Kvitsøy	4 sider
Erik Fossåskaret:	På skjeppelivet	4 sider
Arne Hauge:	Sjernarøy i manns minne	2 sider
Kolbjørn Hauge:	Kven var den rette «Anna» af Sand	3 sider

Kolbjørn Hauge:	Å ro til Ombo med melder.....	3 sider
Martin Nag:	Kvekerne på Ryfylke-øyene	6 sider
Jan Inge Reilstad:	Ungdomsprosjektet på Kvitsøy.....	5 sider
Svein Helgesen:	Når øyar blir fastland.....	9 sider
Jan Inge Sørbø:	Med Leonard Cohen i Åmøyfjorden.....	5 sider
Sigrid Bø Grønstøl:	Eit eventyr om øyaidentitet.....	6 sider
Roy Høibo:	Kulturminnesenter i Rennesøy	9 sider

Årsmelding 1993

I eit attersyn over 1993 blir vedtaket på årsmøtet den 25. mars om å gjera museet om til stiftelse med styrerepresentasjon for kommunane i Ryfylke ståande som ein milepel i soga til museet. Meldingsåret er såleis det siste året Ryfylkemuseet har arbeidd som såkalla frivillig organisasjon. Av den grunn, og fordi det nå er ei rekke nye folk som skal inn i styringa av museet, har vi vald å legge fram ei årsmelding med ein breiare presentasjon av samlingar, aktivitetar, personale og ressurser enn det som har vore vanleg.

Men sjølv om politikarane og byråkratiet nå tar sterke tak i styringa av museet, og staben av profesjonelle medarbeidarar aukar, er det gledeleg å kunne melde at nettopp det frivillige engasjementet har stått for noen av dei viktigaste publikumstiltaka dette året.

I Suldal, på Sand, i Sauda og i Hjelmeland har entusiastiske og ubetalte kulturarbeidrarar stelt til utstillingar, konserter, demonstrasjonar og ulike aktivitetstilbod som har påkalt stor interesse hos eit breidt publikum. Vi er svært glade for at museet blir tatt i bruk på denne måten, og ser dette som ei verkeleggjering av den økomuseumstanken som vi har eitauge til i arbeidet vårt. Vi håper samarbeidet med slike krefter kan halde fram og utvidast i åra som kjem.

Vi kan også gle oss over utvida kontakt med kommunane i Ryfylke. I samarbeid med kulturkontoret og bygdemuseet i Finnøy har vi arbeidd med ei utstilling om veksthusnæringa, og i Rennesøy har vi stelt til ein plan for eit kulturminnesenter. Vi føler dessutan at vi har god kontakt med kulturkontora i dei ulike kommunane, og trur at omgjeringa til stiftelse skal setta fart i den regionale utviklinga av museumsstallet i Ryfylke.

I samarbeidet med frivillige krefter og kommunane trur vi at Ryfylkemuseet skal legge stor vekt på å vera ein fagleg ressurs for museumsarbeidet i regionen. Utviklinga av den praktiske arbeidsmåten må skje i samarbeid med bygdemusea og kommunane, men det må vera eit mål for regionmuseet å halde den faglege kompetansen hos sine eigne medarbeidarar høgt. Det er såleis gledeleg å kunne melde at dei tilsette blir verdsette i det museumsfaglege miljøet og får høve til vidare utvikling gjennom deltaking i eksterne organisasjoner og institusjonar.

Ryfylkemuseet står føre store utfordringar, men årsmeldinga viser at det vidare arbeidet kan skje på eit solid grunnlag.

ÅRSMØTET

Årsmøtet er høgste organet til Ryfylkemuseet. I 1993 var medlemmane samla til årsmøte to gonger, først den 25. mars, da spørsmålet om omgjering av museet til stiftelse blei handsama, og så den 25. november, da årsmøtet valde sine representantar til styret for den nye stiftelsen.

Spørsmålet om omgjering av museet til stiftelse er ei sak årsmøtet har hatt føre seg fleire gonger. Bakgrunnen er å finne allereide ved omgjeringa av Rogaland Folkemuseum til regionmuseum for Ryfylke i 1981. Eit av måla med omgjeringa var å utvide museumsverksemda til å omfatte alle delar av Ryfylke. For å få dette til var det nødvendig å finne fram til løysingar både på dei organisatoriske og dei finanzielle behova ei slik utviding av verksemda ville føre til. Etter langvarige drøftingar, seminar og fleire møte med kommunane la styret i 1991 fram eit notat for årsmøtet med slike argument for omgjering til stiftelse:

- Styringsorgana vil avspegle heile det området Ryfylke-museet skal arbeide i
- Museet vil bli nærmare knytta til det allmenne kulturarbeidet i kommunane, slik det er organisert gjennom eigne kulturorgan i kvar kommune
- Kommunen vil kjenne større ansvar for å delta i finansieringa av den vidare utbygginga av museet

Eit av vilkåra var at kommunane skulle gå inn med ein grunnkapital på kr. 25.000,- kvar, og eit årleg driftstilskott på kr. 400.000,- som skulle fordelast mellom kommunane på same måten som fordelinga av utgifter til fellestiltak som blir organisert av Ryfylkerådet.

Årsmøtet slutta seg til forslaget om å gjera om museet til stiftelse, og ga styret fullmakt til å forhandle med kommunane om grunnlaget for skiping av ein stiftelse. Det var meininga at den endelege avgjera skulle bli tatt på årsmøtet i 1992. Men så raskt gikk det ikkje. Kommunane trong meir tid på si handsaming av spørsmålet om å gå inn i ein stiftelse, og det viste seg vanskeleg å få på plass dei løvyingane som skulle danne grunnlaget for ei utviding av verksemda. Årsmøtet i 1992 fekk såleis ikkje førelagt seg anna enn ei orientering om arbeidet med omgjering av museet til stiftelse.

Heller ikkje til årsmøtet den 25. mars 1993 låg det føre vedtak frå alle kommunane om full tilslutning til invitasjonen om å gå inn i ein stiftelse. Men styret vurderte det slik at prosessen nå hadde kome så langt, at det ville tilrå omgjering til stiftelse. Dette blei samråystes godkjent av årsmøtet som «helsa dei historiske vedtaka med handklapp» (sitat frå årsmøtereferatet).

I august gjorde den siste av kommunane endeleg vedtak om å gå inn i stiftelsen. Tre av kommunane hadde da gjort vedtak om å gå inn på dei vilkåra årsmøtet hadde sett, ein kommune hadde gjort vedtak om å gå inn med halvparten av det foreslalte tilskottet, medan dei øvrige fire kommunane ville avvente spørsmålet om det økonomiske bidraget.

På dette grunnlaget blei det halde omframt årsmøte den 25. november, der det, etter ønske frå fylkeskommunen, blei gjort ei mindre justering av vedtekten, og der det blei vald medlemmar til det styret som skal overta frå 1/1-1994.

Utanom dei vanlege årsmøtesakene blei det elles på årsmøtet i mars gjort vedtak om å opprette eit vedlikehalds- og sikringsfond på kr. 250.000. Pengane galdt renteinntekter



Vi heldt «open dag» på Sand. Elevar frå Helse- og sosialfag på Suldal vidaregåande skule prøver seg i tømrar yrket.

og overskot på sal som hadde samla seg opp til ein uspesifisert eigenkapital i rekneskapen.

MEDLEMMANE

Ved utgangen av meldingsåret var det 513 medlemmar og abonnentar som hadde betalt kontingent for 1993. Det er ein god auke sidan året før, og avspeglar både ei positiv interesse for innhaldet i årboka og ei medveten marknadsføring av ho. Det samla talet på registrerte medlemmar og

MEDLEMMAR OG ABONNENTAR I RYFYLKEMUSEET 1992–1993

Kommune	Museumslag	Medlemmar i museumslag		Medlemmar i kommunane	
		1992	1993	1992	1993
Sauda	Sauda	57	56	57	56
Suldal	Suldal	34	34	209	203
	Sand	141	125		
	Erfjord	15	12		
	Jelsa	19	32		
Hjelmeland				40	41
Strand				7	6
Rennesøy				2	34
Finnøy				1	17
Forsand				1	5
Kvitsøy				0	0
Andre				98	117
Abonnentar				33	34
Samla tal				448	513

abonnentar er 639, men alle desse har ikkje betalt kontingent i meldingsåret. Medlemmene fordeler seg mellom dei ulike kommunane og museumslaga slik som det går fram av tabellen på neste side.

Museumslaga kan gjera ein viktig jobb i arbeidet med å aktivisere samlingane til museet. I Sauda blir det lagt ned eit stort arbeid i tilskiping av eit kulturprogram av høg kvalitet i samband med kulturmönstringa «Brennpunkt Sauda». Likeeins deltar Suldal museumslag i tilskipinga av det årlege olsokstemnet på Kolbeinstveit. Andre stader har det vist seg vanskelegare å engasjere medlemmene i praktisk museumsarbeid. Det finst såleis i namnet også museumslag på Sand og i Erfjord, men desse har det ikkje vore aktivitet i dei siste åra.

Det hadde vore ønskjeleg, og i tråd med filosofien til Ryfylkemuseet, og hatt høg aktivitet i fleire museumslag. Fleire stader kan vi likevel vise til stort, frivillig engasjement hos enkeltpersonar eller andre lag som museet samarbeider med. I tida framover blir det viktig å utvikle samarbeidet med frivillige interesser, anten dei er knytta til museumslaga eller andre lag.

STYRET

Styret har vore samla til 6 styremøte og har behandla 30 saker. Det er omlag som før.

Den saka styret også dette året har brukt mest tid på er arbeidet med omgjeringa av museet til stiftelse. Saker som

vedkjem utviklinga og finansieringa av museet har elles vore viktige saker. Døme på det første er igangsettinga av arbeidet med ei opprusting av dei faste utstillingane til museet fram mot den store verdskonferansen for musea i 1995 og drøfting av Ryfylkemuseet si rolle i den vidare utviklinga av eit vassdragsmuseum i Suldal. Styret har elles lagt stor vekt på å finne fram til eit økonomisk grunnlag for

handverkartenestene ved museet, men må ved utgangen av året sjå at fem år med kriseløysingar ikkje har ført museet nærmare ein fast stilling for handverkar. Det største bygningsmuseet i Rogaland står nå på nytt utan handverkar. I handlingsprogrammet for Rogaland fylkeskommune er det ført opp fast stilling for handverkar ved Ryfylkemuseet frå 1995.



Sven Randa og Georg Sæbø i arbeid med skjering av den frukthistoriske hagen i Viga.

Styret har etter årsmøtet i mars vore samansett slik:

STYREMEDLEMMAR OG
VARAMEDLEMMAR 25/3–31/12 1993

Kommune	Styremedlemmar	Varamedlemmar
Sauda	Ellen Skogland (ny)	Anne Marie Havrevoll
	Ingebrigt Botnen	
Suldal	Børge Skeie (leiar)	Borghild Moe
	Ommund Berge	Per Fremmersvik
Hjelmeland	Åse Jensen	Ånen Stråbø
	Trygve Brandal	
Fylkeskommunen	Gunnar Ulland	Sigrun Hansen

PERSONALET

Museet har nå 2 heile og 2 halve faste stillinger. I tillegg har det ved omframme inntekter og løyvingar vore grunnlag for ytterlegare engasjement i heiltids- og deltidsstillingar, slik at det i meldingsåret har vore tilsett 6 personar i heiltidsstillingar og 47 i deltidsstillingar.

Ryfylkemuseet er ei kompetansebedrift med høgt kvalifisert personale, og vi kan gle oss over at fleire av medarbeidarane har fått høve til å vidareutvikle seg gjennom deltaking i ulike aktivitetar i eksterne organisasjonar. Når dette kan skje gjennom utføring av tillitsverv og andre engasjement, får medarbeidarane tilført ny kunnskap og inspirasjon utan at det påfører museet andre utgifter enn den arbeidstida som går med.

Desse har vore tilsette eller engasjerte på heiltid i 1993:

ROY HØIBO, født 30/11-48, har hatt stillingen som styrar ved museet sidan 1981. Han blei i 1988 tilkjent kompetanse som førstekonservator. Første halvåret i meldingsåret hadde han permisjon, først for å gjera ferdig kultursoga for gamle Sand kommune, deretter for å utarbeide plan for eit kultur-

minnesenter i Rennesøy. Roy Høibo har magistergrad i etnologi frå Universitetet i Bergen i 1977 med støttefag i norsk og historie. Han har i meldingsåret deltatt på NKKM sitt årsmøte og jubileumsseminar i Oslo, på eit nordisk museumsmøte i København, på møte og ekskursjon i Normandie, Frankrike og på ein konferanse om turisme og lokalsamfunn på Cozumel, Quintana Roo, med etterfølgjande ekskursjon til Yucatan, Mexico. Roy Høibo er styremedlem i Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer (NKKM) og i The International Committee for Regional Museums (ICR). Han har dessutan hatt sensoroppdrag for Kunsthåndverkskolen i Oslo og for Etno-folkloristisk institutt ved Universitetet i Bergen.

ERNST BERGE DRANGE, født 2/5-54, har vore tilsett som vikar i stillingen som konservator og styrar frå 1. januar 1992 til 30. juni 1993. Før det arbeidde han for Ryfylkemuseet med ordninga av lokalarkivet i Sauda. Frå 1. juli tok han til med arbeidet med gards- og ættesoga for gamle Sand kommune. Arbeidet blir betalt av Suldal kommune, og skal gå fram til 1996. Ernst Berge Drange har magistergrad i etnologi frå Universitetet i Bergen i 1982 med støttefag i lokalhistorie og folkloristikk. I meldingsåret har han deltatt på eit seminar om bygdeutvikling i Jøsenfjorden, og på eit dataseminar i Vågå, arrangert av Norsk Lokalhistorisk Institutt. Han er styremedlem i Sauda Lokalarkiv.

GAUTE BERGE NILSEN, født 7/3-48, har vore tilsett ved museet sidan 1982. Han er avdelingsleiar med ansvar for samlingar, utstillingar og undervisning. Ein stor del av arbeidet hans er knytta til oppbygging og bruk av fotosamlinga til museet. Gaute Berge Nilsen er adjunkt med spesialutdanning i forming. Han har i meldingsåret deltatt på NKKM sitt årsmøte og jubileumsseminar i Oslo, på eit kurs i informatikk, skipa til av NKKM, på ein konferanse om «Vakrere steder i Rogaland», skipa til av fylkeskommunen, og på eit databasekurs på Voss skipa til av NKKM i samarbeid med Humanistisk datasenter. Gaute Berge Nilsen er medlem i kulturkomiteen for ICOM 1995 og styremedlem i Fortidsminneforeningen, avd. Rogaland.



Museet har engasjert seg i arbeidet med dokumentasjon og formidling av drivhusnæringa. Her er Ernst Drange og Signy Kongsvik på besøk i drivhuset til Kolbjørn Ladstein på Finnøy.

RUTH ANNE MOEN, født 24/9-50, blei, etter fleire år med mellombels engasjement, tilsett i 1/2 stilling som konservator ved folkemusikkarkivet frå 1. januar 1992. I tillegg har Suldal kommune løyvd midlar til mellombels engasjement i _ stilling, slik at arbeidet har kunna gått føre seg på heiltid. Ruth Anne Moen har hovudfag i musikkpedagogikk frå Bergen lærerhøgskole med vekt på folkemusikkformidling. I meldingsåret har ho deltatt på ein konferanse om danseforskning i Trondheim, på eit møte i Bergen om folke-musikk på Vestlandet, på årsmøte, seminar og samling for folkemusikktilsette skipa til av Norsk Folkemusikklag i Bergen, på eit kurs om musikk for barn i Sola og på møte og ekskursjon for Museumsarbeidere i Rogaland og på eit EDB-kurs for folkemusikkarkiv i Oslo. Ruth Anne Moen er leiar i Norsk Folkemusikklag, varamedlem i Rådet for folkemusikk og folkedans og fagkonsulent i samarbeidsprosjektet «Nordisk musikk i skolen».

BJØRG JORUNN MYHRE, født 17/3-66, har vore tilsett i _ fast stilling som kontorassistent sidan 1989. I tillegg har ho vore engasjert i tilsvarande stilling for omframme midlar, og har såleis arbeidd i full stilling. I meldingsåret har

ho hatt eit lengre fråver grunna sjukdom. Ho har ansvaret for ekspedisjon, lønn, rekneskap, arkiv og bibliotek. Bjørg Jorunn Myhre har utdanning i helse- og sosialfag og i handel- og kontorfag frå den vidaregåande skulen. Dette året har ho vidareutdanna seg i rekneskapsføring gjennom å følge NKS sitt kurs «Rekneskapskulen». Ho har også deltatt på eit kurs i tekstbehandling på PC og var elles med på møtet som Museumsarbeidere i Rogaland skipa til på Tungenes i april.

KJELL JOHNSEN, født 11/8-49, har vore tilsett i mellombels engasjement som handverkar ved museet sidan 1989. Han har i hovudsak arbeidd med vedlikehald og restaurering av bygningsmassen til museet. Han har dessutan heile tida vore arbeidsleiar for ei rekke handverkarar museet hatt fått tilført under ulike sysselsettingsordningar. Kjell Johnsen har deltatt i ulike kurs og samlingar for museumshandverkarar for å utvikle kompetanse innafor bygningsvern. I meldingsåret har han deltatt i kurs om handtering av asbest i Stavanger og på eit kurs i trearbeid for museumshandverkarar på Maihaugen, Lillehammer. Ved årsskiftet har vi ikkje lenger midlar til å kunne engasjere Kjell Johnsen vidare.



Under «Brennpunkt Sauda» blei det arrangert hageselskap i Industriarbeidarmuseet i Sauda med Jack Fjeldstad og Lars Klevstrand som underhaldningskrefter.

**Følgjande har vore engasjerte eller tilsette i
deltidsstillingar i meldingsåret:**

ANNE MARGRETHE MYHRE, kontorassistent, vikar

OMMUND BERGE, tilsynsmann Kolbeinstveit
KARI FURRE, tilsynsmann Barkeland
OLAV I. OFTEDAL, tilsynsmann Sauda
ØYSTEIN RANDA, tilsynsmann Viga

ANN ELISABETH FOSS, reingjeringsassistent Sand
VALBORG BERGE, reingjeringsassistent Suldal,
sesongengasjement

SIGRUN JENSEN, reingjeringsassistent Suldal,
sesongengasjement

WENCHE JOHNSEN, reingjeringsassistent Hustveit,
sesongengasjement

ESTER BAKKA, reingjeringsassistent, Suldal,
sesongengasjement

LARS STEINBRU, handverkar, SKAP
GEIR UNDERBAKKE, museumsassistent, SKAP

OLA O. HUSTVEIT, handverkar Hustveit, spesialoppdrag
TORLEIF NESS, handverkar Hustveit, spesialoppdrag

SIGRID ELISABETH BØEN, omvisar Jelsa
JON BRÅTVEIT, omvisar Kolbeinstveit

OLAV EGGEBØ, omvisar Viga

ANNY ERFJORD, omvisar Jelsa

TONE ERFJORD, omvisar Jelsa og Erfjord

KAROLINE HØIBO, omvisar Nesa-sjøhuset

LISA LEIRVÅG, omvisar Røynevarden

HEIN TOMMY MAURITZEN, omvisar Røynevarden

JANNE MYHR, omvisar Erfjord

ANN KRISTIN NILSEN, omvisar Nesa-sjøhuset

GEIR OTTØY, omvisar Røynevarden

SVEN RANDA, omvisar Viga

ODDWAR RØNNING, omvisar og registrator Hustveit

ELIN SOLHEIM, omvisar Jelsa

THERESE TVEITEVÅG THRANE, omvisar Kolbeinstveit

SIVERT THRANE TVEITEVÅG, omvisar Kolbeinstveit

KARI VESTBØ, omvisar Nesa-sjøhuset

ERIK WALTER VOLD, omvisar Vassdragsutstillinga

ØKONOMI, ADMINISTRASJON OG ORGANISASJON
Rekneskapen og oversikten over tilsette viser at det også i år har lukkast å halde eit høgt aktivitetsnivå sjølv om den faste staben er liten og driftsmidlane avgrensa. Det er omframme midlar til spesielle tiltak, renteinntekter av inneståande midlar til byggeoppgåver, leigeinntekter og salsinntekter som har gjort dette muleg. Særleg gledeleg har det vore å få tilført omframme midlar frå kommunane for å kunne utvide opningstidene ved ein del av anlegga våre. Saman med den satsinga kommunane gjer på marknadsføring, håper vi at dette etterkvart skal føre såpass auke i besøket at bilettinntektene kan betale opningsutgiftene og dermed gi grunnlag for eit meir aktivt tilbod til publikum.

Noen av inntektspostane vil likevel falle bort, eller bli reduserte i året som kjem, og det blir ei stor utfordring å skape eit driftsgrunnlag og ein organisasjon som kan verkeleggjera måla om eit regiondekkande museumsstell på høgt nivå samtidig som vi skal ta skikkeleg vare på og vise fram dei samlingane museet allereide har.

Særleg påtrengande blir det å skape forståing for at det største bygningsmuseet i Rogaland må ha ein fast stilling for handverkar. Etter 13 år med tilfeldige løysingar, mellombels løysingar og kriseløysingar kjennest det nokså meiningslaust å gi inntrykk av å drive seriøst museum med 60 bygningar utan å ha tilgang på handverkar. Utan ein kompetent handverkar som arbeidsleiar kan vi heller ikkje nytiggjera oss utvegen til å få tilført omfram arbeidskraft gjennom dei sysselsettingsordningane som er tilgjengelege.

Driftsinntektene som den ordinære drifta bygger på kjem i hovudsak gjennom den tilskottssordningen som fylkeskommunen administrerer. Denne har vore sett saman av tilskott frå fylkeskommunen, staten og vertskommunen, d.v.s. Suldal kommune. I St.meld. nr. 61 (1991–92) «Kultur i tiden» blir det sagt at tilskottssordningen vil bli tatt inn i det samla kulturtilstkoret til fylkeskommunane, og at det så blir opp til den enkelte fylkeskommunen om ein heilt eller delvis vil oppretthalde sitt tilskottsansvar for dei lokale musea. Eit fleirtal i Kyrkje- og undervisningskomiteen har slutta seg til dette. Det er ingen grunn til å tru at dette skal føre til bortfall av driftstilstkoret frå fylkeskommunen, men det er heller ingen grunn til å tru at veksten i tilskottet skal blir sterkare enn han har vore.

I museumsplanen for Rogaland (1992) heiter det at kvart

regionmuseum bør ha to konservatorar, ein museumsleiarar og handverkspersonale. I tillegg blei ein halv stilling for konservator ved folkemusikkarkivet høgt prioritert og oppretta frå 1/1-1992. Men det blei også sagt at ein ikkje fann grunnlag for å prioritere heile det stillingsbehovet ein såg ved musea. Såleis må ein rekne med at det vil gå lang tid før ein ser ei markante vidareutbygging av personalressursane ved museet med grunnlag i fylkeskommunale løyingar.

Også på andre område har museet stort behov for utbygging. Ryfylkemuseet har investert relativt små midlar i bygningar, og står heilt utan tilfredsstillande magasin eller verkstad. Frå og med neste år blir det dessutan behov for å leige kontorplass utanom Nesa-sjøhuset på Sand. Det bygger seg såleis opp eit behov for å vidareføre byggeprogrammet for museet.

Med grunnlag i dei måla som er formulerte for musea i Rogaland, for kulturvernarbeidet i dei enkelte kommunane og for stiftelsen Ryfylkemuseet spesielt, må det utarbeidast eit handlingsprogram som prioriterer oppgåvene og klargjer organiseringa og finansieringa av verksemda. Dette må også omfatte eit program for innsamling, dokumentasjon og forsking, som er det grunnlaget den øvrige museumsverksemda må bygge på.

TILOVEKST OG DOKUMENTASJON

Samlingane til museet består av bygningar, gjenstandar, fotografi, skriftleg arkivmateriale, lydband, videoband og bøker. Det er dette som tilsaman er den kunnskapsbasen den øvrige verksemda må bygge på.

For eit museum er det eit hovudmål å bygge opp systematiske samlingar innanfor nærmare definerte område. I enkelte høve, og knytta til særlege prosjekt, har Ryfylkemuseet gjennomført slike aktive innsamlingar, men ein stor del av tilveksten til samlingane er tilfeldige gåver. Vi er svært glade for dei gåvene vi får, men ser behov for eit meir systematisk innsamlingsarbeid. Dette krev midlar både til sjølv arbeidet, og til preparering, oppbevaring og pleie av materialet.

For å kunne nyttiggjera seg materialet er det viktig at det er vel dokumentert i form av opplysningar om opphav, bruksområde, tilstand m.v., og at det er registrert og katalogisert på ein måte som gjer det lett å finn fram til. For mye av det eldre materialet i museet manglar dokumentasjonen, og det er langt fram før alle samlingane er registrerte og katalogførte.

I meldingsåret er gjenstandssamlinga på Hustveit registrert og katalogisert. Det er dessutan gjennomført EDB-registrering av ca. 500 fotografi og 1500 bøker.

Ryfylkemuseet har nå desse samlingane:

Bygningar

Museet har bygningar og anlegg på 19 ulike stader i 3 kommunar. Hovudtyngden av desse samlingane er samlingar som det tidlegare Rogaland Folkemuseum hadde bygt opp, og som Ryfylkemuseet overtok ansvaret for da folkemuseet blei omgjort til regionmuseum for Ryfylke. I tillegg har det kome til bygningar i Sauda.

Desse bygningssamlingane, saman med andre museumshus og freda hus og anlegg i Ryfylke, gjer at regionen har ein framifrå dokumentasjon av byggeskikken i bygdene i Ryfylke. Vi er ringare stelt med dokumentasjon av tettstadbabyggelse, sjølv om museet i ulike samanhengar har tatt initiativ for å få utarbeidd verneplanar. Såleis er Åbø-byen i Sauda og strandstadbusetnaden på Jelsa verna gjennom regulering til spesialområde.

Det har ein stor verdi at mest alle dei verna bygningane i Ryfylke står på sine opphavelege tufter, og såleis ikkje berre har verdi i seg sjølv, men også som del av eit landskap og eit miljø. På den andre sida er det vanskeleg og dyrt å ta vare på ein slik bygningsmasse, og enda verre å få til eit tilfredsstillande publikumstilbod på så mange stader. Utfordringa må vera å legge tilrette forholda for utbytterike besøk på anlegga også utanom dei tidene da dei er opne.

Det har ikkje vore noen endring i bygningsmassen i meldingsåret. Nedanfor følgjer ein oversikt over samlingane:

BYGNINGAR OG ANLEGG I EIGA TIL RYFYLKEMUSEET

Kommune	Stad	Bygningar og anlegg			
Sauda	Åbø-byen (Industriarbeidarmuseet) Slettedalen Hustveit	Bustadhus med uthus Stølsbu Bustadhus (hovudbygning) Vannhus Eldhus Smie Potekjellar Hjulhus Sommarfjøs/verkstad Sag Kverhus Korntørke	Nedstestølen Midtstølen Vasstølen Øystad Lalid Røynevarden Jelsa Vik (Erfjord bygdemuseum)	Stølsbu Uteløe Stølsbu Stølsbu Kvernhus Korntørke Naust Bustadhus Bustadhus (røykstove) Sauhus Geithus Eldhus Løe Skulehus	
Suldal	Sand Kvæstad Ritland/Vasshus Kolbeinstveit	Sjøhus (Nesa-sjøhuset) Stampa Kvernhus Kvernhus Korntørke Sag Bustadhus (hovudbygning) Løe Stall Smie Stabbur Loft Eldhus Kvernhus Korntørke Badstove Husmannsstove	Håland Holestølen	Skulehus Skulehus Skulehus Kvernhus Rosebu Røykstove Stølsbu	
			Hjelmeland	Viga	Bustadhus (hovudbygning) Stovehus Eldhus Stabbur Løe Do Kvernhus Korntørke Naust

Attåt desse bygningane driv Ryfylkemuseet museumsverksmed i Allmannajuvet mellom Sauda og Hellandsbygd, med grunnlag i ein leigeavtale for Zink-gruvene der.

Gjenstandar

Museet har ein gjenstandsmasse på snautt 8000 nummer fordelt på omlag like mange stader som bygningane. Berre snautt 3000 gjenstandar er tilfredsstillande registrerte og katalogiserte. Etterslepet er såleis stort, og det burde vore sett i verk eit systematisk registreringsarbeid. Dette ville høve godt som sommararbeid for studentar, men vi har ikkje hatt midlar til slik aktivitet.

Gjenstandssamlingane er i stor grad inventar og utstyr som hører naturleg heime i dei ulike tuna og bygningane som museet eig. I tillegg er det på Sand ei noe større samling av reiskap og utstyr knytta til ulike handverk og ei mindre samling av anleggsutstyr.

I meldingsåret har museet mottatt nye gjenstandar som gáver frå følgjande personar:

Rolv Berge, Klara Brommeland, Dag Furre, Erling Hiim, Lars Åge Hiim, Bjørg Jørgensen, Kaia Jørgensen, Gunnar Lunde, Gaute Berge Nilsen, Kaspar Nilsen, Haldis Rørvik, Sand bedehus, Sand postkontor, Sand skule, Tormod Skeie.

Det er registrert 200 gjenstandar dette året.

Fotografi

Museet har gjennom fleire år drive systematisk innsamling og avfotografering i fleire av kommunane i Ryfylke, og har bygt opp ei fotosamling på kring 7000 eldre bilde. I tillegg kjem eit stort tal nye opptak og fotografi av gjenstandar.

Hovudmengda av dei eldre bilda er registrerte og katalogiserte og blir flittig brukt til utstillingsformål og ulike publikasjonar. Arbeidet med avfotografering, registrering, katalogisering, arkivering og kopiering av fotografi utgjer ein vesentleg del av arbeidsoppgåvene til avdelingsleiaren ved museet og ein viktig lekk i den utoverretta verksemda til museet.

Tilveksten i meldingsåret har vore slik:

Nye svart/kvitt bilde	444
Dias	1168
Reprofotografi (av gamle bilde)	670

Det er registrert ca. 500 fotografi dette året.


Lydband og video

Den største samlinga av lydband i museet er knytta til folkemusikkarkivet som blir omtala nedanfor, men det er og bygt opp ei samling med kring 250 intervju på lydband i samband med spesielle feltarbeidsprosjekt. Dei fleste av desse intervjua er avskrivne.

Gjennom opptak på lydband og video skaper museet kjelder som elles ikkje finst. Slike kjelder er særleg viktige, og det burde vore meir tid til arbeid med innsamling av dette kjeldetilfanget.

Tilveksten til bandarkivet i meldingsåret har vore slik:

Eigne og andre lokale videoopptak	8
Kringkastingsopptak	5



Ei frivillig gruppe som kalla seg «Bygdeutvikling» sette i verk ei rekke tiltak på Kolbeinstveit. I samarbeid med Suldal bondekvinnelag skipa dei til ein søndagstur til Kolbeinstveitstølane.

Folkemusikkarkivet

Folkemusikkarkivet er ein del av Ryfylkemuseet, men arbeider med andre former for tilfang og har heile Rogaland som ansvarsområde. Samlingane består av lydband, videoband, noter og tekster.

I meldingsåret er det drive innsamling gjennom feltarbeid i Hjelmeland, Suldal, Bjerkreim, Eigersund, Finnøy, Strand, Stavanger og Tysvær. Gjennom eit samarbeid med Arne Bjørndals samlingar i Bergen er det dessutan gjort innsamlingsarbeid i Karmøy og i grenseområda mellom Rogaland og Hordaland (Sveio og Ølen). I tillegg har arkivet kopiert tidlegare opptak fra Suldal, Bjerkreim, Sauda, Karmøy og Sveio. Følgjande informantar har velvillig stilt seg til rådvelde for opptak:

Hilda og Karl Helgeland, Erfjord, Martin Kydland, Gjesdal, Vilhelm og Lisa Gjedrem, Bjerkreim, Erling Torkel Endresen, Egersund, Jørgen Skjæveland, Bjerkreim, Ola Bjørkenes, Tau, Konstanse Pauline Valand, Egersund, Valbjørn Spødvold, Bjerkreim, Johannes Tveitane, Sand, Anna Margrete Overland og Ragna Bekke, Nedstrand, Nedstrand, Magnus Skibevaag, Sand, Egil Tveit, Sveio/Haugesund, Nils Nes, Langåker på Karmøy, Elisabeth og Karly Tveit, Sveio, Toralf Klungland, Ølen

Ved utgangen av året har folkemusikkarkivet desse samlingane:

Spoleband	276
Kassettar	24
Videoband	15
Dat-kassettar (rommar 3–6 spoleband)	5
Noter (melodiar)	1038

Etterkvar som samlingane og spurnadene etter tenester frå arkivet aukar, blir det vanskeleg å halde seg ajour med registreringa av tilfanget. Arkivet har nå eit etterslep av registrerings- og katologiseringsarbeid.

Privatarkiv

Arkivvernet er ein veksande aktivitet i Ryfylkemuseet. Vi har engasjert oss sterkt i arbeidet med bevaring av arkiva til nøkkelbedriftene og fagforeningane i Sauda, og har etterkvar tatt i mot ei rekke privatarkiv på Sand. I meldingsåret har vi tilvekstført desse arkiva:

Johan Veka v/Suldal kulturkontor, Garden Hustveit v/Jone Hustveits dødsbu, Stavanger Amts Havebrugsforening (kopi) v/Paul Gard, Sand Mannskor v/Bjørg Jørgensen, Adel Brun Tscudi (veksthusnæringa i Finnøy) v/Institutt for samfunnsgeografi, Sand Misjonsforening 1858 v/Aud Nilssen, Erling Eide v/Aslaug Eide, Torvald Mo v/Jon Moe, Åke Herabakke v/Jon Herabakke, Chr. Østebø (kopi) v/Paul Gard, Kaspar Nilsens rederi v/Kaspar Nilsen, Thor Rasmussen v/Mossi Rasmussen.

Bibliotek

Tilveksten til biblioteket har vore på heile 645 band dette året, men det skuldast i stor grad at den store bokgåva frå Johan Veka er registrert i meldingsåret. Museet har etterkvar bygt opp eit godt og nyttig bibliotek, sjølv om det ikkje kan måle seg med biblioteka ved dei store, veletablerde institusjonar.

Gjennom omfram arbeidskraft under sysselsettingsordninga er 1500 bøker nå registrert på EDB. Dersom det blir høye til å fullføre dette arbeidet vil vi kunne finne fram til aktuell litteratur både enkelt og raskt.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Da Nesa-sjøhuset blei rehabilert blei det plass til eit brannsikkert magasin på 56 m² i første høgda. Dette er i ferd med å bli fylt av foto-, band- og arkivmateriale, og det er klart at det berre er eit tidsspørsmål før museet har behov for meir plass.

Gjenstandsaterialet til museet blir oppbevart i hus utan noen form for sikring eller klimakontroll.

Desse forholda gjer at Ryfylkemuseet har ei viktig oppgåve med å få planlagt, finansiert og reist eit magasinbygg.

Vedlikehaldet av bygningsmassen har gjort store framsteg dei siste 5 åra, sidan det i 1989, gjennom omframme tilskott frå fylkeskommunen og kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland, blei muleg å engasjere ein handverkar på fulltid og i tillegg dra nytte av dei ulike ordningane for syselsetting av arbeidsledige.

I meldingsåret har dei største arbeida vore på dei to husa museet eig på Håland i Erfjord, der vi er i ferd med å skifte tak og utføre ymse andre restaureringsarbeid, og på saga på Hustveit, der vi gjennomfører ein fullstendig rekonstruksjon. Men det er og utført arbeid på Røynevarden, Kol-

beinstveit, i Kvednaholda, på Industriarbeidarmuseet i Sauda, Viga og Jelsa skulemuseum. Rapporten frå handverkaren er i det heile prega av ei lang rekke små og store gjere-mål, som viser at pleie og vedlikehald er i ferd med å bli viktigare oppgåver enn dei store reparasjons- og restaureringsoppgåvene. Det er ei riktig utvikling, som vi lenge har trudd at skulle føre til ei fast ordning for handverkarteneste-ne ved museet, men ved utgangen av året står vi på ny utan handverkar. Det er det umuleg å leva med, og vi må setta vår lit til at fylkeskommunen held fast ved det handlings-programmet som planlegg opprettig av fast stilling for handverkar frå 1/1-1995.

I Hjelmeland har vi eit samarbeid med Nordisk genbank, heradsgartnaren, Ryfylke fruktdyrkarlag og enkelt-personar om drift og vedlikehald av den frukthistoriske hagen. Arbeidet gjeld skjæring og stell av trea, merking og vidarutvikling av hagen.

FORSKING

Etter å har arbeidd i tilsaman to årsverk med kultursoga for gamle Sand kommune, blei manuskriptet levert i januar og boka lagt ut for sal i september. Roy Høibo har hatt heil og delvis permisjon gjennom 6 år for å utføre dette arbeidet.

Frå 1. august har museet gått inn i ein ny avtale med Suldal kommune om vidareføring av bygdebokarbeidet med utarbeiding av gards- og åttesoge for gamle Sand kommune. Ernst Berge Drange er engasjert på full tid i ein 3-års periode for å gjera dette arbeidet. Det er Suldal kommune som fullt ut finansierer arbeidet med bygdebökene. Det materialet som blir samla inn blir innlemma i samlinga-ne til museet.

Museet har og fått høve til å vidareføre arbeidet med granskings av følgjene av kraftutbygginga i Suldal. Etter avtale med Norges Vassdrags- og Energiverk er det gjort førebuingar for å gjennomføre ei gransking som har fått arbeidstittelen «Gull og grøne skogar». Sosialantropologen Trine Larsen, med utdanning frå Bergen, er tilsett som prosjektmedarbeidar og vil ta til med arbeidet straks over nyttår 1994.

Gjennom desse, og tidlegare prosjekt, har museet greidd å vise at det har eit forskingspotensiale, og det er i stand til å gjennomføre større granskinger. Det er grunnlag for vidare utvikling av denne delen av verksemda gjennom opp-

dragsforsking og større, sjølvstendige prosjekt. Det burde m.a. vera interessant for kommunane i Ryfylke å dra nytte av ein kompetanse på forsking og utvikling i sin eigen region.

UTOVERRETTA TILTAK

Den best synlege delen av den utoverretta verksemda ved museet er opninga av anlegga for publikum. Tilsaman har vi registrert nære inntil 10 000 personar som har besøkt museet dette året. Truleg har det vore fleire. Med så mange aktivitetar og arrangørar på så mange ulike stader har vi problem med å få til ei god og eintydig registrering av besøket. Vi veit dessutan at det er ein del besøk ved anlegg-a våre også på tider da dei ikkje er opne.

Dei fleste stadene er det registrert noe mindre besøk enn året før, men på Kolbeinstveit har besøket auka kraftig. Dette skuldast eit eineståande initiativ frå frivillige krefter som, gjennom utstilling og ulike demonstrasjonar, turar og aktivitetar, har skapt ny og stor interesse for bygdetunet. Gruppa vil halde fram med aktivitetane også i 1994, og har dessutan tatt initiativ til utbygging og opprusting av anlegget. Det årlege Olsok-stemna er også med på å trekke mye folk til Kolbeinstveit. Dette blir arrangert i samarbeid mellom Suldal museumslag, Nedre Suldal sanitetsforening og Suldal ungdomslag.

Også i Sauda har frivillige krefter greidd å etablere ein festdag knytta til Industriarbeidarmuseet som samlar mye folk. Det er Sauda museumslag og Sauda fabrikkarbeiderforening som samarbeider om dette arrangementet i tilknyting til festveka «Brennpunkt Sauda».

I Nesa-sjøhuset på Sand har vi eit samarbeid med Ryfylke kunstlag, avdeling Suldal, som tilfører museet ei rekke kunst- og kunsthåndverksutstillingar gjennom året. I tilknyting til dei fleste av utstillingane blir det stelt til særlege opningsprogram. Nytt av året er at distriktsmusikarane i Suldal har brukt huset til skiping av formiddagskonsertar enkelte laurdagar. Huset blir dessutan flittig brukt som møtelokale av ei rekke frivillige lag og av Suldal kommune. Mellom brukarane er Folkeopplysningsrådet, Framtida for sagene, Kulturkontoret i Suldal, Nei til EF, Ryfylkeprodukt, Sand bondekvinnelag, Sand båtforening, Sand gren-dautval, Suldal husflidslag, Sand husmorlag, Sand songar-lag, Suldal mållag, Suldal natur og ungdom og toradargrupp-a Lågadrag.

I eigen regi skipa vi 16. juni til ein open dag på Nesa-sjøhuset der det var folk på alle kontor og arbeidsrom som kunne demonstrere ulike arbeidsoppgåver og svara på spørsmål. Folkemusikkarkivet skipa i september til ein konsert med Fliflet/Hamre i samarbeid med Suldal kulturkontor.

I Viga-tunet gikk museet saman med historielaget i Hjelmeland og Hjelmeland kulturkontor om eit jubileumssteme den 13. juni i høve at organisasjonen Norske Kunst- og Kulturhistoriske museer var 75 år. Seinare, den 11. juli, blei det årlege Viga-treffet skipa til i eit samarbeid med kulturkontoret i Hjelmeland og ei rekke handverkarar og enkeltpersonar elles.

På Kolbeinstveit, Røynevarden, Nesa-sjøhuset og Jelsa var det ope kvar dag i sommarsesongen, på Viga, Hustveit, Industriarbeidarmuseet og i Zink-gruvene fleire dagar i veka og på Barkeland og i Erfjord var det ope i helgene.

Besökstala for dei enkelte anlegga var slike:

BEØKSTAL FOR RYFYLKEMUSEET 1992–1993

Anlegg	Besök i 1992	Besök i 1993
Industriarbeidarmuseet, Sauda	400	400
Zink-gruvene i Allmannajuvet, Sauda	423	600
Hustveit, Sauda	465	368
Vassdragsutstillinga, Sand ¹	–	444
Nesa-sjøhuset, Sand ²	4859	3526
Røynevarden, Suldal	426	364
Kolbeinstveit ³	1304	2500
Jelsa, skolemuseet og kyrkja	831	504
Barkeland, Jelsa	686	639
Erfjord bygdemuseum	98	28
Viga, Hjelmeland ⁴	1363	345
SUM	10855	9718

1 For vassdragsutstillinga har vi inga tal for 1992, da utstillinga da blei driven av prosjektet Norsk Vassdragsmuseum.

2 Besökstalet for Nesa-sjøhuset var spesielt høgt i 1992 da vi var med i eit program for bussreiser frå Haugesund.

3 I besökstalet for 1993 er inkludert både dei som besøkte museet, husflidsutstillingen til arbeidsgruppa «Bygdeutvikling» og dei som var på Oslo-stemna.

4 Besökstalet for Viga-tunet var spesielt høgt i 1992 da det blei arrangert «Søndagstur til fortida» der i samarbeid med Arkeologisk museum i Stavanger.

Utstillingar

I Nesa-sjøhuset på Sand har det vore følgjande utstillingar i 1992:

1/1–31/12	Strandstaden Sand, permanent museumsutstilling i 1. og 3. høgda, Ryfylkemuseet
23/1–1/2	Ivar Haugen, måleri, Ryfylke kunstlag
22/2–28/2	Vandreutstilling frå BKFR, kunsthandverk, Ryfylke kunstlag
6/3–14	Kjeld Stub, grafikk, Ryfylke kunstlag
26/3–20/4	Grete Storholm, installasjon, Ryfylke kunstlag
15/5–19/5	Gjesteutstilling av lokale kunstnarar frå Suldal til Christiansfeld, Suldal kunstlag
12/6–5/9	Anita Houvenaeghel og Freddy Gislesen, måleri, akvarell, grafikk og skulptur, Suldal kunstlag
11/9–19/9	4 frå Mjøsa, måleri, kunsthandverk og skulptur, Ryfylke kunstlag
29/9–3/10	Vandreutstilling frå BKFR, plakatar/bilde, Ryfylke kunstlag
23/10–31/10	Ryfylkeutstillinga, Ryfylke kunstlag
20/11–11/12	Juleutstilling, lokale kunstnarar frå Suldal, Suldal kunstlag

I Sauda har Ryfylkemuseet deltatt med konsultasjonar og praktisk arbeid ved etableringa av ei permanent utstilling av materiale som den tidlegare kulturminnenemnda i Sauda hadde samla. Utstillingen blei opna medio februar.

I Finnøy har museet lagt ned mye arbeid i ei veksthusutstilling som blei laga i samarbeid med bygdemuseet og kulturkontoret. Ryfylkemuseet deltok her både i arbeidet med innsamling av dokumentasjon, bearbeiding av materialet og i planlegginga og utføringa av utstillinga. Utstillinga blei opna på Judaberg 2. oktober, og blei seinare sendt ut på vandring i Finnøy og Rennesøy kommunar.

På Kolbeinstveit skipa ei gruppe som arbeider med bygdeutvikling til ei stor utstilling av lokal husflid og bygdehandverk som sto heile sommarsesongen.

Ryfylkemuseet rår over 16 anlegg med temautstillingar og miljøutstillingar spreidt rundt i Ryfylke. Av generelle grunnar, men også fordi Ryfylkemuseet vil bli eit besøksmål for fleire grupper under den store ICOM-kongressen i 1995, er



Kjell Johnsen og Lars Steinbru hentar never til taktekking.

det ønskjeleg å styrke formidlinga gjennom utvikling av utstillingane. Vi ønsker derfor ei betre tilrettelegging for publikum, ei betre levandegjering av historia og ei rehabilitering av eksisterande utstillingar. For å kunne gjera dette er det i første omgang utarbeidd ein plan for utvikling av utstillingane i Nesasjøhuset, på Kolbeinstveit, i Viga og i Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen. Det er dessutan tatt inn ein plan for betre skilting av anlegga i denne planen. Den samla kostnaden for dei foreslalte tiltaka er berekna til kr. 1.126.000 og det er sendt søknadar til fylkeskommunen og Norsk kulturråd om tilskott. Seinare vil ein söke tilskott også frå kommunane.

Publikasjonar

Ryfylkemuseet har dette året gitt ut tre publikasjonar:

«Soga om Sand», av Roy Høibo, 630 sider.

«Bygda sitt hjarta – Båtstoppestader i Ryfylke»,
av Njål Tjeltveit, 180 sider.

«FOLK i Ryfylke 1993», 152 sider.

«Soga om Sand» er tredje bindet av kultursoga for Suldal som Ryfylkemuseet har skrive for Suldal kommune og som kommunen også valde å gi ut i samarbeid med museet. Boka hadde eit opplag på 2000 eksemplar, og selde godt i tida frå ho blei presentert primo september og fram mot jul.

«Bygda sitt hjarta» er ei bok som tar lesarane med på ei reise attende til dei gamle kaiane i Ryfylke. Boka hadde eit opplag på 1000 eksemplar som blei utseld på 3 veker før jul. Da var rett nok en del av opplaget førehandsseld til kommunane i Ryfylke.

«FOLK i Ryfylke 1993» hadde øykultur som tema, og fekk ei omfang større enn noen gong. Samarbeidet med ei rådgjevande gruppe og samling om tema har vist seg å gi årboka eit nytt løft, og medlems- og abonnements-tilgangen er aukande. Særleg har responsen frå øyane vore god etter at årboka kom ut.

I tillegg til desse utgivingane har Ruth Anne Moen samarbeidd med Jelsa skule og Suldal kulturutval om utgiving av «Songar frå Jelsa», eit hefte på 48 sider som bygger på materiale frå folkemusikkarkivet og nyinnsamla materiale.

Museet har under førebuing ei bok om sau og geit i Ryfylke og Nord-Rogaland. Dette er eit bokprosjekt som har starta etter initiativ frå Hjelmeland sau- og geitalslag, og med støtte frå Hjelmeland og Finnøy kommunar. Arbeidet med finansieringa har kome så langt at Ryfylke-kommunane har løyvd det dei er blitt bedne om, medan ein ved årsskiftet avventar søknadsbehandlinga i kommunane i Nord-Rogaland og i sau- og geitavslaga og beitelaga.

Museet er også førespurt om å ta på seg forlagsansvaret for andre bøker som er under produksjon. Styret har vore noe etterhaldne til det omfanget forlagsverksemda kan få, men ser samtidig verdien av å gi ut bøker med kulturhistorisk innhald frå Ryfylke. Ein kan såleis rekne med at det vil komma minst ei bok i året frå Ryfylkemuseet dei nærmaste åra, attåt den årlege utgivinga av «FOLK i Ryfylke».

Forelesingar, kurs og rettleiingar

Tilsette ved Ryfylkemuseet har i meldingsåret halde ei rekke foredrag, forelesingar, kurs og rettleiingar. Størst interesse har det vore for materialet frå og konservatoren ved folkemusikkarkivet.

Ruth Anne Moen har bokført ikkje mindre enn 19 oppdrag i meldingsåret. Mellom institusjonane som har vore besøkt er Rogaland Musikkonservatorium, Nesvik eldresenter, NRK-Rogaland, Agder Musikkonservatorium, Ryfylke folkehøgskule, Ombo eldresenter, Sandnes sang- og musikkråd, Alernativrestivalen i Haugesund/Tysvær, Tasta barnehage, Utvandrarfestivalen i Stavanger, NRK-Folkemusikkhalvtimen, Sand skule, eldretreff i Jøsenfjorden, Skeie skule på Hundvåg, Ole Bull-akademiet og Øvre Vats skule.

Folkemusikkarkivet har også skipa til eit seminar om springaren i Suldal og ei stor kurshelg med musikk, dans og song på Gullingene Fjellstove. Den siste er eit årleg arrangement som samlar folkemusikkinteresserte i alle aldre frå heile fylket.

Andre tilsette har vore ute og halde foredrag for Sand husmorlag, Rennesøy Forbruksforening, og hatt undervisningstimar i grunnskulen, vidaregåande skule og folkehøgskulen.

Saman med Ryfylke folkehøgskule og Suldal reiselivslag skipa vi til eit guidekurs for folk som ønskte jobb i reiselivsnæringa i Suldal sommaren 1993.

UTVIKLINGSARBEID


Det er særleg 4 tiltak for vidare utvikling av museet eller nærskyldne tiltak som har gjort krav på ressurser i meldingsåret.

Norsk Vassdragsmuseum er det største av desse. Dette er eit tiltak som starta med eit initiativ frå Ryfylkemuseet i 1981 om etablering av museumsverksemd knytta til kraftutbygginga i Ryfylke, og som nå er i ferd med å bli eit nasjonalt museum for vassdragsmiljø og vassdragsutnytting. Arbeidet har vore gjennom ulike faser, men er dei siste to åra drive fram av Suldal kommune som har tilsett ein prosjektleiar i full stilling. Suldal kommune har også løvd dei midlane ein trur vil vera nødvendige for å realisere ideen om ei vassdragsmuseum. Ryfylkemuseet har i meldingsåret deltatt som medlem i ei referansegruppe for prosjektet og seinare i eit interimstyre. Ryfylkemuseet er mellom dei institusjonane som er foreslått innbedne som stiftarar av vassdragsmuseet, men styret har førebels ikkje tatt stilling til om det er aktuelt å delta i ein stiftelse.

Etter invitasjon frå bygdefolk på Jelsa har museet sidan 1990 deltatt som sekretariat for eit tiltak som har til formål å bygge eit nytt seilfartøy på Jelsa. Ved utgangen av meldingsåret var det ferdig eit forprosjekt for ein skonnertbrigg, utarbeidd av Hardanger Fartøyvernsenter og kosta av Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune. Forprosjektet vil danne grunnlag for vidare arbeid med muleg finansiering av byggeprosjektet.

Etter oppdrag frå Rennesøy kommune har Ryfylkemuseet greidd ut planar for eit kulturminnesenter i Rennesøy. Arbeidet blei utført som eit engasjement, der styraren blei fristilt frå anna arbeid i ein periode på 5 månader. Kostnaden blei dekka av Rennesøy kommune og DU-Ryfylke. Kulturminnesenteret er planlagt reist ved Sørbø kyrkje og er kostnadsrekna til kr. 6.500.000. Det blir nå søkt om tilskott til finansiering av tiltaket. Drifta av senteret er foreslått løyst gjennom eit samarbeid med Ryfylkemuseet og Arkeologisk museum i Stavanger.

For eigen del har Ryfylkemuseet arbeidd ei tid for å etablere ei verksemd kring vern av eldre bygningar. I samarbeid med Suldal vidaregåande skule er det utarbeidd planar for eit «Kompetansesenter for bygningsvern», og det blir arbeidd med finansiering av eit 3-årig forsøksprosjekt. Ved utgangen av meldingsåret hadde det kome fleire positive svar på søknadar om tilskott til tiltaket.



Museet har fått tilbod om å overta den gamle Ryfylke-jekta «Brødrene» som nå ligg ved Nesoddtangen utanfor Oslo.

Utanom desse enkelttiltaka, er det viktigaste utviklingsarbeidet Ryfylkemuseet er i gang med verkeleggjeringa av eit regiondekkande museumsstell. Etter at dei siste vedtaka blei gjort om tilslutning til stiftelsen, står vi nå føre det store arbeidet med å fylle organisasjonen med innhald. Arbeidet med ein samla plan for museumsarbeidet i Ryfylke hadde så smått starta ved utgangen av meldingsåret. Vidareføringa av dette må ha høg prioritet i det nye året.

AVSLUTNING

Styret vil takke alle som har gjort ein innsats for Ryfylkemuseet i 1993. Det gjeld dei frivillige medarbeidarane som har vist å nytte anlegga til museet på ein måte som har skapt interesse mellom folk flest. Det gjeld dei tilsette som har vist stor innsatsvilje og evne til å finne gode løysingar under arbeidsforhold som ikkje alltid er like godt tilrettelagte. Og det gjeld dei som har talt vår sak i ulike beslut-

ningsorgan. Styret finn det særleg gledeleg at dei lokale avisene finn interesse for arbeidet til museet, men har også merka seg den bruken NRK har gjort av stoff frå folkemusikkarkivet.

Sand, 31. desember 1993/15. februar 1994

Børge Skeie Trygve Brandal Ellen Skogland Pedersen

Gaute Berge Nisen Gunnar Ulland Jorunn K. Risa

Halvdan M.Hansen

**Årsmeldinga blei godkjent utan merknader i årsmøte
24. mars 1993.**

Rekneskap 1993

Inntekter og utgifter innafor tilskotsordninga(driftsrekneskap)

Eigeninntekt	71.818,48
Bilettinntekter	43.529,15
Leigeinntekter	0
Andre inntekter	67.916,77
Tilskotsordning	1.398.510,00
Andre tilskot	85.587,83
Gåver	20.000,00
Renteinntekter	27.683,15
Sum inntekter	1.643.226,90
 Lønn faste	 608.548,48
Lønn andre	255.924,83
Arb.giv.pensjon m.m	29.478,55
Arb.giv.avgift	86.766,48
Sum lønn/avgifter	980.718,34
 Inkjøp(inventar/utstyr)	 88.736,97
Vedlikehald(bygn/anlegg)	99.445,11
Kontorutgifter	109.667,64
Husleige,straum,forsikring	181.373,00
Reiseutgifter	72.018,05
Vedlikehald samlinger/utstyr	11.589,40
Udstillingsmateriell	37.497,52
Dokumentasjonsutgifter	24.278,63
Andre utgifter	51.403,96
Sum andre driftsutgifter	676.010,28
Sum utgifter	1.656.728,62
Resultat drift	13.501,72

Inntekter og utgifter utanfor tilskotsordninga (Prosjektrekneskap)

Varesalg	210.241,10
Andre inntekter	25.370,00
Folkemusikkhelg	34.525,00
Medlemspenger	50.930,00
Ref.trygdekontoret	1.338,00
Tilskot fylke	62.170,00
Tilskot kommune	508.173,69
Ref.RAM	15.627,13
Gåver	225.074,56
Renteinntekter	41.402,00
Forbruk overf.løyving	880.899,70
Sum ekstraordinære inntekter	2.055.751,18
 Lønn	 598.413,77
Arb.gj.pensjon	23.724,45
Arb.gj.avgift	75.614,52
Sum lønn/avgifter	697.752,74
 Inventar/utstyr	 6.777,10
Varekjøp	182.410,06
Dokumentasjons utgifter	1.243
Handverkar	117.487,94
Arkivar	59.529,50
Bygdebokskrivar	13.673,49
Andre utgifter	17.173,00
Prosjektleiar	42.439,95
Forskar	40.323,25
Mulige Prosjekter	2.500,00
Nesa-sjøhuset	389.608,85

Hustveit	29.958,12
Viga-hagen	3.401,00
Andre nyannlegg	6.410,00
Folkemusikkhelg	38.342,50
Sum andre utgifter	951.277,76
Sum ekstraordinære utgifter	1.649.030,50
Forbruk overf.løyving	567.592,00
Resultat	160.871,31
Samla resultat	174.373,04

Sand 15.februar 1994

Børge Skeie – formann

Gunnar Ulland Åse Toril Jensen Trygve Brandal

Ellen Skogland Ommund Berge Ingebrigtsen Botnen

**Rekneskapen blei godkjent utan merknader
i årsmøte 24. mars 1993**

Balanse	
Eigendeler	
Kasse	1.215,62
Postgiro	199.070,33
Bank skattetrekk	58.147,00
Bank SR	324.131,84
Bankinnskudd	344.722,00
Sum omløpsmidler	927.286,79
Gjeld	
Interimskonto	76.592,00
Utg.MVA	0
Ing.MVA	0
Avrekning. Fylk.sk.sjefen	0
Overf.Bevilgningar	567.592,00
Sum kortsiktig gjeld	644.184,00
Eigenkapital	457.819,83
Årets resultat	- 174.717,04
Sum eigenkapital	283.102,79
Sum passiva	927.286,79

REVISJONSBERETNING FOR 1993

Vi har revidert årsregnskapet for Ryfylkemuseet for 1993.

Revisjonen er utført i samsvar med instruks og gjeldende lover og forskrifter om regnskap og revisjon.

Vi har gjennomført de revisjonshandlinger som er ansett nødvendige for å bekrefte at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler, samt kontrollert utvalgte deler av grunnmaterialet som underbygger regnskapspostene.

Regnskapet tilrås godkjent med underskudd kr. 174.373,04 som forutsettes dekket av egne midler.

Fylkesrevisjonssjefen, 19. mai 1994

Aase M. Fjellanger

Ellen Halvorsen

BØKER OG HEFTE FRÅ RYFYLKEMUSEET

<i>Bedehuskulturen</i> av Njål Tjeltveit.....	148,-
<i>Blandt silkebus og bønder</i> av Roy Høibo	78,-
<i>Bygda sitt hjarte</i> av Njål Tjeltveit	170,-
<i>Då besta va' ung</i> av Roy Høibo	25,-
<i>Folkemusikkformidling</i> av Ruth Anne Moen	120,-
<i>Folkemusikk frå Rogaland</i> av Ruth Anne Moen	10,-
<i>Folk i Ryfylke 2/84–2/87</i>	45,-
<i>Folk i Ryfylke 1/87–1/89</i>	78,-
<i>Folk i Ryfylke 1990–1991</i>	78,-
<i>Folk i Ryfylke 1992–</i>	80,-
<i>Frå torvskurd til tingsal</i> av Lars Hellemo	78,-
<i>Geiterams</i> av Jon Moe	100,-
<i>Hjelmeland – Bilete fra Farne år</i> av Njål Tjeltveit og Roy Høibo	248,-
<i>Jelsa Kyrkje</i> av Roy Høibo	30,-
<i>Krigsåra i Hjelmeland</i> av Njål Tjeltveit/Trygve Brandal	90,-
<i>Krigsåra i Ryfylke</i> av Njål Tjeltveit	196,-
<i>Med båt og buss</i> av Njål Tjeltveit	188,-
<i>Rogalandsbunaden</i> av Alvhild Flatabø Bårdesen	158,-
<i>Ryfylkevegen</i> – Kulturhistorisk vegbok av Roy Høibo og Njål Tjeltveit	30,-
<i>Soga om Sand</i> av Roy Høibo	300,-
<i>Songar frå Jelsa</i> av Øystein Haga og Ruth Anne Moen	75,-
<i>Suldal kultursoge</i> , Gamle Suldal av Hallvard Hoftun	200,-
<i>Suldal kultursoge</i> , Jelsa II av Ola Foldøy	200,-
<i>Ulla Førre</i> – Norges største vasskraftprosjekt av Roy Høibo	188,-
<i>50 år i opposisjon</i> av Roy Høibo	65,-
<i>Åbø-byen</i> av Roy Høibo	30,-

Vi har også et utvalg av CD/MC med norsk folkemusikk

Publikasjonane kan tingast hos RYFYLKEMUSEET, Postboks 143, 4230 Sand
Tlf.: 52 79 73 77

NJÅL TJELTVEIT

ETTERKRIGS- *Ryfylke*



50 ÅR I FORANDRING

Ny bok av Njål Tjeltveit

Njål Tjeltveit, kultursjefen i Hjelmeland, som i fjor hadde stor suksess med boka «Bygda sitt hjarte – Båtstoppestader i Ryfylke», kjem i år med ny bok om etterkrigstida i Ryfylke.

«Etterkrigs-Ryfylke – 50 år i forandring» er ei bok på 180 sider, rikt illustrert med bilde frå vår nære fortid.

Pris kr. 228,-

portofritt tilsendt i posten.

Kan tingast hos
Ryfylkemuséet,
4230 Sand.
Telefon: 52 79 73 77

RYFYLKEMUSÉET

ISBN 82-90271-12-3